



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# ÅRSRAPPORT 2017



## Årsrapport for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017

Foto framside:

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland møttest til felles drøftingsmøte i Gulen 27. oktober 2017.

Foto: Gøril Sætre

# Innhold

- 
- Side 4 Året 2017 - slik fylkesråmannen ser det  
Side 10 Fakta om Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Side 12 Hendingar 2017
- 

**Side 14 Økonomi**

- Rekneskap
  - Byggerekneskap
  - Eigarmelding
  - Innkjøp
- 

**Side 30 Regional utvikling**

- Regionreforma
  - Vestlandsrådet
  - Planarbeid
  - Klimaarbeid
  - Internasjonalt arbeid
- 

**Side 49 Resultat og aktivitetar**

- Næring og kultur
  - Opplæring
  - Samferdsle
  - Tannhelsetenesta
  - Bygg og eigedom
- 

**Side 108 Organisasjon**

- Fylkeskommunen som arbeidsgjevar
- Likestilling, likeverd og mangfald
- Forvaltningsrevisjon og internkontroll

# ÅRET 2017 – FYLKESRÅDMANNEN HAR ORDET

Medan vi i 2016 hadde ein folketalsvekst på nær 700 i fylket vårt, hadde vi ingen vekst i 2017. Endringa skuldast i stor grad redusert innvandring og høg utvandring. På landsbasis auka folketalet berre med 0,7 prosent i 2017, og dei fleste fylka låg då i intervallet 0,0–0,7 prosent.

Dei same tendensane såg vi innad i Sogn og Fjordane. Medan vi i 2016 hadde vekst i 21 av 26 kommunar, var tilsvarande tal i 2017 nede i 8 av 26. Fleire av kommunane hadde likevel gode tal, og både Solund, Sogndal, Luster, Gauldal, Eid og Gloppen hadde ein vekst på mellom 1,3 og 1,6 prosent.

## REGIONAL PLANSTRATEGI

Etter mi oppfatning gjorde vi mykje godt arbeid på plansida i 2017. Nokre av planane er jamvel avgjerande for at vi skal få gjort naudsynte prioriteringar. Eg meiner likevel at den regionale planstrategien som fylkestinget vedtok i 2016, er for omfattande. Eg er òg usikker på om vi greier å handtere kombinasjonen av geografiske og tematiske planar godt nok. Dei regionale planane våre må samla sett vere nokolunde innbyrdes avstemte for at vi skal ha eit truverdig system.

Kanskje den beste løysinga hadde vore å gå ut frå hovudutvalsstrukturen vår. På det grunnlaget kunne vi invitert staten, kommunane, næringslivet og frivillige til å lage breie, partnarskapsbaserte planar, ein for kvart utval. Fylkestinget kunne i forkant gitt felles tverrgående føringar som alle måtte følgje. Desse kunne t.d. omhandle folkehelse og klima. Kanskje kan dette vere noko for det nye vestlands-fylket? For her har vi alt ein intensjonsplan, ein definert hovudutvalsstruktur og eit godt sett av politiske målsettingar.

## REGIONREFORMA

Fylkestinget vedtok intensjonsplanen om samanslåing med Hordaland 2. februar 2017. Den etterfølgjande debatten bar, slik eg ser det, vel mykje preg av at fylkestinget hadde sagt «ja» til samanslåing utan garanti for at vi vart tilført nye oppgåver.

Regjeringa kom med nokre nye oppgåver i april, og Stortinget supplerte med nye oppgåver i juni. Oppå dette kjem ev. oppgåver Stortinget sluttar seg i 2018, etter at tilrådinga frå ekspertutvalet no ligg føre.

Dersom eit fleirtal i Stortinget ønskjer å styrke det regionale folkevalde nivået, har det no alle moglegheiter til å gjere nettopp det!

Fylkestinget sette også som vilkår for å gå inn i ein ny region med Hordaland, at tal fylke/regionar på landsbasis vart om lag ti. Dette imøtekomm Stortinget då det vedtok regionreforma 8. juni 2017.



Foto: Oskar Andersen

## STORE VERDIAR I SOGN OG FJORDANE

Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge formuesverdiar og høge lokale inntekter. Det vart akseptert i forhandlingane med Hordaland, og kjem til uttrykk ved at Sogn og Fjordane i intensjonsplanen får høve til å halde desse verdiane utanfor regionetableringa i 2020. Denne aksepten vart teken opp att på fylkestinga i Gulen i oktober 2017 og er viktig for fylket vårt.

Fylket kan etter dette legge verdiar i eigne investerings- og disposisjonsfond, men det samla fondsbeløpet skal ikkje overstige 1,5 mrd. kr. Det betyr at heile beløpet frå salet av Fjord1 AS, og det fylkeskommunen ev. har av bokførte aksjeverdiar i SFE AS/SF Holding AS 01.01.2020 kan plasserast i slike fond.

Fellesnemnda skal vedta vedtekter for fondet, og det nye fylkestinget vil delegera forvaltninga til eit fondsstyre, med fleirtal av representantar frå Sogn og Fjordane.

Teksten i intensjonsplanen omtaler aksjeposten vår i SFE AS. Fylkestinget gav i desember 2016 fylkesrådmannen i oppgåve å arbeide vidare med å sikre at verdiane som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i selskapet, blir verande i fylket. I same vedtak bad fylkestinget om at aksjane i SFE AS vart overførte til Sogn og Fjordane Holding AS.

Det siste gjorde vi i mars 2017, noko som opnar for at vi, gjennom holdingselskapet, ev. kan låne midlar for å investere meir i SFE AS.

Våren 2017 vart eigarane i SFE AS utfordra til å tilføre selskapet 350 mill. kr (jf. Østerbø mv.). Eg tilrådde då at vi skulle gå inn med 120 mill. kr, eit beløp fylkestinget auka med nær 50 mill. kr. Dei fleste av eigarkommunane tok også del i emisjonen, som resulterte, isolert sett, i at fylkeskommunen sin (indirekte) eigapost i SFE AS auka til 49,6 prosent.

Fylkesutvalet og fylkesrådmannen vurderer no på kva måte vi best kan ta vare på SFE-verdiane i dagens fylke. Fondsløysinga kan vere ein modell. Ein annan kan vere ei meir kommuneretta løysing. Modellen vi vel må uansett vere slik at han er tilpassa intensjonsplanen vi har med Hordaland. Han må dessutan ikkje utfordre den ev. forkjøpsretten som måtte ligge i SFE AS.

Samtidig vurderer SFE AS kva som er ei god og framtidsretta løysing for selskapet. Her vurderer selskapet både fusjonar i fylket og større løysingar på Vestlandet.

For fylkeskommunen er det positivt å konstatere at samarbeidet vi har etablert med SFE AS fungerer godt, innafor dei rammer lova føreskriv.

## ANDRE FYLKESKOMMUNALE EIGARSKAPAR

For ti år sidan vedtok fylkestinget at fylkeskommunen skulle lage ei årleg eigarmelding, eit dokument som gav rammer og rutinar for det generelle eigarskapsarbeidet. Og meir konkret, korleis vi skulle forvalte dei einskilde eigapostane. Meldinga omfattar både aksjeselskap, IKS-ar, interkommunale samarbeidstiltak, stiftingar og gjensidige selskap.

Då fylkestinget handsama den siste av desse meldingane - i oktober 2017 - fekk det utarbeidde dokumentet mange godord. Og det meiner eg faktisk er fortent!

Dokumentet har funne ei god form, og det utviklar seg stadig. Det er óg interessant at mange sakhandsamarar gjennom åra har teke del i arbeidet med eigarmeldingane. Det viser at administrasjonen, saman med fylkesutvalet og fylkestinget,

klarar å halde stø kurs, sjølv om vi opplever skifte av medarbeidarar.

Ekstra moro er det når også andre fylkeskommunar lovpriser arbeidet vårt på dette feltet, deriblant representantar for våre gode naboar i sør.

## REKNESKAPEN FOR 2017 - NOK EIT GODT RESULTAT

Rekneskapen for 2017 viser eit driftsoverskot på 44,5 mill. kr. Det er noko over gjennomsnittet dei fire siste åra.

Vi nyttar netto driftsresultat som indikator på kor godt resultat ein fylkeskommune har. For fylkeskommunar er det no tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 prosent (av samla driftsinntekter). Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde i 2017 netto driftsresultat på 334,2 mill. kr., dvs. 10,5 prosent. Tilsvarande tal i 2016 var på 214,9 mill. kr. (6,8 prosent). Den høvesvise sterke auken i netto driftsresultat skuldast i hovudsak to forhold: meirinntekter på rente/utbytte med om lag 62 mill. kr og mindreutgifter på avdrag med om lag 52 mill. kr.

I budsjettstyringa skil vi mellom anslagsløyvingar og ordinære løyvingar. Anslagsløyvingane er kjenneteikna av at dei er lite «styrbare». Det betyr at sluttresultatet på postane er avhengig av faktorar som ligg utanfor fylkeskommunal kontroll. Ordinære løyvingar er styrbare løyvingar, der fylkeskommunen i stor grad skal ha kontroll på sluttresultatet.

For dei styrbare løyvingane bør vi ha budsjettdekning for tenestene vi yter. Med sterkt sokjelys på budsjettdisiplin vert difor ikkje alle budsjettpostar nyitta fullt ut; vi styrer så nært opp til 100 prosent som råd. Det gjev innsparinger på ein god del postar, og forklarar at vi kjem ut med ei samla innsparing på sektorlivået på 24,8 mill. kr. Dei største mindreforbruka på sektorlivået ligg på sektorane forvaltning og opplæring.

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare» løyvingar. Samla fekk vi i 2017 ei netto meirinntekt/innsparing her på 19,7 mill. kr. Skatt og rammetilskot er hovudpostane og utgjorde nær 2,4 mrd. kr i 2017. På desse to postane fekk vi ei meirinntekt på om lag 6,7 mill. kr. Vidare fekk vi meirinntekter knytt til premieavvik (pensjon), konsesjonskraft og renter.

## FYLKESØKONOMIEN - OVERORDNA RAMMER

Kommuneproposisjonen for 2015 kom for snart fire år sidan og sette oss under hardt press. Vi vart førespøglia ein årleg inntektsreduksjon på 290 mill. kr frå og med 2019 - som lekk i eit heilt nytt system for inntektsfordelinga mellom fylkeskommunane.

Fram til 2019 skulle altså inntektene våre trappast ned med nær 60 mill. kr i året.

Vi har prøvd å tilpasse oss dette gjennom ein tredelt strategi:

- For det første måtte vi betre inntektsutsiktene ved å få trappa opp den innlagde tapskompensasjonen i systemet.
- For det andre måtte vi vurdere ei rekke innsparinger i den løpende drifta.
- For det tredje måtte vi få realisert delar av eigarpostane våre.

Frå 2015 til 18 er dei systemfordelte inntektene våre kutta kvart år slik at vi i 2018 er teke ned med til saman 230 mill. kr (brutto). Vi har i denne perioden, med god støtte i Stortinget, klart å få på plass ein tapskompensasjon som samtidig er trappa

opp til 105 mill. Det betyr at det reelle tapet i 2018 blir på ca. 125 mill. kr. Vi blir etter systemet tatt ned med nye 60 mill. kr i 2019. Spørsmålet då blir kor mykje av dette vi får dekka gjennom ei ev. vidare opptrapping av nemnde kompensasjon.

På driftssida har vi fått på bordet nær 60 utgreiingar som kan gje årlege innsparinger på ca. 160 mill. kr. Både fylkestinget og dei tilsette har her bidrige positivt. Det har likevel vist seg tungt å få godkjent nokre av desse utgreiingane.

På eigarsida står sjølv sagt salet av eigarposten i Fjord1 i ei særstilling. Men i tillegg har vi avhenda tomter og bustader i eit noko større omfang enn det som har vore vanleg.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har no starta arbeidet med eit heilt nytt inntektssystem, som det vil legge fram i mai 2019. Det nye systemet vil tre i kraft frå 2020 og vil fordele den nasjonale ramma på dei nye regionane. Det er viktig at det nye systemet får i seg så gode fordelingsmekanismar at ein slepp å bygge inn tunge kompensasjoner for regionar som kjem urimeleg dårleg ut.

## TUNGE OG VIKTIGE INVESTERINGAR FRAMOVER

Dei økonomiske utsiktene til fylkeskommunen har dei siste åra vore både krevjande og usikre. God økonomistyring, framleis gode rekneskapsresultat og realisering av store verdiar har likevel bidrige til at vi i 2017 vurderte det som fagleg forsvarleg å satse på nye investeringar. Det politiske ønsket om å syte for at verdiar som er skapte i fylket, også blir brukte lokalt, peiker i same retning.

Fylkestinget vedtok i juni 2017 å auke investeringsvolumet med 1,5 mrd. kr i økonomiplan 2018-2021, samanlikna med økonomiplanen for 2017-2020.

Auken er eit nettobeløp, slik at mva-refusjonar/kompensasjonar, anleggsbidrag, bompengar og ulike statlege tilskot kjem i tillegg.

I september 2017 vedtok finansutvalet å dele nemnde nettoauke likt mellom veganlegg og byggprosjekt.

I sum bidrog dette til at økonomiplanen (2018-21) førte opp bruttoinvesteringar til veganlegg for 3,5 mrd. kr. For åra 2018-19 ligg det inne anlegg til 1 mrd. kr, medan tilsvarande beløp for 2020-21 er 2,5 mrd. kr. Dei største prosjekta er

- Ytre Steinsund (ferjeavløysing, 770 mill. kr, 2019-21)
- Førdepakken (433 mill. kr)
- skredsikringa av Flovegen (494 mill. kr) og Ljoteli (290 mill. kr)
- tunnelprosjekta til Blakset (243 mill. kr) og Seimsdalen (271 mill. kr)

Brutto investeringsnivå for byggprosjekta er på 1,3 mrd. kr. Desse prosjekta vil utløyse brutto investeringar på 430 mill. kr etter 2021.

Dei største årsfordelte byggprosjekta (2018-21) er rehabiliteringa ved Måløy vg. skule (90 mill. kr) og fellesmagasinet/musea (88 mill. kr). Av dei nye, og førebels ikkje årsfordelte prosjekta, vil skulesatsinga i Førde (Øyrane) koste ca. 580 mill. kr. Delar av beløpet vil påløpe etter 2021, og storparten av heile investeringa vil vere sjølvfinansierande.

## SLUTTORD

---

Den fylkeskommunale årsrapporten med tilhøyrande rekneskap er den viktigaste attendemeldinga fylkesrådmannen gir til fylkestinget. Begge delar er heimla i kommunelova § 48.

Eg vil takke fylkestinget for godt samarbeid også i 2017. Eg vil også takke medleiarar, tilsette og organisasjonane for eit godt og utviklande samarbeid.

Eg vil denne gongen særleg takke for det gode samarbeidet vi har hatt - og framleis har - om den føreståande regionreforma. Det gode forholdet mellom politisk side og dei mange tilsette, vil vere avgjerande viktig for at Sogn og Fjordane skal kome godt ut av denne prosessen.

Leikanger, 31. mars 2018

Tore Eriksen  
fylkesrådmann



Dagsturhytteprosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunane i fylket. Hyttene blir bygde hjå Reksnes Byggjevarer i Masfjorden, sende med båt til Sogn og Fjordane og så flogne på plass til der dei skal stå.  
Biletet er frå monteringen av hytta i Fugledalen i Jølster.  
Foto: Eilif Rosnæs



# FAKTA OM SOGN OG FJORDANE

## HOVUDANSVARSMRÅDE

- vidaregåande opplæring
- tannhelse
- samferdsle
- kultur
- næringsutvikling
- fylkesvegar
- energipolitikk
- planlegging

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane styrer fylkeskommunen ved å velje representantar til fylkestinget kvart fjerde år. Fylkestinget er det øvste politiske organet i fylkeskommunen.

**Vidaregåande opplæring** for ungdom og vaksne er det største tenesteområdet. Vi har tolv vidaregåande skular med plass til vel 4400 elevar, og har òg ansvar for at lærlingar og lærekandidatar får vidaregåande opplæring i bedrift.

**Kultursektoren** tek vare på kulturminne av regional og nasjonal verdi. Vi forvaltar spelemiddelordninga, driftar Den kulturelle skulesekken og fylkes- og distriktsmusikarordningane. Vi stimulerer det profesjonelle kunst- og kulturlivet i fylket, støttar opp om frivillig sektor, og legg til rette for ei aktiv ungdomstid.

Fylkeskommunen er største **vegeigar** i fylket med totalt 2607 km fylkesveg og har også ansvar for **kollektivtrafikktilbodet** i Sogn og Fjordane. Vi har fleire ordningar som er etablerte for å gje ulike grupper eit trygt og godt offentleg transporttilbod.

Vi arbeider med **planlegging** etter plan- og bygningslova og samarbeider tett med og rettleiar kommunane. Viktige omsyn er folkehelse, tettstadforming, prinsippet om universell utforming, omsynet til oppvekstvilkår for barn og unge og estetisk utforming.

Det er ei overordna oppgåve for fylkeskommunen å leggje til rette for **næringsutvikling** i heile fylket. Vi er med og gjer det mogleg å skape nye arbeidsplassar og næringar, samstundes som vi vidareutviklar eksisterande næringar.


**Den offentlege tannhelsetenesta** behandler alle grupper klientell. Tenesta er no inne i eit organisasjonsutviklingsarbeid for å gje endå betre tenester til innbyggjane våre.

## POLITISK ORGANISERING


Sogn og Fjordane fylkeskommune vert styrt etter formannskapsprinsippet.

- Fylkestinget har 31 medlemer.
- Fylkesutvalet har ni medlemer.
- Fylkeskommunen har tre hovudutval, kvart med ni medlemer:
  - hovudutval for samferdsle
  - hovudutval for opplæring
  - hovudutval for næring og kultur
- Kontrollutvalet har fem medlemer.

## Politisk organisering



## Administrativ organisering



# HENDINGAR 2017



Foto: Arlen Bidne

Riksantikvaren vedtok å frede eigedomen og kunstnarbustaden Heimdalstrand i Balestrand.

Thea Hjelmeland turnerte med DKS. Spelte for til saman over 4000 elevar i fylket.



Foto: Ida Falkgjerdet Svå

205 fagarbeidrar fekk fagbrevet sitt 17. mars. Det vart også delt ut sveinebrev, kompetansebrev og meisterbrev under seremonien på Hotel Alexandra.

Fylkeskommunen godkjende spelemiddelsøknadar om til saman 211 millionar – ein rekordstor sum for fylket.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Det europeiske prosjektet P-IRIS, som fylkeskommunen leiar, vart sparka i gang i Sogndal.

Kongevegen over Filefjell fekk fleire prestisjetunge, europeiske priser under European Heritage Awards Ceremony i Finland.

JANUAR

MARS

MAI

FEBRUAR

APRIL

JUNI

Flora vidaregåande skule fekk millionstøtte frå Norad til eit prosjekt i Malawi, som skal utdanne 460 malawiske elevar innan ulike yrkesfag.

Kollektivbarometeret syntet at bussjåførar og mannskap på båt og ferjer i Sogn og Fjordane er best likte av alle i heile landet.



Foto: Thor-Aage Lillestøl

300 ungdomar frå heile fylket fylte Høyanger med liv og røre under UKM-festivalen Sogn og Fjordane.

Leif Magne Sylvarnes fekk kulturlandskapsprisen. Prisen vart delt ut for første gong i 2017.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fordelinga av spelemidlane vart klar. Gaular var kommunen i fylket som fekk mest per innbyggjar.

Stortinget vedtok at Sogn og Fjordane og Hordaland skal slåast saman frå 01.01.2020.





Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Utdanningsdirektoratet la fram førebelse fråværstal for sist skuleår, noko som synte at elevane i Sogn og Fjordane er dei mest pliktoppfyllede og dei med lågast timefråvær i landet.

Uvær med flaum og skred gjorde store skadar på fv. 60 i Utvik, noko som gjorde at vegen vart stengd i lang tid.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn Jord- og Hagebrukskule markerte 100-årsjubileet til skulen og feira tre dagar til ende.


Fylkeskommunen var med og arrangerte eit internasjonalt hydrogenseminar i Florø. 130 personar frå 11 land deltok.



Foto: Heidi Hattestad

Dronninga vitja Firda vidaregåande skule for å overrekke Dronning Sonjas skulepris for likeverd og inkludering 2017.

Hovudutval for næring og kultur vedtok å gje fylkeskulturprisen 2017 til Kristin Sønnerheim for hennar over 50-årige arbeid med å gjere Aurlandsdalen tilgjengeleg for ålmenta.



Den nasjonale klimakonferansen vart arrangert i Sogndal. Delta-karane fekk mellom anna høve til å måle klima-/CO<sub>2</sub>-avtrykket sitt og teste el-sykkel

Stryn vidaregåande skule starta det nye skuleåret med oppstart av ny landsline i skiskyting



Foto: Sebastian Langvik-Hansen /Lillehammer 2016

Fylkesordførar Jenny Følling opna Newton-rommet i Florø, ei storsatsing på realfag og teknologi i kystbyen.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland møttest til felles drøftingsmøte i Gulen.



Foto: Gøril Sætre/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes opna den nye maskinromssimulatoren ved fagskulen i Måløy. Det er ein av landets største og mest moderne i sitt slag i fagskulesamanheng.

Fylkestinget vedtok veginvesteringar for 3,5 mrd. kr dei neste fire åra.


Den første dagsturhytta i fylket opna i Trivselsskogen på Sandane.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

# ØKONOMI

Foto: Eikeseth Nygjerd Fotografi, SFE



# REKNESKAP

Dei siste åra har vi gjort opp rekneskapen til fylkeskommunen med overskot. Overskotet for 2017 er 44,695 mill. kr. Det er om lag som gjennomsnittet dei siste fire åra. 24,8 mill. kr av overskotet skriv seg frå innsparingar på sektornivå, medan 19,8 mill. kr er innsparingar på fellesinntekter/-utgifter.

## DRIFTSREKNEKAPEN

Økonomisk oversikt - drift (mill. kr)	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Skatt på inntekt og formue	621,449	621,079	609,784	571,360	546,979
Rammetilskot	1747,463	1 754,548	1 754,478	1 738,050	1 566,237
Andre statlege overføringer	96,869	209,308	216,558	221,268	164,609
Andre driftsinnt. ekskl. renter	339,068	611,842	568,394	501,660	567,119
Sum driftsinntekter	2804,849	3 196,778	3 149,214	3 032,338	2 844,944
Driftsutgifter ekskl. avskrivningar	2491,428	2 837,968	2 795,487	2 745,398	2 677,744
Brutto driftsresultat	313,420	358,810	353,728	286,940	167,200
Renteinntekter inkl utbytte	142,364	148,799	86,307	65,299	73,897
Renteutgifter	50,500	49,898	50,627	55,521	58,309
Avdrag på lån	123,536	123,523	174,521	134,392	116,075
Netto driftsresultat	281,748	334,187	214,886	162,326	66,713
Bruk tidl. år mindreforbruk	14,540	14,540	57,978	43,535	45,502
Bruk av disposisjonsfond	18,399	103,814	145,605	57,352	200,946
Bruk av bundne fond	13,279	160,455	179,787	267,013	161,429
Sum bruk av avsetninger	46,218	278,809	383,370	367,901	407,877
Avsett til disposisjonsfond	316,572	391,547	355,381	244,611	222,612
Avsett til bundne fond	0,350	166,878	187,704	159,979	123,738
Overført til investeringsrekn.	11,044	9,876	40,631	67,658	84,704
Rekneskapsmessig meir- /mindreforbruk	0,000	44,695	14,540	57,978	43,535

Tabell 1




Diagram 1

### Netto driftsresultat

Vi nyttar ofte netto driftsresultat som indikator på kor god økonomi ein kommune eller fylkeskommune har. Det er tilrådd at fylkeskommunen har eit netto driftsresultat på minst fire prosent (av samla driftsinntekter). Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit netto driftsresultat på 334,2 mill. kr for 2017. Det utgjer 10,5 prosent, mot 6,8 prosent i 2016. Det er særleg to forhold som utgjer den store auken:

- meirinntekter på rente/utbytte med om lag 62 mill. kr
- mindreutgifter på avdrag med om lag 52 mill. kr

Fylkeskommunane samla har eit netto driftsresultat på 4,2 prosent i 2017.

### Lokale inntekter

Lokale inntekter er eit «samleomgrep» på inntektene Sogn og Fjordane fylkeskommune har på omsetjing av konsesjonskraft og utbytte, i hovudsak frå Fjord1 og SFE. Dette er inntekter som kan svinge mykje frå år til år. Det er difor innført ein «handlingsregel» som tilseier at vi brukar 40 mill. kr til driftstiltak, medan det overskytande vert saldert mot fond (lokale inntekter). I samband med at lokale inntekter framover berre vil vere omsetjing av konsesjonskraft er «taket» for bruk til driftstiltak redusert frå 60 mill. kr til 40 mill. kr frå og med 2017.

Den sterke auken i utbytte i 2017 er utbetaling av utbytte frå Fjord1 for åra 2015 og 2016 i samband med salet av aksjane i selskapet.

Lokale inntekter i mill. kr	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Konsesjonskraft	46,500	50,598	43,643	51,818	54,973	73,488	60,680	90,865
Utbytte	112,050	112,050	58,536	37,283	49,371	58,325	32,886	45,336
Sum lokale inntekter	158,550	162,648	102,179	89,101	104,344	131,813	93,566	136,201

Tabell 2

### Renter og avdrag

Nivået på rente- og avdragsbelastninga i prosent av samla driftsinntekter har blitt redusert frå 7,1 prosent til 5,4 prosent frå 2016 til 2017. Dette betyr at vi nyttar 5,4 prosent av alle inntektene til fylkeskommunen til å dekke renter og avdrag. Reduksjonen i 2017 skuldast at fylkeskommunen tidlegare har hatt som strategi å nytte eit ev. handlingsrom i driftsbudsjettet til å betale ekstra avdrag. I budsjettet for 2017 «reverserte» vi løyvinga til ekstraordinære avdrag for å auke handlingsrommet i driftsbudsjettet.

Avdragsbetaling på langsiktig gjeld i drifta utgjorde 123,5 mill. kr i 2017. Tilsvarande tal i 2016 var 174,5 mill. kr.

Brutto renteutgifter for 2017 er på om lag 49,7 mill. kr. Det er om lag som i 2016.




Diagram 2

### Driftsutgifter spesifisert sektorvis

Sektor (mill. kr)	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Prosentvis vekst
Forvaltning og fellesutgifter	146,204	144,478	1,2
Opplæring	848,235	835,590	1,5
Tannhelse	83,253	83,140	0,1
Næring og kultur	171,901	158,385	7,9
Samferdsle	932,154	954,546	-2,4
Sum	2 181,747	2 176,138	0,3

Tabell 3

Sum netto driftsutgifter har auka med 0,3 prosent fra 2016 til 2017. Realnedgangen er -2,4 prosent dersom vi tek omsyn til løns- og prisveksten for kommune-sektoren på 2,7 prosent. Samferdsle har nedgang i netto driftsutgifter, medan alle dei andre sektorane har auke. Den store auken på næring og kultur med 7,9 prosent skuldast i hovudsak auka løyving av KMD-midlar i 2017 samanlikna med 2016.

### Budsjettavvik

Sektor (mill. kr)	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Avvik
Forvaltning og fellesutgifter	154,217	146,204	8,013
Opplæring	861,240	848,235	13,005
Tannhelse	83,278	83,253	0,025
Næring og kultur	173,882	171,901	1,981
Samferdsle	933,989	932,154	1,835
Sum sektornivå	2 206,606	2 181,747	24,859
Felles utgifter og inntekter	-2 206,606	-2 226,422	19,836
Rekneskapsresultat	0,000	-44,695	44,695

Tabell 4

### Fellesinntekter- og utgifter

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare» løyvingar. Samla fekk vi her ei netto meirinntekt/innsparing på 19,8 mill. kr i 2017.

Skatt og rammetilskot er hovudinntektskjeldene og utgjorde nær 2,4 mrd. kr. i 2017. På desse to inntektspostane fekk vi ei meirinntekt på om lag 6,7 mill. kr. (0,28 prosent). Vidare har vi meirinntekter knytt til

- premieavvik, pensjon osv. på 7 mill. kr
- konsesjonskraft og renter på 6 mill. kr

#### Sektornivået

Sektornivået i fylkeskommunen har ei netto utgiftsramme på vel 2,2 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 24,8 mill. kr har sektorane, sett under eitt, ei budsjett-gjennomføring på om lag 99,1 prosent. Det meiner fylkesrådmannen er svært bra.

**Forvaltning** står for netto 8,0 mill. kr av innsparingen. Dei største postane med mindreforbruk er politisk styring/kontrollutval (1,3 mill. kr), administrasjon og administrasjonslokale (4 mill. kr) og lokal og regional utvikling (1,2 mill. kr).

**Opplæringssektoren** har eit samla mindreforbruk på 13 mill. kr i 2017. Dei største postane med mindreforbruk er vedlikehald og drift av skulebygg (4,7 mill. kr), pedagogiske fellesutgifter (2,6 mill. kr) og tilpassa opplæring (4,8 mill. kr). Den største posten med meirforbruk er fellesutgifter og støttefunksjonar (-1,1 mill. kr).

Dei vidaregåande skulane og Fagskulen i Sogn og Fjordane har eit samla mindreforbruk på ordinær drift på om lag 7,2 mill. kr samanlikna med budsjettet for 2017. Skulane har resultatoverføring (til 2018), og innsparingen påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

**Tannhelse** har ei innsparing på 1,9 mill. kr. Også denne sektoren har resultatoverføring (til 2018), og innsparingen påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultat.

**Næring og kultur** har samla eit netto mindreforbruk på 2,0 mill. kr. Av dette ligg 1,3 mill. kr innan kultur.

**Samferdsle** har eit samla netto mindreforbruk på 1,8 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er båtruter (2,3 mill. kr), fylkesvegar, miljø og trafikktryggings tiltak (1,1 mill. kr) og fylkesvegferjer (1,0 mill. kr). Den største posten med meirforbruk er bilruter (-2,6 mill. kr).

Fylkesveg - drift og vedlikehald - har eit meirforbruk på 9,5 mill. kr, som vert dekkja ved bruk av tidlegare avsette midlar. Det påverkar ikkje rekneskapsresultatet.

## INVESTERINGAR

Investeringar i anleggsmiddel utgjorde 383 mill. kr i 2017, mot 543 mill. kr året før. Investeringane fordeler seg slik på sektorane:

- 18,2 mill. kr forvaltning
- 102,8 mill. kr til opplæring
- 2,7 mill. kr til tannhelse
- 1,4 mill. kr til kultur
- 257,8 mill. kr til samferdsle.

Avvik i høve budsjett skuldast i hovudsak forseinkingar i gjennomføringa av investeringane. I tillegg har fylkeskommunen utgiftsført 485,1 mill. kr i avsetjingar til fond og aksjekjøp. Det vesentlege her er avsetjing til fond på 308 mill. kr, jf. sal av Fjord1 og kjøp av aksjar i SFE til 177,1 mill. kr.

Av det samla finansieringsbehovet på 868 mill. kr, utgjer låneopptaket 223,6 mill. kr eller 25,8 prosent. Tilsvarande tal for 2016 var 28,7 prosent.

Hovudtal (mill. kr)	Budsjett 2017	Rekneskap 2017	Avvik 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Forvaltning	15,8	18,2	-2,4	12,3	9,6
Opplæring	113,7	102,8	10,9	173,3	86,4
Tannhelse	4,0	2,7	1,3	2,5	1,9
Kultur	1,4	1,4	0,0	2,4	-
Samferdsle	318,0	257,8	60,2	352,1	152,9
Investering i anleggsmidlar	452,9	382,9	70,0	542,6	250,9
Avdrag, avsetjingar, aksjar	475,9	485,1	-9,2	431,5	25,5
Finansieringsbehov	928,8	868,0	60,8	974,1	276,3
Bruk av lånemidlar	263,6	223,6	40,0	279,7	52,0
Inntekter frå sal av anlegg	6,9	7,3	-0,4	7,1	16,5
Tilskot til investeringar	48,1	42,6	5,5	217,8	64,1
Mva-komp	84,5	65,7	18,8	96,5	41,6
Mottekne avdrag på utlån	0,0	0,0	-	0,2	
Utbytte	291,9	291,9	0,0	282,0	
Andre inntekter	13,5	16,1	-2,6	19,9	9,5
Overført frå drifta	11,0	9,9	1,1	40,6	67,7
Bruk fond	209,3	210,9	-1,6	31,0	25,0
Sum finansiering	928,8	868,0	60,8	974,8	276,3

Tabell 5

**BALANSE**

Oversikt - balanse (mill.kr)	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Sum anleggsmidlar	7 790,1	7 298,5	7 009,3	6 896,0
Faste eigendomar og anlegg	5 562,5	5 172,8	4 815,7	4 766,0
Utstyr, maskiner og transportmiddel	136,5	135,6	130,7	132,4
Utlån	7,2	7,7	8,1	8,5
Aksjar og andelar	655,0	605,8	600,4	598,6
Pensjonsmidlar	1 428,9	1 376,7	1 454,4	1 390,6
Sum omløpsmidlar	2 136,2	1 735,9	1 234,0	1 079,8
Kortsiktige fordringar	144,8	127,6	114,7	118,1
Premieavvik	8,6	17,0	15,9	32,7
Obligasjonar	209,0	155,4	103,3	101,8
Kasse, postgiro, bankinnskot	1 773,5	1 435,8	1 000,2	827,3
<b>SUM EIGENDELAR</b>	<b>9 926,3</b>	<b>9 034,4</b>	<b>8 243,3</b>	<b>7 975,9</b>
Sum eigenkapital	5 155,3	4 569,5	3 862,9	3 558,8
Dispositionsfond	758,1	667,4	484,7	316,1
Bundne driftsfond	171,5	165,1	156,8	265,1
Ubundne investeringsfond	596,0	300,6	12,2	15,3
Bundne investeringsfond	7,4	8,5	4,3	2,1
Rekneskapsmessig mindreforbruk	44,7	14,5	58,0	43,5
Kapitalkonto	3 804,0	3 455,0	3 188,6	2 958,5
Endra rekneskapsprinsipp som påverkar arbeidskapital drifts-rekneskapet	-41,8	-41,8	-41,8	-41,8
<b>Sum langsiglig gjeld</b>	<b>4 050,3</b>	<b>3 892,8</b>	<b>3 881,1</b>	<b>3 956,2</b>
Pensjonsforpliktingar	1 757,1	1 714,5	1 665,3	1 680,5
Andre lån	2 293,3	2 178,4	2 215,8	2 275,7
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>536,1</b>	<b>572,1</b>	<b>499,3</b>	<b>460,9</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>9 926,3</b>	<b>9 034,5</b>	<b>8 243,3</b>	<b>7 975,9</b>

Tabell 6

Balansen gjev eit oversyn over eigendelane, eigenkapitalen og gjelda til fylkeskommunen.




Diagram 3




Diagram 4




Diagram 5

## Lånegjelda

Lånegjelda til fylkeskommunen auka i perioden 2010-2013 med om lag 1 mrd. kr. I perioden 2014-2016 hadde lånegjelta ein svak reduksjon, før lånegjelta i 2017 auka noko. Ved utgangen av 2017 var lånegjelta på 2,293 mrd. kr.

Samla driftsinntekter har auka nominelt med 48 mill. kr frå 2016 til 2017. Lånegjelta har auka frå å utgjere om lag 50 prosent av samla driftsinntekter i 2010, til å utgjere 71,7 prosent i 2017. Dette er 2,5 prosentpoeng høgare enn for 2016, slik at gjelta har auka noko i høve driftsinntektene. For fylkeskommunane samla utgjer lånegjelta 79,1 prosent av netto driftsinntekter.

Lånegjelta til fylkeskommunen er på om lag 20 800 kr per innbyggjar, medan landssnittet (for fylkeskommunane) ligg på om lag 13 400 kr per innbyggjar. Lånegjelta per innbyggjar syner ein auke i 2017 både for Sogn og Fjordane og landet samla.

## Disposisjonsfond

Avsetjing til disposisjonsfond har vore stabilt høg over fleire år. Hovudgrunnen til oppbygginga av disposisjonsfonda er den vedtekne strategien for bruk av lokale inntekter (utbytte og konsesjonskraft), samt streng budsjettdisiplin. Til dømes er overskotet dei seinare åra (om lag 270 mill. kr i perioden 2011-17) i all hovudsak avsett til fond. Vi har gjort det for å ha ein buffer når det varsle nedtaket av statlege overføringer grunna nytt inntektsystem slår inn for fullt.

Per 31.12.17 er det samla 758,1 mill. kr på disposisjonsfonda, noko som utgjer 23,7 prosent av sum driftsinntekter. Tilsvarande tal for alle fylkeskommunane samla var 10,3 prosent.

I tillegg har ubundne investeringsfond auka med 295 mill. kr til 595,97 mill. kr i 2017, som følgje av salet av Fjord1.

## KOSTRA

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd: SSB offentleggjer 15. mars 2018 ureviderte tal for 2017. Reviderte tal vert lagt ut 15. juni. Tabellen viser nokre nøkkeltal for Sogn og Fjordane fylkeskommune dei fire siste åra. 2017-tala for Vest-Noreg og landet u/Oslo er med for samanlikning.

Sogn og Fjordane har eit netto driftsresultat vesentleg betre enn dei andre i perioden. For 2017 har vi eit resultat på 10,5 prosent medan landssnittet u/Oslo har 4,3 prosent. Det er tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 prosent.

Sogn og Fjordane har vidare vesentleg høgare inntekter og utgifter pr. innbyggjar enn landet i heile perioden. Den netto lånegjelta vår pr. innbyggjar er òg vesentleg over landet elles.

Indikator - konsern	Sogn og Fjordane				Vest-Noreg	Landet u/Oslo
	2014	2015	2016	2017	2017	2017
<b>Finansielle nøkkeltal i prosent av brutto driftsinntekter</b>						
Netto driftsresultat	2,3	5,4	6,9	10,5	4,8	4,3
Netto avdrag	4,1	4,4	5,5	3,9	3,7	3,4
Netto renter	-0,5	-0,3	-1,1	-3,1	1,2	0,6
Netto lånegjeld	79,0	70,9	67,4	69,5	57,2	71,7
Arbeidskapital ekskl. premieavvik	20,6	23,7	36,5	49,9	16,5	15,9
<b>Finansielle nøkkeltal i kroner per innbyggjar</b>						
Brutto driftsutgifter	26 114	26 712	20 653	27 426	16 482	16 516
Brutto driftsinntekter	26 059	27 685	21 386	29 001	17 035	17 008
Frie inntekter	19 353	21 085	16 222	21 552	12 786	12 863
Netto lånegjeld	20 574	19 637	12 236	20 156	16 704	12 200
<b>Fordeling av brutto driftsutgifter i prosent</b>						
Adm., styring og fellesutg	4,8	4,8	4,6	4,7	3,7	4,5
Vidaregåande opplæring	34,2	33,1	39,3	33,7	43,6	44,3
Tannhelsetenesta	3,8	3,7	4,1	3,5	4,3	4,3
Fysisk planlegging/kulturminne osv.	2,3	2,0	1,7	2,2	2,0	2,3
Kultur	4,7	4,2	4,6	4,4	3,8	4,1
Samferdsle	35,5	34,9	34,5	38,0	35,0	31,2
Næringsutvikling	8,6	8,9	4,7	5,8	2,7	2,7

Tabell 7

# BYGGEREKNESKAP

## KOSTNADSRAMMA - UTVIKLING

2010: Oppstart av prosjektet med kostnadsramme på 1031 mill. kr  
 2011: Prisomrekning: 1091,8 mill.  
 2012: Prisomrekning: 1122,4 mill. kr  
 2013: Prisomrekning: 1154,9 mill. kr  
 (+) Auke i kostnadsramme grunna nye mva.-reglar: 80,3 mill. kr (teknisk endring)  
 (=) Totalt 1235,2 mill. kr  
 2014: Prisomrekning: 1263,4 mill. kr  
 2015: Prisomrekning: 1286,1 mill. kr  
 2016: Prisomrekning: 1309,3 mill. kr  
 2017: Prisomrekning: 1342,0 mill. kr

## INVESTERINGSPROSJEKTET FV. 609 DALSFJORDSAMBADET

### Prosjektbeskriving

Dalsfjordsambandet ligg i Sunnfjord. Det kryssar kommunegrensa mellom Askvoll og Fjaler og er hovudsambandet mellom dei to kommunane.

Dalsfjordsambandet omfattar bygging av

- hengebru
- veg og tunnelar frå Eikenes i Askvoll til Dale og Sætenes i Fjaler

Total hovudveglengde er ca. 10,1 km, med 5,9 km veg, 4,2 km tunnel og 0,5 km hengebru.

Tunnelsambandet mellom Dale og Sætenes er del av rassikringa på strekninga, då tunnelen erstatta det rasfarlege partiet mellom Nishammaren og Sætenes.

Prosjektet har erstattat ferja mellom Dale og Eikenes. Slik har det korta ned reisetida mellom Dale og Askvoll og knytt HAFS-regionen tettar saman.

Prosjektet fv. 606 Dalsfjordsambandet vart gjennomført innanfor tidsramma som vart sett for prosjektet og opna for trafikk 14. desember i 2013.

### Rekneskapsførte kostnader i mill. 2017-kr

2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Sum
7,4	127,7	371,0	419,4	345,2	112,8	15,7	8,4	2,0	1409,7

Tabel 8

Sluttrekneskap for fv. 609 Dalsfjordsambandet (i mill. 2017-kr)	Kostnadsrammer		Rekneskap	Avvik
	Opphavleg	Revidert		
Investeringskostnad	1342,0	1342,0	1409,7	67,7
Generell finansiering			1409,7	

Tabell 9

### Forklaring på avvik

Kostnadsauken i prosjektet skuldast for det meste kostnadane med lengre tunnel på nordsida, meir komplisert vegbygging på nordsida og ras ved Sætenes.

### Læringsløye erfaringar

Dalsfjordsambandet var eit stort og komplisert vegprosjekt. Det er ikkje notert særslakte tema for den fylkeskommunale oppfølginga av prosjektet.

## INVESTERINGSPROSJEKTET FV. 337 BJØDNABAKKEN I LUSTER

### Prosjektbeskriving

Fv. 337 går frå Hafslø til Veitastrond i Luster kommune. Vegen har fleire skredutsette punkt, og det er to skredsikringstiltak i prosjektet:

- Ny tunnel forbi Bjødnabakken (Langanestunnelen, 1571 meter)
- Skredvoll ved Lindeskreda

Bygging av Langanestunnelen starta i mai 2014. Prosjektet vart gjennomført innanfor tidsramma som vart sett for prosjektet, og opna for trafikk 16. desember 2016. Skredsikringa er svært viktig for innbyggjarane på Veitastrond, som no får ein mykje tryggare skule- og pendlarveg.

### Kostnadsramma for prosjektet - utvikling

- 2013: Oppstart av prosjektet med kostnadsramme på 237 mill. 2013-kr
- 2014: Prisomrekning: 242,7 mill. kr
- 2015: Prisomrekning: 247,1 mill. kr
- 2016: Prisomrekning: 251,5 mill. kr
- 2017: Prisomrekning: 257,8 mill. kr

### Rekneskapsførte kostnadar i mill. 2017-kr

2012	2013	2014	2015	2016	2017	Sum
1,3	4,5	70,3	61,1	105,4	8,6	249,9

Tabell 10

Sluttrekneskap for fv. 545 Kinnvegen (i mill. 2016-kr)	Kostnadsrammer		Rekneskap	Avvik
	Opphavleg	Revidert		
Investeringskostnad	257,8	257,8	249,9	- 7,9
Generell finansiering			249,9	

Tabell 11

### Forklaring på avvik

Prosjektet oppnådde gode anbodsprisar i hovudkontrakten. Det gjorde prosjektet noko rimelegare enn kva som var lagt til grunn i kostnadsanslaget.

### Læringsløyfe erfaringar

Det er ikkje notert særskilte tema for den fylkeskommunale oppfølginga av prosjektet.

# EIGARMELDING

Fylkeskommunen har eigarskap i ei rekke aksjeselskap og interkommunale selskap. Sidan 2008 har fylkesrådmannen årleg utarbeida ei eigarmelding som fylkestinget vedtek på oktobertinget. Eigarmelding 2017 er såleis den tiande eigarmeldinga til fylkeskommunen.

Fylkestinget vurderer om eigarskapen i kvart enkelt selskap framleis er føremålsteng, og om fylkeskommunen skal halde fram som eigar når dei handsamar eigarmeldinga. Fylkestinget gjorde ikkje vedtak om sal då dei handsama Eigarmelding 2017, men det har tidlegare vedteke å selje seg ut av Firda Billag AS og Norsk Fjordhestsenter AS.

Eigarmeldinga er eit overordna politisk styringsdokument som skal syne mål og strategiar for den fylkeskommunale eigarskapen, samt sikre samhandling mellom fylkestinget og eigarorgana i selskapa. Meldinga gjer også informasjon om den fylkeskommunale eigarskapen synleg for ålmenta. Gjennom eigarmeldinga gir fylkestinget føringar for eigaroppfølginga til fylkeskommunen, mellom anna ved å fastsetje retningslinjer for habilitet, rollefordeling, interessekonfliktar, samfunnsansvar og eigardialog. Eigarmeldinga inneheld også ei verksemmdoversikt med omtale av alle selskapa som fylkeskommunen har eigarskap i.

## FYLKESKOMMUNALT EIGARSKAP

Fylkeskommunen var aksjonær i 22 aksjeselskap og deltakar i tre interkommunale selskap ved utgangen av 2017. To av aksjeselskapa er heileigde av fylkeskommunen: Sogn og Fjordane Holding AS og F1 Holding AS. For resten av aksjeselskapa varierer den fylkeskommunale eigarprosenten frå 80 prosent til 0,31 prosent.

Tabellen nedanfor syner fylkeskommunalt eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap ved utgangen av 2017.

Aksjeselskap	Pålydande	Eigarskap i prosent
F1 Holding AS	147 250 000	100
Sogn og Fjordane Holding AS	3 834 904	100
Sogn og Fjordane Teater LL	80 000	80
Opplæringsfartøy AS	6 000 000	77
Fjord Invest Såkorn AS	19 000 000	55,88
Sogn og Fjordane Energi AS	383 490 400	49,56
Lutelandet Utvikling AS	768 000	48
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	2 500 000	38,17
In Via AS	325 500	32,05
Mentro AS	150 000	30
Norsk Fjordhestsenter AS	A-aksjar: 30 000	30
	B-aksjar: 1 330 000	33
Sogneprodukt AS	150 000	30

Aksjeselskap	Pålydande	Eigarskap i prosent
Origod AS	150 000	26
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	1 156 250	22,42
Njøs Næringsutvikling AS	100 000	22,20
Firda Billag AS	500 000	5
Framtidsfylket AS	17 000	2,8
Kommunekraft AS	1 000	0,31
Fjord Norge AS	370 000	8,9
Interoperabilitetstjenester AS	129 996	1
Sogn og Fjordane Fondet AS	120 000	50
Sørvest Bomvegselskap AS	100 000	20
<b>Interkommunale selskap</b>		
Trivselshagen IKS	47 100 000	50
Sogn og Fjordane Revisjon IKS	480 000	44,45
Vigo IKS		5,26

Tabell 12

Fylkeskommunen er (med)opprettar av 18 stiftingar og deltek i fleire interkommunale samarbeid, eitt gjensidig selskap og eitt særlovsselskap.

### FØREMÅL MED FYLKESKOMMUNALT EIGARSKAP

Den fylkeskommunale eigarskapen skal oppfylle eitt eller fleire av følgjande føremål:

#### 1. Finansielle mål:

- Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet, til dømes Sogn og Fjordane Energi AS.

#### 2. Næringsutvikling:

- Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, til dømes Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS.
- Delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap, til dømes Fjord Invest Såkorn AS.
- Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.

#### 3. Fylkeskommunale- /kommunale fellestiltak:

- Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar i tenesteproduksjonen, til dømes Kommunekraft AS.
- Delta i selskap som har stort innslag av ansvar for å legge til rette for særlege grupper.

#### 4. Fylkesomfattande kulturselskap:

- Delta i selskap saman med til dømes kommunar for å sikre drift av fylkesomfattande kulturinstitusjonar, til dømes Sogn og Fjordane Teater LL.

## KS SINE ANBEFALINGAR FOR EIGARSTYRING

Eigarmeldinga er utarbeida i samsvar med anbefalingane frå KS om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll. Anbefalingane skildrar mellom anna kva god folkevald styring inneber. KS rår kommunestyre og fylkesting til å fastsetje overordna prinsipp for eigarskap ved å utarbeide ei årleg eigarskapsmelding for alle selskapa sine. Oppfatninga til KS er at eigarmelding vil sikre eit grunnlag for naudsynte styringssignal til selskapa, samt tydeleggjere ansvaret dei folkevalde har. Vidare vil eigarmeldinga slik KS ser det bidra til meir openheit overfor omverda.

## FYLKESKOMMUNAL EIGAROPPFØLGING

Gjennom eigarmeldinga har fylkestinget vedteke overordna prinsipp og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Fylkesutvalet utøver eigarrolla i selskap på vegner av fylkestinget i dei fleste sakene. I 2017 har fylkesutvalet mellom anna handsama saker om fusjon, kapitalauke, val av styremedlem og vedtektsendringar. For kvar fylkestingsperiode vel fylkesutvalet dessutan eigarutsendingar som representerer fylkeskommunen på møte i eigarorgana til selskapa. Dei fleste eigarrepresentantane er medlemer av fylkestinget. Store og prinsipielle saker, og saker som treng ekstra budsjettloving, skal avgjerast av fylkestinget.

## VIKTIGE HENDINGAR I 2017

### Fjord1 AS og F1 Holding AS

Fylkeskommunen etablerte F1 Holding AS i 2011 for å forvalte aksjane fylkeskommunen hadde i Fjord1 AS (59 prosent). I august 2016 gjorde fylkestinget vedtak om eit trinnvis sal av Fjord1-aksjane til Havilafjord AS. Fylkesutvalet fullførte salsavtalen med Havilafjord AS i mai 2017, etter at Havilafjord AS gjorde gjeldande kjøpsoppsjonen på dei siste 33 prosentane av aksjane.

Etter salet av Fjord1-aksjane har fylkeskommunen ikkje lenger behov for holdingselskapet, og fylkestinget har difor bede generalforsamlinga i F1 Holding AS om å avvikle selskapet.

### Sogn og Fjordane Energi AS

Styret i SFE vedtok i 2016 å investere i Østerbø Kraftverk. På bakgrunn av vedtaket, samt andre store investeringar siste åra, bad styret i selskapet eigarane om tilførsel av ny eigenkapital (retta emisjon). Fylkeskommunen deltok i emisjonen gjennom Sogn og Fjordane Holding AS og teikna seg for 274 002 aksjar. Totalt teikna sju av eigarane i SFE seg for aksjar til 211 mill. kr. Bidraget til fylkeskommunen utgjorde i underkant av 169 mill. kr.

I samband med regionreforma og samanslåinga med Hordaland har fylkestinget vore oppteke av å sikre at verdiane som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet, skal bli verande i Sogn og Fjordane. Etter oppdrag fra fylkestinget arbeider fylkesrådmannen med å greie ut alternative modellar for verksemda i SFE.

### Samanslåing av Sogn og Fjordane Revisjon, KRYSS Revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord

Fylkestinget handsama i desember 2017 ein rapport om samanslåing av dei tre revisjonseiningane i fylket: Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon) og Kommunerevisjonen i Nordfjord. Fylkestinget stilte seg positivt til samanslåinga. Fylkeskommunen og dei andre eigarane skal handsame endeleg sak om samanslåing i løpet av 2018.

### Styrka opplæring av eigarrepresentantar

Ved vedtak i sak 29/16 Selskapskontroll 2016 - Eigarskapskontroll Fjord 1 bad fylkestinget fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse

for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap. På denne bakgrunn er eigarmeldinga oppdatert med ein ny rutine som gir sentrale eigarrepresentantar tilbod om å delta på KS-kurs i eigarrolla. Rutinen omfattar først og fremst fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren og fylkesrådmannen. Fylkesutvalet avgjer om fleire skal få tilbod om slik opplæring, t.d. personar som er eigarrepresentantar for fleire selskap.

### Selskapskontroll

Kontrollutvalet skal føre kontroll med fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskap på vegner av fylkestinget. I 2017 gjennomførte kontrollutvalet ein selskapskontroll av den overordna eigarstyringa til fylkeskommunen. I selskapskontrollrapporten konkluderte revisor med at fylkeskommunen gjennom eigarmeldinga har etablert ei overordna eigarstyring i samsvar med lover og reglar. Fylkeskommunen har gode rutinar for kompetansebygging av dei folkevalde, slik at dei kan utøve god eigarstyring og eigaroppfølging. I rapporten kjem revisor også til at fylkeskommunen har klare formål og rammer for eigarstrategiar i selskap. Fylkestinget tok rapporten etter gjennomført selskapskontroll til vitande.

### Samfunnsansvar, miljø og etikk

Som eigar ser fylkeskommunen det som viktig at selskapa tek samfunnsansvar og driv ei etisk forsvarleg verksemnd. I eigarmeldinga gir fylkestinget difor uttrykk for kva forventingar det har til selskapa knytt til fire kjerneområde:

#### Klima og miljø

Selskapa

- skal etter leve nasjonale og internasjonale miljøkrav
- skal gjennomføre grep for å redusere negativ miljøpåverknad
- har kompetanse til å gjennomføre naudsynte endringar i rammevilkår - som følgje av klimaendringar og nasjonale og internasjonale klimatiltak - slik at verdiane i selskapet vert tekne vare på ved omstillingssbehov

#### Menneskerettar

Selskapa skal

- respektere og førebygge brot på menneskerettar i eiga verksemnd, samt følgje opp dette overfor leverandørar og forretningspartnarar

#### Arbeidstakarrettar

Selskapa skal

- respektere og bidra til eit skikkeleg arbeidsliv, der grunnleggande arbeidsstandardar og -rettar vert tekne vare på, og der arbeidstakarane får ei løn dei kan leve av
- legge til grunn dei åtte kjernekonvensjonane til ILO som ein minimumsstandard for verksemda si, samt at konvensjonane vert følgde opp i verdikjeda
- opptre ansvarleg i omstillingssprosessar og gjennomføre desse i dialog med tilsette og lokalsamfunn

#### Openheit kring økonomiske transaksjonar og arbeid mot korruption

Selskapa skal

- utvise størst mogleg grad av openheit knytt til pengestraumar, inkludert skatt
- ha retningslinjer, system og tiltak for å hindre korruption, og for å handtere moglege lovbroter eller tvilstilfelle

# INNKJØP

## EHANDEL

Målet med innføring av ehandel er betre økonomistyring, betre leverandøroppfølging og avtalelojalitet. Systemet gir større kontroll over prisar og avtalevilkår. Det gjer fylkeskommunen til ein meir profesjonell bestillar med meir einskaplege bestillarrutinar på tvers av organisasjonen.

Målet er at vi skal gjøre alle fylkeskommunale kjøp med ehandel. Det tek tid både på grunn av omstiling internt, og fordi leverandørmarknaden må utvikle gode bestillingsportalar som er kompatible med ehandelssystema til det offentlege. Fylkesrådmannen har til no prioritert område med stort innkjøpsvolum og mange transaksjonar.

## OVERORDNA

Innkjøpstjenesta har det innkjøpsfaglege ansvaret for alle innkjøp over 500 000 kr eks. mva., med unntak av bygge- og anleggskontraktar og avtalar knytte til drift av kollektivtransport og fylkesveg. Vi gjer innkjøp i tråd med den fylkeskommunale innkjøpsstrategien, som fylkestinget vedtok i 2012.

I tillegg driftar innkjøpstjenesta også Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI), ei innkjøpsordning for 25 kommunar og nokre statlege etatar i fylket. Innkjøpstjenesta gjennomfører konkurransar på vegner av samarbeidspartane, er rådgjevar for samarbeidspartane og følgjer opp felles rammeavtalar mot leverandørane.

## NØKKELTAL

Fylkeskommunen gjorde netto innkjøp av varer og tenester for om lag 1,7 mrd. kr i 2017. Dette inkluderar 700 millionar kjøpt av Statens vegvesen gjennom sams vegadministrasjon

- 1,4 mrd. kr til drift
- 0,3 mrd. kr til investeringar

Innkjøpstjenesta har i 2017 gjennomført 23 konkurransar - 11 i fylkeskommunal regi og 12 for heile eller delar av SFFI. Dette har ført til at vi har signert 45 avtalar. To konkurransar vart avlyste. Fire vart påklaga, men ingen klager vart tekne til følgje. Vi har ved alle konkurransar vurdert om det er aktuelt å stille miljøkrav eller krav til bruk av lærlingar. Der det er relevant har vi stilt slike krav.

Innkjøpstjenesta har ansvaret for å følgje opp om lag 80 rammeavtalar. Vi har gjennomført om lag 15 strukturerte leverandøroppfølgingsmøte på utvalde avtaleområde. Vi har også løpende oppfølging med fleire leverandørar gjennom året.

Fylkesrådmannen innførte i 2017 eit elektronisk verktøy for gjennomføring av konkurransar og har arrangert kurs i samband med dette. Vi har hatt ei innkjøpssamling internt for fylkeskommunen.

Årstall	Tal ordrar i ehandel	Omsetning i kr.	Tal aktive brukarar	Einingar som brukar ehandel
2014	120	-	-	
2015	2987	37 572 117	-	
2016	3964	132 000 000*	-	
2017	4586	47 000 000	130	49

\*stort tal grunna kjøp av Sogndal vidaregåande skule byggjetrinn 2 via ehandel

Tabell 13: Status for innføring av ehandel i fylkeskommunen per 2017

# REGIONAL UTVIKLING



Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland hadde felles drøftingsmøte i Gulen 27. oktober 2017. Dagen vart avslutta med eit kulturprogram på tusenårsstaden Gulatinget, der blant andre bergensbandet 9 grader nord stod for underhaldninga.  
Foto: Gøril Sætre

# REGIONREFORMA

## REGIONFORHANDLINGAR MELLOM SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

Fylkestinget i Rogaland sa nei til intensjonsplanen om samanslåing med Sogn og Fjordane og Hordaland i desember 2016. Forhandlingsutvalet frå Sogn og Fjordane fekk då mandat frå fylkestinget til å gjennomføre nye forhandlingar med berre Hordaland. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ønskte primært å få Møre og Romsdal med i den nye forhandlingsrunden, men fylkesordførar i Møre og Romsdal takka nei.

Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane og Hordaland leia dei nye regionforhandlingane ved Bjørnefjorden Gjestetun i Os kommune 16. og 17. januar 2017. Forhandlingsutvalet frå Sogn og Fjordane bestod, i tillegg til fylkesordføraren, av fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes, fylkestingsrepresentant Norvald Distad, fylkeshovudtillitsvald Elin Schei Stuhaug og fylkesrådmann Tore Eriksen. Forhandlingane resulterte i semje om ein ny intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland. Intensjonsplanen vart signert av fylkesordførar Jenny Følling og fylkesvaraordførar i Hordaland, Pål Kårbo utpå ettermiddagen 17. januar. Dei to fylkestinga slutta seg, med enkelte presiseringar og etterhald, til den framforhandla løysinga 2. og 3. februar.

## STORTINGSPROPONISJON OG STORTINGSHANDSAMING

Kommunal- og moderniseringsdepartementet la 5. april fram Prop. 84 S (2016-2017) «Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå» for handsaming i Stortinget. Stortingsproposisjonen inneheldt fleire forslag til stortingsvedtak knytt til regionreforma. Framlegget om ny fylkesinndeling bygde på eit stortingsforlik som var gjort 22. februar, og departementet føreslo blant anna å redusere talet på fylkeskommunar frå 19 til 11. Det gjorde også framlegg om å overføre nye oppgåver og meir ansvar til fylkeskommunane som del av regionreforma. Stortingsproposisjonen var ei oppfølging av stortingsmeldinga Meld. St. 22 (2015-2016) «Nye folkevalde regionar - rolle, struktur og oppgåver», som Kommunal- og moderniseringsdepartementet la fram eitt år tidlegare, 5. april 2016.

Stortinget vedtok 8. juni regionreforma og erstatta dagens 19 fylkeskommunar med 11 nye folkevalde regionar/fylkeskommunar:

- Vest-Agder og Aust-Agder (302 000 innbyggjarar)
- Sogn og Fjordane og Hordaland (632 000 innbyggjarar)
- Buskerud, Akershus og Østfold (1 178 000 innbyggjarar)
- Telemark og Vestfold (420 000 innbyggjarar)
- Hedmark og Oppland (386 000 innbyggjarar)
- Troms og Finnmark (241 000 innbyggjarar)

Den nye fylkesinndelinga skal gjelde frå 01.01.2020. Vedtaket innebar at Oslo (672 000), Rogaland (475 000), Møre og Romsdal (267 000) og Nordland (243 000) held fram som eigne fylke. Sør- og Nord-Trøndelag (454 000) vart slått saman til eitt fylke 1. januar 2018.

Stortinget gjorde i juni også ei rekke vedtak der det bad regjeringa starte prosessar for å overføre nye oppgåver til fylkeskommunane. Regjeringa fekk i oppgåve å setje ned eit ekspertutval for å vurdere ytterlegare oppgåver til det framtidige folkevalde regionnivået. Fylkesrådmann Tore Eriksen var ein av sju medlemer i utvalet, som fekk frist til å levere si innstilling innan 1. februar 2018.

## FELLES FYLKESTING

---

Inndelingslova stiller ei rekke krav i kjølvatnet av eit stortingsvedtak om samanslåing av kommunar og fylke. Eitt krav er at Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal kalle saman til felles fylkestingsmøte. Sogn og Fjordane og Hordaland hadde slikt felles fylkestingsmøte i Gulen kommune 27. oktober. Der drøfta dei blant anna desse tema, jf. § 25 i inndelingslova:

- Forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket.
- Talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget.
- Kriterium for samansetting av, og funksjonar til, fellesnemnd etter § 26 i denne lova.
- Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
- Opprettig av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Dei to fylkestinga vedtok 27. oktober at namnet på den nye fylkeskommunen skal vere Vestlandet fylkeskommune, og at det nye fylkestinget skal ha 65 medlemer. Fylkestinga sette samstundes ned ei fellesnemnd for samanslåingsprosessen, og vedtok at nemnda skal bestå av dei to fylkesutvala med til saman 24 medlemer: 15 frå Hordaland og 9 frå Sogn og Fjordane. Dei vedtok også reglement for fellesnemnda, og fylkestinga bad fellesnemnda setje ned eit partssamansett utval for ei best mogleg handtering av personalmessige problemstillingar i samanslåingsarbeidet. Fylkestinga stadfesta i tillegg at formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.

## FØRSTE MØTE I FELLESNEMNDA

---

Fellesnemnda heldt konstituerande møte 18. desember. Fylkesordføraren i Hordaland vart vald til leiar for nemnda, medan fylkesordføraren i Sogn og Fjordane skal vere nestleiar. Fellesnemnda vedtok arbeidsplan og organisering av arbeidet sitt og sette mellom anna ned eit arbeidsutval og eit partssamansett utval i dette oppstartmøtet.

# VESTLANDSRÅDET

## VESTLANDSRÅDET – EIT POLITISK SAMARBEID

Vestlandsrådet er eit formelt samarbeid mellom dei fire fylkeskommunane Møre og Romsdal, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Rådet er sett saman av fem politikarar frå kvart av dei fire fylkestinga. Gjennom felles påverknad skal Vestlandsrådet fremje landsdelen nasjonalt og internasjonalt ved å koordinere den politiske innsatsen.

Leiarvervet og innstillinge fylkesrådmann skiftar mellom fylkeskommunane, og Sogn og Fjordane hadde verva i 2017. Den administrative ressursen er ein sekretariatsleiar som jobbar tett opp mot den faglege og politiske leiinga i fylkeskommunane. Med seg har sekretariatsleiar ei kontaktgruppe med representantar for fylkesrådmennene, samt faggrupper på tvers av dei fire fylkeskommunane innanfor ulike fagfelt. Frå 2016 har sekretariatsleiarvervet gått på omgang mellom fylkeskommunane, og i 2017 hadde Sogn og Fjordane også sekretariatsleiaren.

Arbeidsutvalet (AU) til Vestlandsrådet er sett saman av dei fire fylkesordførarane. Alle AU-møta i 2017 var telefon-/skypemøte. AU driv som hovudregel ikkje saksbehandling, med unnatak av når det er delegert slikt mynde, men uttalar seg elles på vegner av heile Vestlandsrådet. AU oppsummerte 2017 med å slå fast at

- fylkesordførarane utvekslar informasjon og erfaringar på ein god måte gjennom møta i utvalet
- utvalet får nyttige orienteringar
- møta i Vestlandsrådet vert godt planlagde gjennom AU

## VEDTAKSSAKER, MELDINGSSAKER OG ORIENTERINGAR

Vestlandsrådet hadde tre møte i 2017:

- 28. februar i Bergen
- 11. mai i Sogndal
- 25. oktober i Stavanger

Rådet handsama til saman 28 vedtakssaker (inkl. skriv og meldingar). I tillegg hadde Vestlandsrådet oppe om lag 30 orienterings- og meldingssaker. Det har også vore ei rekke faglege føredrag og innleiinger frå viktige samarbeidspartar og FoU-miljø.

### Vestlandsrådet 28. februar, Bergen

1. Protokoll frå Vestlandsrådsmøtet 10.11.2016
2. Rekneskap for Vestlandsrådet 2015
3. Rekneskap for Vestlandsrådet 2016
4. Årsmelding for Vestlandsrådet 2016
5. Budsjett for Vestlandsrådet 2017
6. Handlingsprogram for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen i 2017
7. Møteplan for 2017. Fastsettjing av tidspunkt og møtestad
- Skriv og melding

### Vestlandsrådet 11. mai, Sogndal

8. Protokoll frå Vestlandsrådsmøtet 28.02.2017



Fylkesordførar Jenny Følling leia Vestlandsrådet i 2017. Fylkesrådmann Tore Eriksen fungerte då som innstillinge rådmann, og Ole Inge Gerald var sekretariatsleiar. Rådet hadde fire møte i løpet av året, her frå møtet i Sogndal i mai.  
Foto: Ingvild Ramstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

9. Cruisestrategi for Vestlandet. Arbeidet med handlingsplan 2017-18: status, problemstillingar og vidare arbeid
10. Rammeverk for drift og fornying av ferjeflåten
11. Regionsamarbeidet med Kina: status, problemstillingar og strategi for vegen vidare
12. Brexit - kva dette har å seie for Vestlandet, og korleis Vestlandsrådet kan påverke den vidare prosessen?
13. Marin strategi. Oppfølging av plantema rekruttering  
Skriv og meldingar

#### Vestlandsrådet 25. oktober, Stavanger

14. Protokoll fra Vestlandsrådsmøtet 11.05.2017
15. Cruisestrategi for Vestlandet. Handlingsplan 2017-18: status, problemstillingar og vidare arbeid
16. Rammeverk for drift og fornying av ferjeflåten
17. Vestlandsfylka si samhandling med Innovasjon Noreg på det internasjonale feltet
18. Prosjekt «Tiltak mot marin forsøpling»
19. Hydrogensatsinga: statusrapport 2017
20. Ny stortingsmelding om kultur i 2019 (kulturmeldinga). Strategi for felles innspel frå Vestlandsrådet
21. Nøkkeltal for utvalde næringer i 2018
22. Nasjonal transportplan: Handlingsprogram 2018-2023
23. Nordsjøkommisjonen: Etablering av permanent sekretariat
24. Fjord Noreg AS: Scenarioprosjekt 2030 for reiselivet på Vestlandet
25. Vestlandsrådet og AU sin møteplan for 2018  
Skriv og meldingar



Vestlandsrådet arrangerte frukostmøte for nærmere dialog om sentrale utfordringar knytt til Nasjonal transportplan 2018-29 i Oslo 5. mai 2017. Fleire av stortingspolitikarane frå vestlandsfylka deltok.  
Foto: Ingvild Ramstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

#### DELTAKING OG FELLES ARRANGEMENT

Vestlandsrådet har delteke i, og arrangert, fleire sentrale arrangement i 2017:

- Vestlandskonferansen 30. mars
- Nasjonal transportplan, frukostmøte 5. mai
- Aqua Nor-messa 14.-18. august

#### SENTRALE TEMA FOR VESTLANDSRÅDET I 2017

##### Klima og miljø - ei ny søyle i vestlandssamarbeidet

Vestlandsrådet starta i 2017 koordinerings- og samordningsprosjektet «Tiltak mot marin forsøpling». Prosjektet har teke utgangspunkt i strategien Miljødirektoratet har mot marin forsøpling, og Vestlandsrådet ønsker å ha ei ambisiøs tilnærming til det grøne skiftet. For å følge opp ambisjonane, har rådet eit mål om å ta ei leiande rolle for å mobilisere for betre koordinering og samarbeid mellom aktuelle organisjonar og føretak - både mellom dei fire fylka og nasjonalt.

##### Handlingsplan for cruise - oppfølging av cruisestrategien til Vestlandsrådet

Dei fire samarbeidande vestlandsfylka sende i 2017 utkastet til handlingsplan for cruise på ei brei høyring. Handlingsplanen syner konkrete tiltak som følgjer opp cruisestrategien Vestlandsrådet vedtok i november 2016.

Handlingsplanen tek føre seg dei viktigaste innsatsområda innan cruise: klima og miljø og auka verdiskaping på land. Handlingsplanen syner konkrete tiltak for å ta vare på natur, miljø og samfunna våre. Fylkeskommunane og Vestlandsrådet har avgrensa handlingsrom til å gjennomføre tiltak, og mange av tiltaka handlar om å påverke aktørar i næringa. Utkastet til handlingsplan vart handsama av Vestlandsrådet i oktober, med høyringsfrist 2. januar 2018. Vestlandsrådet skal vedta

handlingsplanen i juni 2018, etter at kvar av fylkeskommunane har handsama han.

#### **Transport og næring for vekst og utvikling Ferjefri og opprusta E39**

Vestlandsrådet har hatt ferjefri og opprusta E39 som den viktigaste saka på dagsordenen dei siste åra og vil framover ha full merksemd mot gjennomføringa av det samla prosjektet. Rådet vil arbeide for at det til heile tida vert tilført nødvendige ressursar, som sikrar realisering av heile strekninga mellom Kristiansand og Trondheim i løpet av 20 år.

#### **Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten**

Vestlandsrådet starta i august 2017 ei utgreiing knytt til temaet rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten. Møreforsking skal sjå nærare på ein ny fordelingsnøkkel i inntektssystemet knytt til ferjekostnader. Nøkkelen må, slik Vestlandsrådet ser det, basere seg på ein standard som er rimeleg ut frå dagens krav og stimulere til anskaffing og utvikling av null- og lågutsleppsteknologi. Vidare må den totale ramma som Stortinget løyver, ta høgde for kostnadene ferjefylka faktisk møter.

#### **Handlingsprogram 2018-23 (Nasjonal transportplan (NTP) 2018-29)**

Statens vegvesen la handlingsprogram 2018-23 ut på høyring til fylkeskommunane og store bykommunar 13. oktober 2017. Handlingsprogrammet er ei konkretisering av dei første seks åra i NTP 2018-29 og dannar grunnlaget for dei årlege løvviningane i statsbudsjettet. Vegdirektøren vedtek programmet i februar 2018.

Vestlandsrådet la i høyringsfråsegna si mellom anna vekt på at det er særstake behov for skredsikring på Vestlandet, og at det trengst meir midlar til skredsikring av vegane i dei fire fylka framover. Vestlandsrådet bad også om at det innan første rullering av NTP 2018-2029 vert utarbeidd ein nasjonal skredsikringsplan for riksvegs- og fylkesvegsnettet (høvesvis post 31 og post 60).

#### **Kultur og natur**

Vestlandsrådet har vedteke å engasjere seg i arbeidet med den nye stortingsmeldinga for kultur, som skal vere klar våren 2019. Rådet har starta drøftinga rundt ein strategi for felles innspel til Kulturdepartementet. Vestlandsrådet bad 25. oktober om at det vert lagt til rette for ein prosess der dei fire fylkeskommunane, etter drøftingar i rådet, i fellesskap fremjar innspel til den nye kulturmeldinga.

#### **Ut i verda**

Vestlandsrådet har eit relativt aktivt forhold til fleire internasjonale organisasjoner med medlemer frå land med tilknyting til Nordsjøen og nordlege hav, samt mot EU. Nordsjøkommisjonen og NORA er døme på slike organisasjoner. Elles deltek Vestlandsrådet i EU sitt Interreg-program for å fremje sosial og økonomisk integrasjon.

# PLANARBEID

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020 legg føringane for kva planarbeid fylkeskommunen har arbeidd med i 2017. Føringane for enkelte planarbeid vart noko justerte i fylkestinget i oktober (sak 34/2017).

## SAMLA OVERSIKT OVER PRIORITERTE PLANARBEID 2016-2020

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Nye planar</b>					
Regional strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling					
<b>Revidering/rullering av eksisterande planar</b>					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Fylkesdelplan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					
Regional verdiskapingsplan					

- Forlenging av planperiode.
- Utsettjing av oppstart av planarbeidet.
- Innlemma i oversikta.
- Planperiode.

Tabell 14

### Regional strategisk plan for kysten

Hovudmålet med strategiarbeidet er å legge grunnlaget for «Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande». Store delar av strategiarbeidet vart gjort i 2017. Det er gjennomført eit omfattande arbeid når det gjeld innspel og medverknad i planarbeidet. Det var viktig for å sikre god forankring og oppslutnad om arbeidet. Planarbeidet er sett saman av eit kunnskapsgrunnlag og eit kortfatta strategidokument. Det er utarbeidd strategiar for desse satsingane:

- etablere eit kystråd
- ta styringa i kampen om sjøareala
- knyte saman kysten med betre infrastruktur
- auke skaparkrafta og evna til nyskaping

### Regional plan for arealbruk (2000)

Det er knytt ei planføresegn til fylkesdelplanen, «Regional planføresegn om handel og kjøpesenter», som fylkestinget vedtok i desember 2016 (sak 54/16). Planføresegna vart endeleg stadfesta i Kommunal- og moderniseringsdepartementet i august 2017.

### Regional plan for kultur

Planutvalet fastsette rammene for planarbeidet i mai (sak 2/17), og planprogrammet var på høyring hausten 2017. Planen skal avløyse Kulturstrategi for Sogn og Fjordane 2015-2018, og den vedtekne festivalstrategien skal vere del av kulturplanen. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er også innlemma i planarbeidet. Vi har definert to hovudmål for planarbeidet til no:

- Kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn.
- Vi skal vidareutvikle regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter/fyrtårn og arbeide for å etablere nye.

### Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling

Strategien skal gje Sogn og Fjordane sterke bustad-, arbeids- og serviceregionar, med meir attraktive tettstadar som utfyller og styrkar kvarandre. Vi gjorde hoveddelen av arbeidet med strategien i 2017.

Strategidokumentet er eit kunnskapsgrunnlag og inneheld framlegg til føringar (retningsliner) innanfor desse temaata:

- attraktive tettstadar
- attraktive bustadar
- sterke bu-, arbeids- og serviceregionar.

Analysar av folketalsutviklinga i fylket har vore eit viktig grunnlag for strategiarbeidet (planutvalssakene 1/17 og 7/17).

### Regional transportplan

Framlegg til regional transportplan og handlingsprogram (2018-21) var på høyring frå juni til september 2017 (FU-sak 69/17). Det var også rapporten om framtidig trasé for Kystvegen og gå- og sykkelstrategien for fylket.

Fylkestinget vedtok regional transportplan i desember 2017. Planen tek føre seg

- fylkesvegar
- kollektivtrafikk
- trafikktrygging
- skredsikring
- næringstransport
- statleg infrastruktur

Den overordna visjonen for transportpolitikken i Sogn og Fjordane er: «Å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og fremmer regional utvikling.»

### Regional plan for klimaomstilling

Planarbeidet handlar om klimaomstilling av samfunnet. Fylkesutvalet vedtok planprogrammet i januar 2017 (sak 3/17). Kunnskapsgrunnlaget for planen er utarbeidd, og vi arbeider no med sjølvle planen.

Satsingane i planen er knytt til desse temaat:

- energiforsyning
- energibruk i bygg
- areal og transport
- næringsliv og teknologi
- klimavenleg landbruk
- klimatilpassing
- forbruk
- klimakunnskap og klimakommunikasjon.

## RETTEIING OG KOMPETANSEHEVING I KOMMUNANE

Vi har som mål å gje fråsegn til alle kommunale planar – samfunnsdelar, arealdelar og reguleringsplanar, men har ikkje hatt kapasitet til å gje uttale til alle reguleringsplanar. Vi har difor prioritert reguleringsplanar med stor samfunnsverknad, planar for sentrumsutvikling og «større» reguleringsplanar.

Fylkeskommunen har ansvar for regionalt planforum. Kommunane kontaktar oss om planarbeid dei har behov for å drøfte med ulike statlege og regionale fagetatarar. Vi gjennomførte 13 møte med totalt 9 ulike kommunar i 2017. Kommunane fekk òg tilbod om å melde inn saker til «planforum klimaspesial», der fylkeskommunen og Vestlandsforsking bidrog med kompetanse om klimaomsyn i planlegginga. Så langt har ein kommune nyttet denne moglegheita i samband med samfunnsdelen til kommuneplanen sin.

Vi gjennomførte våren 2017 dagsamlingar i planleggjarnettverka i Sogn, SIS/HAFS og Nordfjord. I november arrangerte fylkeskommunen saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ei regional plansamling i Førde. Hovudmålgruppa var kommunalt tilsette som jobbar med planlegging, men også konsulenter og andre interesserte kunne delta. Det var i alt 100 deltakarar på samlinga. Dei tre fagdagane hadde følgjande overordna tema:

- planlegging med omsyn til miljø og klima
- juridiske tema
- planlegging med menneske i sentrum

Hausten 2017 starta vi saman med Hordaland fylkeskommune og KS eit samarbeid om eit mentorprogram for nye planleggjarar i kommunane. I programmet er fire kommunalt tilsette planleggjarar med som mentorar. Til saman elleve kommunalt tilsette planleggjarar er med frå deltagarkommunane. Første samling var på Voss i september 2017.

## FYLKESATLAS OG FYLKESSPEGEL

Fylkesatlas ([www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)) er webkartet til fylkeskommunen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Kartløysinga blir brukt både internt i sakshandsaming og av eksterne. Det var i 2017 i gjennomsnitt 225 sidevisningar kvar dag.

I Fylkesspegele (<https://statistikk.fylkesatlas.no/>) publiserer vi statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket. Vi lanserte ein ny versjon av Fylkesspegele i mars 2017, og den nye løysninga har fått gode tilbakemeldingar. Den nye Fylkesspegele har i gjennomsnitt hatt 113 daglege sidevisningar, og 171 personar har meldt seg på nyhendebrevet vi har oppretta. Nettsida er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen, Høgskulen på Vestlandet og NAV.

# KLIMAARBEID

Regional planstrategi løftar fram klimautfordringane som ein av fem hovudutfordringar for fylket. Planstrategien peikar på at fylket må arbeide med korleis vi kan få til ei omstilling til fossilfri økonomi på lang sikt, og kva tiltak som kan verke på kort sikt.

Vi har to overordna mål knytt til klimautfordringane:

- Sogn og Fjordane deltek i bygging av verdikjeder som gjev netto nullutslepp innan bygg, ferje-/båttransport og innkjøp.
- Sogn og Fjordane følgjer opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål som er i samsvar med nasjonale og internasjonale målsetjingar, bl.a. Paris-avtalen (2015).

Fylkestinget har vedteke å revidere den gjeldande fylkesdelplanen for klima og miljø ved å lage ein ny regional plan for klimaomstilling.

Klima og miljø er også viktige tema i regional transportplan, strategisk plan for kysten og strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling.

## REGIONAL PLAN FOR KLIMAOMSTILLING

Planarbeidet med regional plan for klimaomstilling starta i november 2016. Fylkestinget endra framdriftsplanen 17. oktober 2017 (FT-sak 34/17). Planframleggget blir lagt ut til offentleg ettersyn i mars 2018, og fylkestinget vedtek planen i juni 2018. Det overordna målet for regional plan for klimaomstilling er å få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane.

Planen skal i hovudsak konsentrere seg om desse tema:

- energiforsyning og energibruk i bygg
- areal og transport
- næringsliv og teknologi
- klimavenleg landbruk
- klimatilpassing
- forbruk
- klimakunnskap og klimakommunikasjon

Den tradisjonelle tilnærminga til klimaendringar har vore å satse på teknologiske tiltak for å redusere klimagassutslepp. Med klimatilpassing meiner vi tiltak for å ta vare på samfunnet og utnytte mogleigheter som klimaendringar kan gje.

Klimapanelet til FN har teke til orde for ei ny tenking kring dette, som siktar til endring av dei grunnleggande eigenskapane til eit system (IPCC, 2012). For å klimaomstille samfunnet, er det naudsynt å setje inn omfattande tiltak som kan endre samfunnet på systemnivå relativt raskt. Vi må ha eit grønt skifte i samfunnet, heilt frå internasjonalt nivå og ned på individnivå. Sogn og Fjordane skal bidra, og vi ynskjer gjennom arbeidet med den nye planen å definere korleis fylket kan klimaomstille seg. Korleis kan eit grønt skifte skje i Sogn og Fjordane?

Fylkeskommunen arrangerte fotokonkurranse med tema klimaomstilling hausten 2017. På denne og dei neste to sidene ser du nokre av dei innsende biletta.



Dette biletet vann konkurransen.

Foto: Eric Sadorge



Foto: Steffen Heggen Starheim

## PROSJEKTET «SAMHANDLING FOR GRØNT SKIFTE»

Styringsgruppa for regionalt klimasamarbeid fekk i 2015 tre millionar kroner frå Regionalt forskingsfond Vestlandet til prosjektet «Samhandling for Grønt Skifte». Prosjektet har som mål å styrke kunnskapen om vilkåra for lokal klimaomstilling og utvikle nye metodar for ei slik omstilling.

I styringsgruppa til prosjektet sit representantar frå NVE, Statens vegvesen, KS, Fylkesmannen og Vestlandsforskning. Fylkeskommunen ved plansjefen er prosjektansvarleg, medan Vestlandsforskning er prosjektleiar. Prosjektarbeidet er godt i gang. Det har vore oppstartsmøte i kvar kommune, og vi har gjennomført to av til saman fire planlagde fellessamlingar i 2017.

## NASJONAL KLIMAOMSTILLINGSKONFERANSE

Klimaomstillingskonferansen samla om lag 150 deltagarar i Sogndal 29.-31. august 2017 og vart også overført direkte på nett. Konferansen er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Fylkesmannen, Høgskulen på Vestlandet, NVE, Statens vegvesen, Innovasjon Norge og Vestlandsforskning. Vi legg opp til at dette skal vere ei årleg hending og ein viktig arena for å sette klimaomstilling på dagsorden.

## SAMARBEIDSAVTALAR

Fylkeskommunen vidareførte i 2017 samarbeidsavtalane med frivillige lag og organisasjonar som jobbar spesielt med temaet klima og miljø. Det er i tråd med gjeldande handlingsprogram for klima og miljø. Organisasjonane som hadde samarbeidskontrakt med fylkeskommunen i 2017 var

- Sogn og Fjordane 4H
- United World Collage RCN
- Naturvernforbundet
- Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane

Gjennom slike kontraktar er fylkeskommunen med og støttar lokale lag og organisasjonar som jobbar med temaet klima og miljø. Som del av kontrakten forpliktar organisasjonane seg til å bidra inn mot relevant fylkeskommunalt arbeid, som blant anna den nye klimaomstillingsplanen.

## FOTOKONKURRANSE

Vi inviterte hausten 2017 ungdom til å bli med i ein fotokonkurranse med tema klimaomstilling. Konkurransen var open for alle, men vi sende ut særskilt informasjon til alle vidaregåande skular, folkehøgskular, Høgskulen på Vestlandet og kommunane.

Deltakarane i konkurransen skulle gjennom foto vise korleis dei meiner vi best bur oss på dei klimatiske endringane som kan kome, og korleis vi kan omstille oss til eit grønare, smartare og betre samfunn. Vinnarbiletet kjem på framsida av regional plan for klimaomstilling.

## FORSYBAR ENERGI

Forsybar energi er eit satsingsområde i verdiskapingsplanen. Fylket har store fornybarressursar, ikkje minst vass- og vindkraft. Fylkeskommunen yter støtte,



Foto: Pål Kielland



Foto: Eline Øyrehaugen

inklusiv sekretærtenester, til Energiforum Sogn og Fjordane, som skal bidra til auka verdiskaping knytt til planlegging, utbygging, drift og bruk av fornybar energi i Sogn og Fjordane. Forumet skal også legge til rette for teknologiutvikling knytt til fornybar energi og energiøkonomisering.

### **HYDROGEN REGION SOGN OG FJORDANE**

Hydrogensatsinga til fylkeskommunen har hatt eit høgt aktivitetsnivå i 2017.

#### **Støtteordning for utviklingsprosjekt**

Fylkeskommunen har ved hjelp av midlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane etablert og administrert ei støtteordning for utviklingsprosjekt knytt til hydrogen i næringslivet. Ordninga har gitt støtte til

- utvikling av ein hydrogendriven hurtiggåande passasjerbåt frå Brødrene Aa
- etablering av eit mikronett i Solund med lokal energiproduksjon og hydrogen for lagring og distribusjon av energi
- design av ein arbeidsbåt for oppdrettsselskapet Osland Havbruk som kan gå på hydrogen frå eit lokalt småkraftverk
- ein moglegheitsstudie for hydrogenproduksjon frå eit bøljkraftverk ved Lutelandet Industripark
- ei kartlegging av lokale hydrogenverdikjeder med utgangspunkt i kraftressurser i indre Sogn

#### **Kommunalt samarbeidsprosjekt**

Fylkeskommunen har gjennomført eit samarbeidsprosjekt med kommunane Årdal, Høyanger, Gloppen, Eid, Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora. Der har konsulent-selskapet Greensight bidrege til å utvikle ei verktøykasse for planlegging og gjennomføring av hydrogenprosjekt i lokalsamfunna. Prosjektet er støtta av Klimasats-midlane til Miljødirektoratet. Rapporten frå prosjektet vert tilgjengeleg på nettsida til fylkeskommunen [www.sj.no/hydrogen](http://www.sj.no/hydrogen).

#### **Samarbeid med andre fylkeskommunar**

Vi har etablert eit tett og godt samarbeid om hydrogen med dei tre andre fylkeskommunane på Vestlandet. Neste steg i samarbeidet er å gjennomføre ein prosess for å samlast om ein felles hydrogenstrategi for dei fire fylka. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i tillegg teke initiativ til eit landsdekkande fylkesnettverk for hydrogen. Nettverket har fått støtte frå Klimasats-midlane, Norsk Hydrogenforum fungerer som sekretariat, og Sogn og Fjordane har presidentskapet i 2017-18. Strategien for fylkesnettverket vart presentert på Zero-konferansen i november 2017.

#### **Kartlegging av kompetansebehov**

Vi har starta ei kartlegging av kompetansebehov i næringslivet knytt til hydrogen. Kartlegginga skal vere utgangspunktet for ein kompetansestrategi for fylket. Strategien skal mellom anna inkludere satsingar knytt til hydrogen som energiberar innan

- vidaregåande opplæring
- fagskule og høgare utdanning
- FoU
- innovasjon og utvikling i næringslivet
- kompetanseauke i forvaltninga
- samfunnstryggleik og beredskap

#### **Kompetanse- og nettverksbygging**

Vi har delteke i ulike nasjonale og internasjonale nettverk for å auke eigen kompetanse og knyte kontaktar. Vi har delteke i mellom anna



Foto: Jan-Erik Røneid

- regionnettverket til Fuel Cells and Hydrogen Joint Undertaking
- ekspertgruppa for maritim hydrogenteknologi i International Energy Agency (Hydrogen Implementation Agreement Task 39)
- den norske ekspertgruppa for hydrogensikkerheit i CEN/CENELEC (European Committee for Standardization)

#### Kommunikasjon og formidling

Fylkeskommunen har i hydrogensatsinga lagt mykje vekt på kommunikasjon og formidling. Vi har mellom anna bidrige til to konferansar om hydrogen i Florø, den eine med 130 deltakarar frå elleve land. I tillegg er fylkeskommunen partner i ulike FoU-prosjekt knytt til hydrogen. Vi er mellom anna med i

- eit forskingsprosjekt som ser på moglegheitene for innkjøp av hydrogen-teknologi i hurtigbåtar
- eit læringsnettverk for lokale hydrogensamfunn i Noreg, Skottland, Island, Færøyane og Canada

#### ENERGI OG MILJØ (RAPPORT FRÅ INNOVASJON NORGE)

Innovasjon Norge Sogn og Fjordane løvde 22,3 mill. kr til fire prosjekt innan Miljøteknologiordninga i 2017. Det er det høgaste årlege beløpet som er løvd til bedrifter i Sogn og Fjordane frå denne ordninga. Prosjekta varierer i storlek frå 1 mill. kr til 10 mill. kr i tilskot. Prosjekta er innanfor områda solenergi, maritim industri og smart energi.

To prosjekt har fått støtte gjennom Pilot-e-ordninga (samarbeid mellom Enova, Forskningsrådet og Innovasjon Norge). Desse prosjekta har også fått totalt 15,4 mill. kr i støtte frå Forskningsrådet.

Det er sett i gang arbeid med eit forprosjekt bedriftsnettverk, som er finansiert. Innovasjon Norge arrangerte eit nettverksmøte der ulike nettverk/grupperingar møttest til gjensidig informasjon, samt orienteringar frå klyngeansvarleg og ansvarleg for bedriftsnettverk i Innovasjon Norge. Det er eit mål å få etablert eit hovudprosjekt bedriftsnettverk i 2018 innan energi og miljø.

Innovasjon Norge har følgt opp Hydrogenprosjektet i Sogn og Fjordane og har gjeve støtte til prosjektet hydrogendriven passasjerbåt gjennom Grønt kystfartsprogram. Hydrogenprosjektet i Sogn og Fjordane og Innovasjon Norge har samarbeidd med sikte på å etablere eit Arena-prosjekt i 2018.

Innanfor Bioenergi har Innovasjon Norge støtta eit stort prosjekt innan anlegg for varmesal og produksjon og lagring av brensel.

#### ENERGISPARING, ENERGIBRUK OG MILJØ

Bygge- og eigedomstenesta jobbar aktivt med å etablere effektive energiløysingar i dei fylkeskommunale bygga og slik redusere den samla energibruken. Vi har teke grep for å legge om til fornybar energi, slik at oppvarming basert på fossile energikjelder fortløpende kan fasast ut. I 2017 er fossil oppvarming fasa ut ved

- Mo og Øyrane vidaregåande skule, avd. Mo
- Høyanger vidaregåande skule
- Flora vidaregåande skule

Varmeanlegget ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, avd. Øyrane er no tilknytt det nye fjernvarmeanlegget i Førde.



Foto: Sofie Vedvik

Vi har vidare gjennomført fleire mindre prosjekt knytt til betre energieffektivisering, noko vi ventar å sjå resultat av i dei kommande åra. Målet og kravet om fossilfri oppvarming før 2020 er innan rekkevidde. Vi har eit mål om å realisere dette for alle fylkeskommunale bygg innan fristen.

Energimålet på gjennomsnittleg 130 kWh/m<sup>2</sup> er òg innan rekkevidde, og vi forventar at målet er nærmare når siste års tiltak syner resultat. Vi må likevel framleis ha søkjelys på arbeid med energiomlegging og fleire tiltak for energieffektive løysingar i bygga våre for å nå heilt fram. Figuren nedanfor syner temperaturjustert energibruk for alle dei vidaregåande skulane til fylkeskommunen. Vi er på rett veg for å nå målet.

Sjølv om energibruken er på rett veg, går dessverre den samla kostnaden for energi i motsett retning. Forenkla fortalt er dette på grunn av ei auke i nettleige for straum. Om lag 60 prosent av straumkostnaden er knytt til nettleige og effektavgift. Effektivisering med omsyn til effekt og bruk av straum generelt, vert viktig for å unngå at den totale energikostnaden går opp. Det er eigentleg to vegar til målet, og begge må brukast aktivt for å komme heilt fram. Det gjeld produksjon av eigen energi og fleire tiltak med effektivisering og reduksjon av behovet for straum til bygningsmassen vår. I tillegg er det særleg viktig at vi vel energieffektive løysingar når vi bygger nytt.



Diagram 6

Dei tekniske driftstenestene konsentrerer seg i tillegg til energisparande tiltak, om å drifta skulane mest mogleg energieffektivt. Auka merksemd om bruk og styring av dei tekniske anlegga står sentralt i arbeidet. Energi som blir brukt vert målt kontinuerleg og følgt opp i den daglege drifta.

## TRANSPORTSEKTOREN

Om lag 31 prosent (16,5 mill. tonn) av dei totale norske klimagassutsleppa kjem frå transportsektoren. Sektoren må sleppe ut vesentleg mindre klimagassar om Noreg skal oppfylle måla i Paris-avtalen. Reduksjon av klimagassar frå transportsektoren er eitt av hovudmåla i Regional planstrategi 2016-2020.

Kollektivtransport - ferje, lokale rutebåtar, hurtiggående regionale rutebåtar og buss - er ein vesentleg del av samferdslesektoren til fylkeskommunen. Vi kan påverke klimagassutsleppa frå kollektivtransport mellom anna ved å definere krav til klima og miljø i anbod.

Ferjer, bussar og båtar i fylkeskommunale ruter slapp ut 45,9 1000 tonn CO2-ekvivalentar i 2016.

Transportmiddel	Forbruk i liter i 2016	Utslepp 1000 tonn CO2-ekv 2016
Ferjer (fylkesvegnettet)	4 299 934	11,4
Hurtigbåtar (bergensrute)	6 683 894	18,2
Lokalbåtar	2 086 693	5,5
Buss	4 004 949	10,6
<b>Sum</b>	<b>17 245 470</b>	<b>45,9</b>

Tabell 15: Utslepp av CO2 frå ferjer, båt og buss som er under kontrakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2016 (2,66 kilo CO2-ekvivalenter utslepp per liter forbruk).

I dag går alle hurtigbåtar i Noreg på fossilt drivstoff. Hurtigbåtar som går over lengre distansar, er særleg energikrevjande. Båtane som går frå Sogn og Fjordane til Bergen utgjer nærmare 40 prosent av utsleppa frå kollektivsektoren til fylkeskommunen.

Dagens ferjeflåte i Sogn og Fjordane er under opprusting. Gjennomsnittsalderen for ferjene på fylkesvegsamband i Sogn og Fjordane var 25 år i 2016. I løpet av dei neste tre åra vil fleire ferjer bli bytta ut, noko som gjer at snittalderen for ferjer på fylkessamband i 2018 vil vere 9,8 år. Nye ferjer har lågare utslepp av klimagassar enn dei gamle.

Med dagens teknologi er det mogleg å elektrifisere ferjedrifta, men det er avhengig av at overfarten ikkje er for lang eller energikrevjande. Vi må også ta omsyn til kostnadar knytt til etablering og/eller oppgradering av el-infrastruktur på land.

I dei siste bussanboda har fylkeskommunen stilt krav om nyaste tilgjengelege motor-teknologi. Det er difor krav om at nye bussar skal bruke såkalla EURO 6-motorar. Dette er motorar som er innanfor den strengaste utsleppsstandarden, gjeldande for EU- og EØS-land frå 2014. Motorar som tilfredsstiller EURO 6-standard har spesielt lågare NOx-utslepp enn tidlegare motortypar.

Ei ny lov om offentlege anskaffingar trådde i kraft 1. januar 2017. Den nye lova legg sterkare vekt på klima og miljø i offentlege innkjøp og skal leggast til grunn ved neste anbodsutlysing for dei ulike kontraktane innan kollektivtransport i fylket.

Anbod	Utan opsjon	Med opsjon
Buss Nordfjord	2022	2024
Buss Sunnfjord	2024	2026
Buss Sogn	2025	2027
Lokalbåtar	2020	2022
Hurtigbåt med rute til Bergen	(opsjon utløyst)	2022

Tabell 16: Oversikt over siste kontraktsår under gjeldande avtalar for buss og båt i Sogn og Fjordane.

Alle dagens anbod for kollektivtransport går ut i løpet av planperioden til Regional transportplan. Utover anbod på enkeltvise ferjeruter er det tre anbod for buss i fylket samt anbod for høvesvis lokalbåtar og hurtigbåt med rute til Bergen.

Ferjekontraktane går i hovudsak til 2025 med 1+1 års opsjon. Daløy-Haldorsneset går til 2023 med 1+1 års opsjon. Hisarøy-Mjånes går til 2023 med inntil 5 års opsjon.

Omlegging til lav- og nullutslepp krev store investeringar. Omlegging til utsleppsfree bussar krev at vi byggjer ein infrastruktur som gjer det mogleg med eit fullverdig busstilbod drive av klimavenleg teknologi. Ei utfordring er usikkerheita om kva som vil vere gjeldande motorteknologi på lengre sikt, noko som i utgangspunktet gir lite føreseeielege føresetnader for investering.

Gjennom arbeidet med kunnskapsgrunnlaget til regional transportplan har vi sett på ei mogleg skisse for nedtrapping av utsleppa til tilnærma nullutslepp frå kollektivtrafikken innan 2050. Utviklinga under er eit tenkt scenario, ein gradvis klimagassreduksjon i takt med ordinære fylkeskommunale innkjøp av kollektivtenester. Samstundes er det viktig at innfasinga av låg- og nullutsleppsløysingar skjer på ein økonomisk forsvarleg måte når det er teknisk mogleg.





Diagram 7

Figuren over illustrerer korleis kollektivtrafikken i Sogn og Fjordane kan vorte tilnærma utsleppsfree i perioden fram mot 2050. Med strenge krav til utsleppsreduksjon vert det opp til transportøren å kome fram til teknologien som gjer det mogleg å nå krava til utsleppsreduksjonar.

Mykje av reduksjonen som vist ovanfor er avhengig av vidare teknologisk utvikling innan både batteri- og hydrogenteknologi. I tråd med målsettinga frå Regional planstrategi bør Sogn og Fjordane bruke klimavenlege løysingar innan transport aktivt.

## KLIMA- OG MILJØFAKTA



# INTERNASJONALT ARBEID

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i

- Nordsjøkommisjonen (inklusiv paraplyorganisasjonen CPMR)
- det nordatlantiske samarbeidet NORA
- fjellregionsamarbeidet Euromontana

I 2017 har vi prioritert internasjonalt arbeid innan marin sektor og sjømatnæringer i NORA og Nordsjøkommisjonen.

Fylkeskommunen er også med i Vest-Noregs Brusselkontor og leiar eit Interreg Europe-prosjekt (P-IRIS), som starta i 2017.

## Nordsjøkommisjonen

Fylkeskommunen deltek gjennom administrativ representasjon i internasjonalt marint samarbeid i faggruppa Marine Resources Group. Tema er mellom anna påverknadsarbeid og kompetanseoverføring innan kystsoneplanlegging, rekruttering til marine næringar og fiskeripolitikk.

Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes vart i 2017 valt til ny nestleiar i Marine Resources Group, og ho fylgjer arbeidet i gruppa noye. Kjelsnes er også vara til den norske representasjonen i Executive Committee (ExCom) i Nordsjøkommisjonen.

## NORA (Nordisk atlanterhavssamarbeid)

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under det regionalpolitiske samarbeidsprogrammet til Nordisk Ministerråd. Organisasjonen skal bidra til vekst i regionen mellom anna ved å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskings- og utviklingsorganisasjonar på tvers av landegrensene.

NORA-regionen består av Island, Færøyane, Grønland og Kyst-Norge (Vestlandsrådet og Nord-Norge) og vert styrt av ein komité med tre representantar frå kvart land. Marin fagkoordinator i fylkeskommunen representerer Vestlandsrådet i komiteen. I tillegg har Nordland fylkeskommune ein representant og Kommunal- og moderniseringsdepartementet den tredje representanten.

I 2017 har Vestlandsrådet vore den nasjonale representanten i arbeidsutvalet (AU) i NORA. AU hadde i desember møte med generalsekretær i Nordisk Ministerråd, der mellom anna vidare arbeid i NORA stod på dagsorden.

## Samarbeid med Vest-Noregs Brusselkontor

Vest-Noregs Brusselkontor var 8.-9. mars 2017 vertskap for ein delegasjon sammensett av fylkeskommunen, næringsliv og forskingsmiljø frå Sogn og Fjordane. Målet var å bli betre kjende med

- regionane sitt europeiske innovasjons- og forskingsnettverk, ERRIN
- europeisk samarbeid innan hydrogen og brenselceller
- samarbeidsplattforma EU-kommisjonen har innan maritim fornybar energi

Sogn og Fjordane testa 22. november ut ERRIN sitt tilbod om partnarsøk («ERRIN brokerage week») med eit prosjektinitiativ innan energiøkonomisering. Vi følgjer opp arbeidet med prosjektutvikling. Medlemskapet Vest-Noregs Brusselkontor har i ERRIN viste seg såleis å vere nyttig for fylkeskommunen.



Sogn og Fjordane fylkeskommune leiar det europeiske Interreg Europe-prosjektet P-IRIS, som går frå 2017 til 2021. Partane var i 2017 mellom anna på studietur til Kroatia, der deltok Ingvild Andersen og Lars Hustveit frå fylkeskommunen.

Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

### Innovative nettverk

Fylkeskommunen leiar Interreg Europe-prosjektet P-IRIS, som går frå 2017 til 2021. Prosjektet ser på korleis vi kan betre arbeidet med innovative nettverk i distrikta. Målet er å få fleire kostnadseffektive og kommersielt retta nettverk, som trekk ung arbeidskraft til bygdene våre.

Første fase (2,5 år) går ut på å kartlegge innovative nettverk hjå partnarregionane og dokumentere god praksis. Prosjektet har i første leveår produsert regionale rapportar for alle dei seks partnarane. Rapportane skildrar situasjonen for innovative nettverk i dei ulike distrikta.

Partnarane har også gjennomført tre studiebesøk, der dei arbeidde med korleis få til effektiv kunnskapsdeling i nettverk og bruk av verkemiddel til ulike steg i ein innovasjonsprosess.

(<https://www.interregeurope.eu/p-iris/>)

### Anna europeisk deltaking

Fylkeskommunen deltek på ulike europeiske og norske læringsarenaer, til dømes «policy learning platform» i Interreg Europe og i ei arbeidsgruppe i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementet vil lage ein rettleiar som knyter norsk og europeisk praksis saman. Europeiske analysemetodar er utvikla for å identifisere betre kva kunnskapsgrunnlag vi har som kan gje grunnlag for fornying av næringslivet.

Vi arrangerte 28. november ein workshop for å introdusere ein analysemetode som vi har fått utvikla saman med Rogaland og Hordaland. Det har skjedd gjennom prosjektet «Drivers of regional economic restructuring – actors, institutions and policy», og tiltaket vart finansiert gjennom Regionalt forskingsfond.

EU-regionane har laga verdiskapingsplanane sine som smart spesialisering-strategiar. Smart spesialisering i Europa handlar om å knyte saman regionar med felles prioriteringar, for å sjå korleis dei kan utfylle kvarandre i utviklinga av konkurransedyktige, internasjonale verdikjeder. Sogn og Fjordane prøver ut dette samarbeidet innan maritim fornybar energi (<http://s3platform.jrc.ec.europa.eu/marine-renewable-energy>).

Sogn og Fjordane er med på ein søknad til det tre-årige EU-prosjektet SPARSE (Supporting and Promoting Arts in Rural Settlements in Europa). Svar på søknaden er venta i løpet av sommaren 2018. I mellomtida går kontakt og utveksling av kultur som eit eige prosjekt utanom EU-prosjektet. I juni 2017 var det eit nettverksmøte knytt til dansefestivalen «Trayectos» i Spania. DKS har programmert framsyninga «ISLA», som var synt på festivalen, til alle elevane i vgs komande skuleår.

# RESULTAT OG AKTIVITETAR



# NÆRING OG KULTUR

Nærings- og kulturavdelinga dekkjer eit brent spekter av oppgåver innan næringsutvikling, marin forvaltning, vassforvaltning, kultur, folkehelse og friluftsliv.

## NÆRINGSOMråDET

Verdiskapingsplanen gjev føringar for arbeidet på næringsområdet, og i 2017 sette vi i gang arbeidet med å rullere planen. Nyskaping og kunnskap er gjennomgående plantema i verdiskapingsplanen. Planen omhandlar også sjømatnæringer, reiseliv og energi (både fornybar energi og olje/gass), i tillegg til industri og landbruk.

Vi samarbeider med Innovasjon Norge og andre med å skape eit oversikteleg og godt apparat for å hjelpe både bedrifter og etablerarar.

Vi såg resultat i mange spennande og gode utviklingsprosjekt i 2017, blant anna:

- Loen Skylift, som vart opna av H.M. Dronning Sonja 20. mai 2017. Prosjektet er eit av dei mest storslegne reiselivsprosjekta i Noreg og har sett Loen og Stryn kommune på kartet både nasjonalt og internasjonalt.
- Norsun AS i Årdal, som opplevde auka etterspurnad etter produkt til solceller, mykje grunna eit lågt CO<sub>2</sub>-avtrykk på produkta gjennom bruk av vasskraft i produksjonen.
- Lefdal Mine Datacenter, som opna 10. mai 2017 med markering inne i fjellhallen. Senteret brukar ei lokalt utvikla løysing for kjøling og representerer ei miljøvenleg og framtidsretta industrialsring innan ein global sektor i stor vekst.

## KULTUROMråDET

På kulturområdet arbeider vi etter

- regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- kulturstrategien for 2015-2018
- regional plan for folkehelse 2016-2025

Vi starta i 2017 arbeidet med ein ny regional plan for kultur. Partnarskapen er involvert i arbeidet gjennom deltaking i administrativ styringsgruppe, deltaking på innspelsmøte og gjennom høyring på utkast til planprogram.

Kulturlivet i fylket er prega av jamt god aktivitet. Rom for deltaking, oppleveling og utfordring er nøkkelord i arbeidet som vert lagt ned innan kultursatsinga i fylkeskommunen. Eigarskap til kulturarven og verdiskaping på grunnlag av kunst, kultur og kulturarv er gjennomgående for dei resultata vi bidreg til å oppnå.

Vi har ikkje registrert avvik i oppfølginga av politiske vedtak i 2017.

## ØKONOMI

Sektoren næring og kultur hadde eit revidert budsjett på 173,8 mill. kr i 2017. Midlane vart fordelte slik:

Teneste	Rekneskap 2017*	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Bedriftsretta satsingar	36,020	36,020	31,000	26,337
Kommunikasjonsteknologi	8,277	8,277	1,143	1,000
Bransjeretta satsingar	9,384	10,105	9,818	11,629
Nyskaping	21,391	21,399	20,923	23,754
Kunnskap	4,593	4,593	5,825	5,845
Andre næringsområde	12,622	12,657	2,484	3,090
Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet - Administrasjon	10,241	10,281	10,351	10,055
Klima	0,000	0,000	0,007	1,898
Friluft, natur og kulturforvaltning	1,175	1,175	0,800	1,438
Friluftsliv, vassregion etc. Administrasjon	0,919	0,919	1,791	2,761
Bibliotek	5,934	5,934	6,041	6,500
Kulturminnevern	12,609	12,458	14,668	13,491
Muséer	15,469	15,469	17,456	16,244
Kunstformidling	9,500	10,056	9,708	10,251
Kunstproduksjon	11,952	11,952	11,605	11,494
Idrett	2,708	2,783	3,298	2,526
Andre kulturaktivitetar	9,108	9,804	11,467	11,093
<b>Sum</b>	<b>171,901</b>	<b>173,882</b>	<b>158,385</b>	<b>159,403</b>

I mill. kr.

\* Av årets bokførte kostnad er 21.894 mill. kr avsett til bruk seinare år.

Tabell 17

Sogn og Fjordane fekk 24,104 mill. kr frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet til utbygging av breiband i fylket i 2017.

Fylkeskommunen fekk også 1,6 mill. kr frå Landbruks- og matdepartementet til arbeid med rekruttering og kompetanseheving innan landbruket.

Frå Miljødirektoratet fekk vi 2,1 mill. kr til arbeidet med vassforvaltning.

Kultursektoren forvalta i tillegg ca. 75 mill. kr i statlege tilskot til kulturaktivitet i fylket. Dei var fordelte slik:

- 9,8 mill. til kulturminnevern (freda bygg, verdsarv og fartøyvern)
- 10,6 mill. til kunstformidling (spelemidlar til Den kulturelle skulesekken, skulekonsertar)
- 53,2 mil. til fysisk aktivitet (spelemidlar)
- 1,6 mill. til kulturygg (spelemidlar)



NTNU-studentane og gründerspirene Kristoffer Aase og Håkon Vikøren fekk «Verdas Beste Sommarjobb» i 2017. Dei fekk seks veker i Sogn og Fjordane til å jobbe med forretningsideen.  
Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

## NYSKAPING - EVNA TIL Å FANGE OPP GODE INITIATIV

### Driftig.no

Nettsida Driftig.no er ein informasjonskanal for etablerarar og småbedrifter. Sida samlar tilbodet til dei som ønsker å starte eller vidareutvikle småbedrifter i Sogn og Fjordane.

Driftig gjennomførte i 2017 prosjektet «Verdas Beste Sommarjobb» for å auke merksamda om moglegheitene i Sogn og Fjordane. Av 37 søknadar blei to studentar frå NTNU plukka ut til å utvikle sin eigen forretningsidé gjennom seks veker i Sogn og Fjordane. Dei fekk dekka kontorplass i eit gründermiljø, bustad, kurs og rådgjeving samt løn i perioden. Studentane publiserte tekstar på nett om opplevingane og erfaringane sine. Målet var å vise fram eit ressurssterkt fylke med eit godt organisert næringsapparat.

## ETABLERAROPPLÆRING

Fylkeskommunen arrangerer grunnleggande etablerarkurs og temakurs for folk som ønskjer å starte eiga bedrift, fleire stadar i Sogn og Fjordane. Kursa går utanom vanleg arbeidstid og blir leia av ein innleigd konsulent. Kursa er utvikla saman med Innovasjon Norge og i samråd med kommunar, næringsselskap og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.

Vi arrangerte fire etablerarkurs i 2017 - i HAFS, Sunnfjord, Nordfjord og Sogn. Til saman 49 personar fullførte kurset. I 2016 fullførte 43, fordelt på tre kurs. I etterkant av etablerarkursa har vi sett opp temakursa «økonomi og rekneskap» og «finansiering» i dei same regionane. 48 personar gjennomførte temakurset økonomi og rekneskap, og 15 fullførte temakurset finansiering.

### Kurs og samlingar

Næringsmedarbeidarar i kommunar og næringsselskap treng ulike kurs og samlingar for å vere gode rettleiarar for etablerarar og lokalt næringsliv. Dei må vere trygge på rolledeelinga i verkemiddelapparatet og på ulike regelverk og rutinar i samband med forvaltning av offentlege midlar. I 2017 arrangerte vi to fagdagar:

- Fagdagen i Fjærland i juni var eit minikurs i offentleg innkjøp og statsstøtte-regelverket.
- På fagdagen på Skei i september var tema rutinar og retningsliner for kommunale næringsfond, sentrale prinsipp for sakshandsaming og oppfriskingskurs i Regionalforvaltning.

Vi hadde også ei todagarssamling i Sunnfjord i november med tema digitalisering - korleis hjelpe næringslivet med det digitale skiftet. Der drøfta vi i tillegg intern organisering og rolledeiling. Samlingane fungerer godt som møteplassar og gir påfyll til å arbeide utadretta og oppsøkande mot etablerarar og bedrifter.

### Midlar til kommunale næringsfond

Fylkeskommunen tildeler midlar til kommunale næringsfond i Sogn og Fjordane. Midlane skal hjelpe kommunane å vere gode støttespelarar for etablerarar og lokalt næringsliv. I 2017 løvvde fylkeskommunen elleve mill. kr til kommunale næringsfond.

### Ungt Entreprenørskap

Fylkeskommunen og partnarane er opptekne av at barn og unge skal få god entreprenørskapsopplæring i barnehage, skule og høgare utdanning. Ungt Entreprenørskap (UE) er ansvarleg for det operative arbeidet. Fylkeskommunen fornya i 2016 ein samarbeidsavtale med UE som sikrar kontinuerleg innsats, for åra 2017 og 2018.

UE arrangerte to regionale messer våren 2017.

- Den første gjekk føre seg i Førde og fungerte som fylkesmesse for elev- og ungdomsbedrifter. ShoeSaver UB frå Årdal vidaregåande skule blei kåra til beste ungdomsbedrift i fylket og gjekk vidare til NM i Lillestrøm.
- Den andre messa var i Høyanger.

Det blei på begge messene delt ut pris for beste klima- og miljøbedrift. I løpet av våren gjennomførte UE fire innovasjonscampar med oppdrag innanfor klima- og miljøtematikk, eit tema UE ønsker å trekke meir inn i kjerneaktiviteten sin.

#### Nettverk og møteplassar for bedrifter

Vi utforma i 2017 saman med Innovasjon Norge og fleire partnarar to nye konsept for møteplassar for bedriftene. Vi jobbar no vidare med å finne ei form på korleis vi kan bearbeide kapitaleigarar til å satse meir på næringsutvikling i Sogn og Fjordane.

#### Arbeidet med kompetansestrategiar

Stortingsproposisjon 84 S (2017) definerer kompetanse som eitt av områda der fylkeskommunane har fått eit utvida samfunnsoppdrag. Målet er å styrke den strategiske rolla til regionalt folkevalt nivå i utviklinga av den regionale kompetansepolitikken. Ifølgje vurderingane til NAV vil Sogn og Fjordane ha store utfordringar når det gjeld å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft i åra framover. Det er definert fire innsatsområde som grunnlag for arbeidet:

- verdiskaping
- kompetansebehov
- utdanningsstrategiar
- bustadattraktivitet/generelle rekrutteringsstrategiar

#### Teknologicampus

Dei teknisk retta høgskuleutdanningane er hovudsakleg knytte til ingeniørutdanningane til Høgskulen på Vestlandet ved Campus Førde. «Teknologicampus-prosjektet» er eit viktig utviklingsprosjekt for å identifisere moglege synergiar mellom høgskulen, fagskulen og dei vidaregåande skulane, fortrinnsvis innan tekniske utdanninger. Utdanningane har potensial for vidare samarbeid både innan kompetanseutvikling, investeringar og effektivisering av areal.

#### KUNNSKAP, FORSKING OG UTVIKLING

##### VRI4 Sogn og Fjordane

Det nye programmet til Forskningsrådet, FORREGION, har tre pilarar, der den eine handlar om mobilisering av næringslivet til forskningsbasert innovasjon. VRI4 høyrer til dette programmet, og løyvinga frå Forskningsrådet er på 2 550 000 kr pr. år i tre år.

Meir bruk av forsking og utvikling (FoU) i bedrifter på dei fire satsingsområda energi, landbruk, reiseliv og sjømatnæringar, skal auke verdiskapinga og fleire arbeidsplassar i fylket.

Vi har fleire verkemiddel i VRI4 Sogn og Fjordane:

- Kompetansemekling - 4 roller
- FoU-startpakke (pilot)
- FoU-prosjekt (forprosjekt)
- Nettverksmøte
- Studentmobilitet - avtale med Høgskulen på Vestlandet

Vi liste ut rollene som kompetansemeklarar våren 2017, og kompetansemeklarane var fullt operative først etter sommarferien. Det gjorde at aktiviteten vart noko



Vemund Eldegard frå Førde fekk gründerprisen for ungdom 2017. Han har utvikla eigne hudpleieprodukt under namnet Elde Cosmetics. Produkta vert selde over heile verden.

Foto: Birthe Johanne F. Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

mindre i 2017 enn budsjettert.

FoU-startpakken vart godt motteken. VR14 har store forhåpningar til ordninga, som finansierer kartlegging og analysar for å definere mål, problem, idear og konsept fram til eit mogleg FoU-prosjekt. Ordninga dekkjer dei fire første trinna i VR14-modellen for trinnvis utvikling. Målet er å få fleire nye bedrifter til å ta i bruk FoU og få inn gode prosjektsøknadar. Det vart løyvd 140 000 kr til kvart av desse FoU-startpakkeprosjekta i 2017:

- Osland Settefisk AS - berekraftig bruk av fiskeslam
- Huseby Hotelldrift - kunnskap for auka lønsemrd
- Gardsbrenneriet AS - produktutvikling i siderproduksjonen
- Nordbohus Sogn AS - framtidssblokk

Hovudarbeidsoppgåva til VR14-arbeidsgruppa har i 2017 vore å innstille kompetansemeklarar og kvalitetssikre utlysingar og søknadar om støtte.

VR14 har resultatmål knytt til tal søknadar og tilsegn i ulike FoU-program. VR14-mannskapet har vore involvert i nokre av prosjektsøknadene i 2017, men ikkje alle. Samla resultat for fylket i 2017:

FOU-PROGRAM	Tal søknader		Tal tilsegnar		Sukcessrate prosent	
	Mål	2017	Mål	2017	Mål	2017
RFFV forprosjekt - bedrift	15	10	15	6	100	60
RFFV forprosjekt - offentleg	10	2	10	2	100	100
RFFV hovudprosjekt - bedrift	10	7	5	0	50	0
RFFV hovudprosjekt - offentleg	10	4	5	1	50	25
Forskningsrådet nærings-PhD	2	0	2	0	50	0
Forskningsrådet - skattefunn	100	94	100	70	100	74
Forskningsrådet - ulike program	9	7	3	3	33	42
Horisont 2020 <sup>1)</sup>	2	17	0.5	5	25	29
SMB-programmet i H2020	1	2	1	0	100	0
Interreg og andre EU-program	2	0	1	0	50	0

Tabell 18

1) Gjeld perioden oktober 2016 til oktober 2017. Kjelde EU-Nett Sogn og Fjordane.

Grå felt er program utanom VR14 sine primærmål-program.

RFFV=Regionalt forskningsfond Vestlandet.

#### Regionalt forskningsfond

Regionalt forskningsfond Vestlandet lyste ut støtte til hovudprosjekt i februar 2017. Prioriterte tema var

- innovasjon basert på teknologi og kompetanse innan hav- og energinæringerane
- innovasjon innan berekraftig matproduksjon og bioøkonomi
- regionale offentlege prosjekt - innovasjon i kommunal sektor

Eitt prosjekt i Sogn og Fjordane fekk støtte. Det var Førde kommune med prosjektet «*IKT-støttet verktøy for nettverksbygging, læring og kommunikasjon for pårørende»*



Fylkesordførar Jenny Følling og Asgeir Hasund i Marine Harvest underteikna 8. september 2017 avtalen om undervisningskonsesjon for laks og aure ved Måløy vidaregåande skule, F.v. Frode Hovland i fylkeskommunen, rektor Åsta Navelesaker Røed ved Måløy vgs., fylkesordørar Jenny Følling og Asgeir Hasund i Marine Harvest.  
Foto: Måløy vidaregåande skule

Det var fleire utlysingar om søknad til kvalifiseringsstøtte. Av tolv søknadar var det åtte som fekk støtte. To prosjekt frå kommunal sektor fekk støtte.

## REISELIV

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane har som hovudmål å

- auke verdiskapinga
- auke tal gjestedøgn
- få eit meir berekraftig reiseliv

Planen skal gå fram til 2025 og sikrar såleis ein langsiktig horisont for arbeidet. Det operative arbeidet i planen er fordelt mellom fylkeskommunen, landbruksavdelinga til Fylkesmannen og Innovasjon Norge Vestlandet. Samarbeidet fungerte godt, og i 2017 har vi blitt samde om at tida er moden for å gjere enkelte endringar, fordi mykje har endra seg sidan planen vart skriven i 2009.

Fylkeskommunen løyvde 5,98 mill. kr til satsinga reiseliv i 2017. Løyvingane frå fylkeskommunen gjekk til

- Fjord Norge AS
- NCE Tourism Fjord Norway
- destinasjonsselskap
- administrasjon av reiselivsplanen

I tillegg sette vi av 900 000 kr til vidare arbeid med prosjekt innan infrastruktur. Midlane vart lyste ut, og seks prosjekt fekk tilskot. Blant anna fekk bedriftsnettverket knytt til Kongevegen over Filefjell tilskot til ein shuttlebuss for å gjøre det enklare for tilreisande å besøke attraksjonen. Det styrker satsinga på vandring, noko som er i tråd med reiselivsplanen.

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet laga i 2017 eit framlegg til handlingsplan for cruise, som ei oppfølging av den tidlegare vedtekne cruisestrategien for Vestlandet. Vestlandsrådet behandla framlegget til handlingsplan i oktober, og planen vart deretter sendt ut på høyring.

## SJØMATNÆRINGANE

Vi er i gang med å lage botnkart for kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora. Arbeidet starta i 2015 og vert ferdig i februar 2018. Prosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane, oppdrettsnæringa og Norges Geologiske Undersøkingar. Hausten 2017 starta fylkeskommunen eit Multikriterieanalyse-prosjekt for heile fylket, der målet er å syne eigna område for akvakultur.

Vi har starta to delprogram for rekruttering og kompetanse innan sjømatnæringane:

- Det eine er retta mot å utvikle meir attraktive opplæringstilbod til elevane på marine linjer ved Måløy vidaregåande skule.
- Det andre har tilsette i næringslivet som målgruppe.

Vi fekk i 2017 undervisningskonsesjon for oppdrett av laks og aure knytt til akvakulturoplæringa ved Måløy vidaregåande skule. Fylkeskommunen har inngått ein tiårig leigeavtale med Marine Harvest Norway, som skal drifte konsesjonsbiomassen. På grunnlag av leigeinntekter frå undervisningskonsesjonen, har vi opprettet eit eige fond, MARKO (Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond).



Sogn og Fjordane samarbeidde med Møre og Romsdal, Hordaland og Rogaland om ein vestlandsstand under Aqua Nor-messa i Trondheim i august. Fiskeriminister Per Sandberg var blant dei som var innom standen, her i samtale med fylkesordførar Jenny Følling og fylkesordførar Jon Aasen i Møre og Romsdal.

Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

### Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane

Fondet skal bidra til ei meir berekraftig akvakulturnærering i fylket og er basert på midlar frå konsesjonstildelinga i 2007. Det var ingen søknadar til fondet ved siste utlysing i september 2017.

### Vestlandsamarbeidet - Marin sektor (VestMarin)

Dette marine samarbeidet mellom Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane starta i 2007. Samarbeidet femnar om næringsutvikling innan tema som havbruk, fiskeri, sjømat og bioteknologi. Sogn og Fjordane hadde leiinga i 2017. Hovudmålet er å bidra til å oppretthalde og styrke posisjonen Vestlandet har som leiande region innan marin sektor. Vi har mellom anna

- gitt høyringsinnspel frå Vestlandsrådet til høring på «Marine botnkart» og til «NOU:2016:26 - Et framtidsrettet kvotesystem»
- planlagt og gjennomført ein vestlandsstand for det marine næringslivet vårt under Aqua Nor-messa i Trondheim i august 2017. Politikarar frå alle dei fire vestlandsfylka deltok dei første dagane. Dei fekk fagpresentasjonar og hadde møte med næringsaktørar frå heile Vestlandet.
- sett i gang ei kartlegging som skal gje råd om kva type utdanninger som må etablerast og/eller endrast for at marin leverandørindustri på Vestlandet skal vere konkurransedyktig i framtida

### Miljøseminar for oppdrettsnæringer

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerte i 2017 eit miljøseminar i Florø saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fiskeridirektoratet region Vest, Mattilsynet og Sjømat Norge. Seminaret var det sjette i rekka og tok opp ulike problemstillingar frå oppdrettsnæringer. Tema i år var knytt til overvaking av miljø, ny oppdretts-teknologi og forsking og utvikling i næringa. Over 100 personar frå næring, forvalting og forsking deltok.

### Akvakulturforvalting

Vi fekk inn 38 søknadar om akvakultur i 2017, noko som betyr at auken frå 2016 held fram. Søknadane gjeld i hovudsak laks og regnbogeaure i sjø, men også innan landbasert oppdrett har vi fått fleire nye søknadar baserte på resirkulering av vatn. Det har vidare vore ein stor auke i tal søknadar om dyrking av makroalgar. Det ligg no føre ei ny forskrift med forslag om at fylkeskommunen skal få eit større ansvar for tildeling av løyve innan akvakultur.

Vi har også hjelpt Telemark fylkeskommune i tre saker innan akvakulturforvalting.

## LANDBRUK

Landbruk blei del av verdiskapingsplanen i 2016, og Fylkesmannen har ansvar for å følgje opp dette temaområdet.

Fylkeskommunen fordeler tilskot til prosjekt og kurs som rettar seg mot kompetanseheving og rekruttering i landbruket. I 2017 fordelte vi 1,68 mill. kr til slike føremål. Vidare er fylkeskommunen høyringsinstans for nasjonale prosessar og løftar fram dei viktigaste produksjonane i fylket i fråsegna til jordbruksoppgjøret.

Agronomutdanning for vaksne, finansiert via midlar til kompetanseheving, er framleis det største tiltaket som gjev kompetanse til nye næringsutøvarar i fylket.

## PROSJEKT TREDRIVAR

Det toårige verdikjedeprosjektet på tre vart i tråd med prosjektplanen avslutta i

desember 2017. Prosjektet har vore eigd av fylkeskommunen, Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har hatt ein prosjektleiar i halv stilling, som har arbeidd med moglegheitene for foredling framfor eksport av råvara tømmer. Gjennom nettverksetableringar, driving av prosessar i nettverk og kunnskapsutvikling i og mellom nettverk, har prosjektet søkt etter løysingar og initiativ for å utvikle den regionale verdikjeda på tre.

Styrken i arbeidet har vore i drivarrolla for nettverk mellom næringsliv, FoU-aktørar og offentleg verkemiddelapparat og forvaltning. Næringslivet og FoU-aktørane er positive til denne arbeidsmetoden. Prosjektet har resultert i ei positiv utvikling i tal nettverk og samarbeidsprosjekt, samt starta FoU-prosjekt.

## BREIBAND

Målet i breibandstrategien for Sogn og Fjordane er at alle i fylket skal ha tilgang til eller ha prosjekt for å etablere andre generasjon breiband innan 2020. Strategien avheng av statleg støtte for å bli realisert.

Regjeringa har etablert ei tilskotsordning for breiband. Ordninga skal sikre eit tilstrekkeleg godt breibandtilbod til område der det ikkje løner seg å byggje ut på kommersielle vilkår. Kommunane i Sogn og Fjordane har i perioden 2014-2017 fått over 112 mill. kr frå staten gjennom denne tilskotsordninga.

Sju kommunar i fylket fekk i 2017 støtte til prosjekta sine frå Nasjonal kommunisasjonsmyndighet (Nkom). Dei fekk til saman 24,1 mill. statlege kroner, noko som løyste ut 4,2 mill. kr i støtte frå fylkeskommunen og 7,8 mill. kr frå kommunane. Leverandørane går også inn med sin del, som igjen gjer at det vart bygd ut breiband for om lag 60 mill. kr i 2017.

Fylkeskommunen er eit bindeledd mellom Nkom og kommunane. Fylkeskommunen gjev råd til kommunane på ei rekke område og arbeider med å styrke kompetansen på breibandutbygging i kommunane. Sogn og Fjordane vil ha behov for ei eiga satsing på utbygging av breiband og mobil i mange år framover.

## TILRETTELEGGING FOR AUKA OLJE- OG GASSVERKSEMD

Fjord Base har ein sentral plass i petroleumsnæringa i Sogn og Fjordane, med Statoil som den største kunden på basen. Selskapet er mellom anna operatør for Snorre-feltet. Planen for utbygging og drift av Snorre Expansion Project, som inneber investeringar på nær 20 mrd kr, vart levert til Olje- og energidepartementet i desember 2017. Det er venta at planane vert godkjende første halvår av 2018. Engie (tidlegare GdF Suez) driv logistikk- og støttefunksjonar til Gjøafeltet frå Florø. Norske Shell (som har kjøpt BG) er operatør for Knarrfeltet og har base- og driftsavdeling for feltet på Fjord Base.

Riving av utrangerte offshoreinstallasjoner er eit sentralt satsingsområde for Lulelandet. Ymeplattforma vart i 2016 frakta dit av «Pioneering Spirit», verdas største konstruksjonsfartøy, som er utvikla for slike oppdrag. Arbeidet med demontering og materialgjenvinning føregår framleis.

Petroleumsverksemda er viktig også i Gulen kommune. Det er omfattande aktivitet og arealutvikling i både Sløvåg og Skipavika, der riggar for tida ligg tett i opplag medan dei ventar på nye oppdrag.

I verdiskapingsplanen har Maritim Forening Sogn og Fjordane hovudansvaret for å utvikle leverandørverksemduene. Dei organiserer arbeidet gjennom utviklingspro-

grammet «Supply Chain Network Sogn og Fjordane», som har som overordna mål å doble den petroleumsrelaterte omsetnaden i løpet av ein femårsperiode (frå 2013). Dei seinare åra har marknaden vore laber, grunne låge oljeprisar og innsparingar. Det konkrete målet har vore vanskeleg å innfri. På den positive sida ser vi no at verksem-dene nyttiggjer kompetanse og ressursar i andre bransjar.

## ARBEID MED VASSFORVALTNING

Vi la vekt på å følgje opp aktivitetar knytt til regional plan for vassforvaltning i 2017:

- Vi arrangerte eit todagarsseminar om praktisk oppfølging av vassforskrifta innan områda landbruk og spreidde avløp.
- Vi heldt ei todagarssamling for vassregionutvalet, der oppfølging av regional plan for vassforvaltning vart vektlagd. Samlinga la også vekt på fagtema om m.a. miljøgifter, klimaendringar, flaum, aktuelle tiltak i landbruket og avløp for å betre vassmiljøet.
- Det var eitt møte i arbeidsutvalet til vassregionutvalet.

Vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn har lagt vekt på oppfølging av tiltaksprogrammet for den regionale planen i 2017. Mange av tiltaka for kommunane er problemkartlegging med mål om å få på plass eit betre kunnskapsgrunnlag. Prosjektleiarane for vassområda har koordinert innsatsen og lagt til rette for arbeidet til kommunane. Vi la vekt på overvaking av vassførekomstar i ferskvatn, og det var 1-2 møte i alle vassområdeutvala i 2017.

Det er etablert eit samarbeidsforum for alle leiarane av vassregionutvala i landet med eit politisk arbeidsutval. Leiar av vassregionutvalet for Sogn og Fjordane, Anders Ryssdal, har delteke i samarbeidsforumet og som vara på eit møte mellom arbeidsutvalet og Klima- og miljødepartementet.

Fylkeskommunen fekk i 2017 overført 2,1 mill. kr frå Miljødirektoratet til planarbeidet og har gått inn med 0,3 mill. kr sjølv. Store delar av midlane er fordelt vidare til arbeidet i vassområda. Ein person vart tilsett i ei mellombels prosjektstilling hausten 2017, for å styrke den prosjektretta innsatsen innan arbeid med vassforvaltning. Miljøtilstand, miljømål og skisserte tiltakstypar for alle innsjøar, elver, grunnvatn, fjordar og kystområde er tilgjengeleg på nettsida vann-nett.no.

Alle kommunane og aktuelle statlege regionale etatar er representerte i Sogn og Fjordane vassregionutval. Sogn og Fjordane fylkeskommune leiar utvalet (politisk styring).

Klima- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet sende forslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldslova ut på høyring hausten 2017. Den nye vassforskrifta vil etter planen tre i kraft 1. juli 2018, og inneber mellom anna at

- vassforvaltningsplanen ikkje skal vedtakast som ein regional plan etter plan- og bygningslova
- fylkeskommunen ikkje lenger vil ha rolla som vassregionstyresmakt
- utvalde fylkesmenn får status som regionale vasskoordinatorar og skal ha ansvaret for å koordinere det førebuande regionale arbeidet i vassregionen.
- Miljødirektoratet, i samråd med aktuelle direktorat, skal utarbeide og syte for høyring av oppdaterte vassforvaltningsplanar og sende over ei tilråding til Klima- og miljødepartementet

Saka har vore drøfta i vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Indre Sogn og Ytre Sogn. Alle vassområdeutvala har kome med høyringsinnspel, og presiserer mellom anna at dei

ønskjer å halde på dagens organisering med vassområdeutval og vassregion-utval. Dei er også opptekne av at det er viktig at vassforskrifta framleis er heimla i plan- og bygningslova. Endringar i vassforskrifta vart òg drøfta i arbeidsutvalet til vassregionutvalet.

Både hovudutval for næring og kultur og fylkesutvalet har handsama høyrings-innspel til forslag til ny vassforskrift. Begge er sterkt uroa over forslaget, og ser mellom anna fråkoplinga av plan- og bygningslova som uheldig i ein demokratisk kontekst. Det kan føre til mindre deltaking og eigarskap til vassforvaltningsplanane, noko som igjen kan føre til at det vert vanskelegare å nå miljømåla i vassforskrifta.

### INU-FSF

Stiftinga Interkommunal Næringsretta Utviklingsordning Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF) vart avvikla i 2017. Fylkeskommunen tildelte dei resterande 1,6 mill. kr til prosjekt i regi av Høgskulen på Vestlandet, Maritim Forening og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.

### OMSTILLING

Askvoll hadde det siste året sitt med omstillingsstatus i 2016, og sluttrapporten vart lagt fram i 2017. Her går det fram at målet om å medverke til å etablere 30 nye arbeidsplassar er nådd. I tillegg har arbeidet vore med å sikre eksisterande arbeidsplassar i kommunen. Folketalet i perioden har auka med 66 personar. Målet var 60 personar innan 2016. På grunn av effektivisering i primærnæringane har tal arbeidsplassar likevel gått ned med 43 i omstillingsperioden. Det syner at fornying av arbeidslivet er ei oppgåve som ikkje bør stoppe med ein omstillingsperiode. Omstillingsprogrammet har medverka til å styrke utviklingskompetansen i næringslivet og det offentlege. I sluttrapporten vert det likevel stilt spørsmål ved om kompetansen frå programmet vert vidareført på god nok måte.

Lærdal kommune var den einaste kommunen med formell omstillingsstatus i 2017 og fekk 3,5 mill. kr frå fylkeskommunen.

Omstillingsprogrammet der har to satsingar:

- Vekst i Lærdal
- Attraktive Lærdal

Arbeidet er godt i gang, men det er samstundes viktig at omstillingsstyret maktar å realisere planane knytt til Håbakken. 2018 er det siste omstillingsåret for Lærdal.

### BEDRIFTSRETTA STØTTE GJENNOM INNOVASJON NORGE

#### Fleire gode gründerar

Innovasjon Norge (IN) Sogn og Fjordane gjennomførte seminaret «Frå idé til marknad» fire gonger i 2017 - i kommunane Måløy, Florø og Sogndal. Totalt deltok om lag 40 personar, dei fleste gründerar, på arrangementa. Seminaret er Innovasjon Norge sitt tilbod til tidleg-fase-gründerar.

IN løvvde til saman åtte mill. kr i etablerartilskot i 2017, om lag det same som i 2016.

### Fleire vekstkriftige bedrifter

#### Vekstambisjonar og internasjonalisering

IN prioriterer bedrifter med evne og vilje til vekst, spesielt bedrifter med internasjonale vekstambisjonar. Det vart gjennomført ein internasjonaliseringsdag i 2017, som året før, der målgruppa var bedrifter som jobbar internasjonalt eller som har ambisjonar om å satse internasjonalt. IN arrangerte også ein investordag for denne målgruppa i 2017.

IN har jobba vidare med bedriftene i FRAM-programmet, som skal gjere bedrifter klare til å satse i den internasjonale marknaden.

#### KIFT - Kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting

KIFT er eit av satsingsområda i verdiskapingsplanen. IN prioriterer bedrifter innanfor KIFT-næringane, og løvde i 2017 totalt 20,3 mill. kr til tilskot til sektoren.

IN er ein viktig samarbeidspart for bedrifter som satsar internasjonalt, gjennom tenester som partnarsøk, operasjonell bistand, m.m. Bedrifter i Sogn og Fjordane vert stadig meir interesserte i slike tenester.

### Fleire innovative næringsmiljø

IN Sogn og Fjordane har dei siste åra oppmoda bedriftene til meir samarbeid, noko som har ført til at verkemiddelet «Bedriftsnettverk» vert meir brukt. Det er mest nyttå av aktørar innan reiselivsbransjen, der samarbeidstankegangen er heilt annleis i dag enn for ti år sidan. IN løvde til saman 4 mill. kr til åtte bedriftsnettverk for reiselivet i 2017, og til saman 2 mill. kr til fire bedriftsnettverk innan andre næringar.

Over 20 bedrifter har delteke i klynga frukt og bær. Det er bedrifter frå verdikjeda og frå støttebedrifter innan FoU, undervisning og rådgjeving, i tillegg til offentleg sektor. 2017 er siste året med IN-finansiering av pågående prosjekt, som vert vidareført under fellesmerket «Sogn og Fjordane - Noregs fruktfat».

IN Sogn og Fjordane flytta hausten 2017 inn i innovasjonsbygget på Fosshaugane Campus. Målet er at det å dele lokale med andre rådgjevingsmiljø kan bidra til auka innovasjon og nyskaping.

### Reiseliv

IN har ansvar for Aktørprogrammet som er eitt av tre delprogram i reiselivsplanen. Målet er å bidra til auka verdiskaping i reiselivsbedriftene i fylket. Satsinga vert koordinert med reiselivssatsing IN har innanfor entreprenørskap, vekst i bedrifter og innovasjonsmiljø nasjonalt.

IN har i 2017 konsentrert seg om å konsolidere eksisterande nettverk framfor å finansiere nye. Hovudtyngda av nettverka er i Sogn og langs kysten. IN vil likevel vurdere å støtte fleire nettverksinitiativ etter kvart som dei eksisterande har fullført perioden sin.

I april 2017 vart det gjennomført ei nettverkssamling med mellom anna

- aktuelle satsingar og prosjekt i NCE Tourism
- funn frå Strategisk forskningsprogram for reiselivet (sosiale medium)
- workshop med tema sesongforlenging og kvalitetsutvikling

Fylkeskommunen, IN og Høgskulen på Vestlandet arrangerte reiselivskonferansen «Fjordane frå bre til hav» i november 2017. Det var om lag 150 deltakrar, god oppslutning frå næringa og gode tilbakemeldingar.

Av større engasjement har IN i 2017 bidrige i fullfinansieringa av Vikingbyen Gudvangen (Gudvangen Utvikling AS).

IN gjennomførte i 2017 fem kurs frå kursporteføljen si for reiselivet i Sogn og Fjordane.

#### **Sjømatnæringane**

Oppdrett av laks og aure opplever betydelege utfordringar innan berekraft - med lus, sjukdom, rømming og forureining. IN har i 2017 finansiert utviklingsprosjekt som har som mål å redusere miljøbelastninga innan oppdrett, blant anna finansiering av ny teknologi for å hindre lusepåslag i selskapet Fjord Miljø AS på Nordfjordeid. IN har også vore i dialog med fleire initiativ som ønskjer å etablere lukka og landbaserte anlegg. Nokre av prosjekta vil kome som søknadar i 2018.

IN har bidrige med finansiering og rådgjeving i samband med utvikling av nye marknadar for sjømatprodukt frå fylket - blant anna kvitfisk til krevjande kundar i Asia.

IN har også finansiert utvikling og vekst innanfor nye marine verdikjeder, til dømes oppdrett av torsk og kveite, samt både mikro- og makroalgar.

Aktiviteten innan fiskeflåten har vore god i 2017, med gode fangstintekter. Det har vore bra aktivitet med lån til fiskeflåten, men aukande prisar på fiskekvotar.



UKM-festivalen vart også i 2017 arrangert i Høyanger, og Didrik Mjanger frå Gulen var ein av dei 250 ungdomane som deltok.

Foto: Martha Linnea Pukallus, UKM Media, Sogn og Fjordane fylkeskommune



Rundt 50 ungdomar deltok på fylkesting for ungdom på Skei. Ungdomstinget vedtok til saman 31 fråsegner.

Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

## KULTUR FOR BARN OG UNGE

### UKM (Ung kultur møtest)

UKM-festivalen Sogn og Fjordane 2017 vart arrangert i Høyanger med OnCue Music Productions AS som hovudarrangør. 250 ungdomar deltok på fylkesfestivalen, medan dei lokale mørnstringane hadde samla totalt 887 deltakarar. Vi vidareførte satsinga på unge konferansierar, UKM Media og unge arrangørar, i tillegg til sceneframsyningar, biscener, kunstutstilling og workshops. For første gong var kyrkjekonsert ein del av festivalen.

Fem sceneinnslag, fire utstillingsarbeid, to unge arrangørar og ein konferansier representerte fylket på den nasjonale UKM-festivalen i Sandnes i juni. I tillegg deltok leiaren i Ungdommens ressursgruppe (URG) Sogn og Fjordane.

### Ungdommens ressursgruppe

Ungdommens ressursgruppe (URG) Sogn og Fjordane jobba vidare i 2017. Gruppa er sett saman av fem ungdommar frå ulike delar av fylket. Dei skal tilføre UKM-nettverket auka kunnskap om kva ungdom mellom 13 og 20 år er opptekne av. URG skal også jobbe med å få fleire deltakarar på UKM og vere med å planlegge og gjennomføre UKM-festivalen Sogn og Fjordane kvart år. Tiltaket fekk stimuleringsmidlar frå UKM Norge i 2017.

## FYLKESTING FOR UNGDOM (FFU) OG UNGDOMSPOLITISK UTVAL (UPU)

Vi gjennomførte fylkesting for ungdom 24.-26. mars 2017. Der deltok 50 delegatar og to observatørar frå 14 kommunar, tre organisasjonar og tre politiske parti. I tillegg deltok gjestar frå andre fylkesting for ungdom, ulike organisasjonar og frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. FFU vedtok 31 fråsegner som ungdomspolitisk utval skal arbeide etter fram til ungdomstinget i 2018.

Ungdomspolitisk utval og fylkeskommunen arrangerte i november den årlege samlinga for ungdomsråda i fylket, der hovudtema var opplæring av medlemmane i ungdomsråda. 28 ungdomar frå tolv kommunar deltok.

Vi arrangerte også ei fagsamling for kommunetilsette som jobbar med ungdomsdemokrati og UKM i oktober 2017. Det var del av oppfølginga av ei fråsegn frå fylkesting for ungdom i 2016.

## DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Den kulturelle skulesekken (DKS) gjennomførte 40 turnear fordelte på kunstområda scenekunst, musikk, film, litteratur, kulturarv og visuell kunst i 2017. Alle elevane i grunnskulen fekk fire ulike tilbod, medan DKS gjennomførte seks turnear for dei vidaregåande skulane. Det var totalt 1015 framseysningar i DKS på skulane i Sogn og Fjordane i 2017.

Tilboda vart gjennomførte i samarbeid med nasjonale aktørar på dei ulike kunstfelta. Fleire av produksjonane var i samarbeid med kunstnarar og institusjonar innan film, litteratur, teater og musikk i Sogn og Fjordane. DKS arrangerte også ein fagdag for alle dei vidaregåande skulane med informasjon om DKS-tilbodet skuleåret 2017-18.

Avtalen mellom Rikskonsertane og fylkeskommunen om skulekonsertordninga og barnehagekonsertordninga er sagt opp. Det er ein konsekvens av at Kulturtanken er etablert, og at fylkeskommunane har fått større ansvar for programmeringa av DKS. Barnehagekonsertordninga vert ikkje vidareført, men fylkeskommunen vurderer ei vidareutvikling av programtilbodet.

DKS, UKM og kulturskulerådet arrangerte i 2017 konferansen «Felles barn, felles ansvar». Konferansen var ei nettverkssamling for UKM-kontaktar, Norsk kulturskuleråd i fylket og kulturkontaktane for DKS på skulane.

### DISTRIKTSMUSIKARORDNINGA OG FYLKESMUSIKARORDNINGA

Dei 15 distriktsmusikarane i vertskommunane Førde, Gloppe og Leikanger vart i 2017 nytta av

- Opera Nordfjord
- Sogn og Fjordane symfoniorkester
- Førde kammerkor
- Sogn og Fjordane Teater
- Gloppe Musikkfest

I tillegg turnerte dei med både skulekonsertordninga og Den kulturelle skulesekken. Distriktsmusikarane driv også omfattande opplæring i kulturskulane og til dels i det det frivillige musikklivet.


Fylkesmusikarordninga er vedteken omorganisert til distriktsmusikarstillingar med folkemusikk. Leikanger og Lærdal har vedteke å opprette kvar si stilling på dette feltet frå hausten 2018, med tilskot frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen samarbeider elles med Bergen Filharmoniske Orkester om gjennomføring av konsertar og har fornya samarbeidsavtalen med kommunane Førde, Gloppe, Florø og Sogndal. Kringkastingsorkesteret hadde også konsertar i fylket i 2017, mellom anna hadde heile orkesteret konsert på Gloppe Musikkfest.

### SAMHANDLING MED FRIVILLIG SEKTOR

Frivillig sektor er ein stor og er ein viktig berebjelke i kulturlivet i fylket vårt. Fylkeskommunen samhandlar med frivillig sektor på mange område, gjennom rettleatingsarbeid, utviklingsavtalar og tilskot til drift og aktivitet.

Andre kulturaktivitetar 2017



■ Ungdomstiltak: UPU, fylkesting for ungdom, UKM 0,980 mill. ■ Utviklingstiltak 2,090 mill.

■ Idrett / idrettsanlegg 1,450 mill.

■ Kulturstipend/kulturpris 0,170 mill.

■ Arrangement og kulturtiltak 0,725 mill.

■ Friluftsliv 0,600 mill.

■ Fylkesdekkande kulturorganisasjonar 2,195 mill.

■ Festivalar 0,810 mill.

Fylkeskommunen har per i dag utviklingsavtalar med desse organisasjonane:

- Sogn og Fjordane idrettskrins
- Sogn og Fjordane ungdomslag gjennom prosjektet «Huset i bygda»
- Gloppe musikkfest

Området «andre kulturaktiviteter» omfattar barne- og ungdomssatsingar, frivillig sektor og utviklingstiltak og utgjorde i 2017 om lag 9 mill. kr.

Tilskotsordninga kulturmidlar vart endra i 2017, og vi har no to ordningar

1. Tilskot til drift
2. Tilskot til prosjekt og tiltak

Prosjekt og tiltak som er nyskapande og som utviklar og utfyller kulturtildelene i Sogn og Fjordane, vert prioriterte gjennom særlege midlar til utviklingstiltak. Midlar til utviklingstiltak vart i 2017 prioritert til tre utviklingsavtalar, utvikling av nye sceneproduksjonar, kunst og litteraturtiltak.

## DIGITAL KULTURFORMIDLING

Digital formidling er ein viktig del av all kulturformidling. Nettsider, Facebook-sider og andre sosiale medium er viktige formidlingsarenaer og møteplassar.

Vi jobba i 2017 med å oppdatere og lage ny struktur på området til kultursektoren på nettsidene til fylkeskommunen. Vi har også prioritert opplæring og å lagre bilete i Imageshop, den nye fotobanken til fylkeskommunen. Fylkeskommunen jobbar i tillegg med å få på plass ein felles kulturkalender for fylket, men vi treng nokre tekniske forbetingar før denne blir lansert. Det har også vore viktig å følgje opp GeoAtlas, bloggprosjekt, prosjektet Skulen min, samt å arbeide med kultur og reiseliv i 2017.

Prosjektet Skulen min har hatt kurs i Hyllestad og i Flora. Vi har arbeidd vidare, både teknisk og med innhald, når det gjeld den digitale strukturen på nettsida, og på eksterne sider som skal inn i portalen.

## LEVEKÅR OG LIVSKVALITET - FOLKEHELSE

2017 var prega av arbeidet med å søkje Helsedirektoratet om å bli programfylke, ei tiårig satsing for å fremje psykiske helse/livskvalitet hjå barn og unge (0-24 år), jf. fylkestingssak 8/17.

Helsedirektoratet har lagt premissar for satsinga, m.a. at psykisk helse skal vere ein likeverdig del av folkehelsearbeidet, at sosiale skilnadar i psykisk helse skal reduserast og at tiltaka skal vere universelle. Ein sentral del er å styrke kommunane som premissleverandørar for forsking. Det langsigchte målet er systematisk utvikling og bruk av forskningsbasert kunnskap og effekt av tiltak i folkehelsearbeidet. Vi har vi hatt sju samlingar med partnarskapen i dette arbeidet, blant anna gjennom eit nyopprettet regionalt samarbeidsorgan beståande av Høgskulen på Vestlandet, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen, Helse Førde, KS, ungdomspolitisk utval, NAV og Røde Kors.

Vi har samhandla godt med Hordaland fylkeskommune i prosessen. Konklusjonen er at fylka søker separat sidan vi er på ulike stadium i planleggingsarbeidet.

Samarbeid om innsamling, publisering og analyse av folkehelsedata i Sogn og Fjordane er eit toårig prosjekt der planlegginga starta tidleg i 2017 og skal



Kristin Sønnerheim fekk fylkeskulturprisen 2017 for arbeidet ho i har gjort for å gjøre Aurlandsdalen tilgjengelig for ålmenta.

Foto: Birthe Johanne F. Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

avsluttast i 2019. Helse Førde er prosjektleiar, og deltagarane er Høgskulen på Vestlandet, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, NAV og fylkeskommunen. Hovudmålet er å etablere eit forpliktande, fagleg samarbeid og kompetansemiljø i fylket, samt å utarbeide analysar og faglege utgreiingar på kort og lang sikt.

Vi arrangerte også i 2017 Sjumilsstegkonferansen saman med Fylkesmannen. Konferansen samlar årleg mellom 200 og 300 deltagarar.

«Dans utan grenser» er eit konsept med danseverkstadar med ung-til-ung formidling. I 2017 vart fleire kommunar med på tilbodet, og totalt 15 kommunar i fylket deltok.

Fylkeskommunen har vidareført den økonomiske støtta til SMISO (Senter mot incest og seksuelle overgrep). Senteret driv eit omfattande arbeid for å fremje god livskvalitet og tidleg intervensjon blant 6. klasseelevar i heile fylket. Prosjektet involverer helsesøster og lærarar. Vi gir også tilskot til ulike folkehelsetiltak innan idrett og friluftsliv.

## KULTUR OG HELSE

### Kulturfestivalen og TV BRA

Visjonen om «kultur for alle» styrer innsatsen på dette området. Vi var også i 2017 medarrangør av kulturfestivalen for utviklingshemma. Med nesten 300 deltagarar og hjelparar, er dette ein svært viktig festival, der tilrettelegging er grunnleggjande. I 2017 har TV BRA, ein nett-tv-kanal for og med utviklingshemma arbeidd for å etablere seg med reporterar og innslag frå kommunar i Sogn og Fjordane. Fleire kommunar i Sogn, medielinja ved Sogndal vidaregåande skule og Flora kommune samarbeider med TV BRA.

### Kultur og eldre

Vi har fordelt ca. 1 mill. kr til 24 kommunar gjennom Den kulturelle spaserstokken. Pengane skal gå til gode kunst- og kulturopplevelsingar for eldre. Vi retteleiar kommunar og har m.a. gjennomført ein konferanse med mål om å auke kompetansen og motivere til god profesjonell kunst- og kulturformidling til eldre. Samarbeid mellom kultur og omsorg står også sentralt.

Fylkeskommunen gir råd i prosjektet LEV VEL - kultur og eldre (2015-2020) i Flora kommune. Det er ei tverrfagleg satsing for å betre kvardagane for eldre. Kultur, fritid og helse samarbeider tett for å gi eit heilskapleg og breitt tilbod til eldre. Prosjektet er eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester.

### Polyfon

Frå oktober 2017 deltek fylkeskommunen i POLYFON - ei kunnskapsklynga for musikkterapi på Vestlandet. Universitet i Bergen v/Griegakademiet koordinerer arbeidet i klynga. Prioriterte arbeidsfelt innan POLYFON er per i dag

- oppvekst
- psykisk helse
- rusbehandling
- eldrehelse
- lindrande behandling
- omsorg

Klynga skal stimulere til kunnskaps-, kompetanse-, og tenesteutvikling, samt informere og formidle. POLYFON er sett saman av til saman 12 deltagarar. Fire aktørar i Sogn og Fjordane har gått inn i klynga som ein part:

- Høgskulen på Vestlandet
- Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester
- Helse Førde
- Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### Inkludering

Inkludering gjennom kultur og fritid har vore tema i ulike forum med frivillig sektor og kommunane. Fylkeskommunen har samarbeidd med Førde kommune i fire år om å arbeide fram nye kulturarenaer. Førde internasjonale kor starta som samarbeidsprosjekt. Det er eit kor med mange deltakarar frå eit breitt spekter av befolkninga i Førde. Frå 2018 er koret godt forankra i Førde kommune og frivillig sektor si satsing på kultur- og inkludering.

### Musikkterapi

Fylkeskommunen tek imot studentar i praksis kvart år. Mellom anna har bachelor-sjukepleiestudentar eit emne i helsefremjande og førebyggjande arbeid, der studentane er i fylkeskommunen og ser på prosjekt ute i kommunane. Masterstudentar i musikkterapi frå Griegakademiet i Bergen har bolkpraksis her i seks veker.

### Rus og psykisk helse

Vi samarbeider med Høgskulen på Vestlandet og Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane om bruk av musikk og kultur innan fagfeltet rus og psykisk helse. I 2017 har vi gjennomført

- to samlingar i «Nettverk for miljøbehandling innan eldreomsorg»
- førelesingar om kultur og helse, musikkterapi på utdanningane innan helsefag
- konferanse om psykisk helse og musikkterapi

## FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG ANLEGG

Frivillige lag og organisasjoner, kommunane og fylkeskommunen er avhengige av å samarbeide godt for å utvikle fylket og få fram det beste i kvarandre. Fysisk aktivitet skaper stort engasjement og gode opplevelingar for den enkelte, og bidreg slik til å utvikle både innbyggjarar og lokalsamfunnet. Små kommunar og bygdesamfunn kan vere ei styrke heller enn ein svakheit når vi skal skape idrettsarrangement og anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen og kommunane har hatt mange felles møteplassar i 2017. Vi samarbeider om både kompetanseheving, spelemiddelordninga og andre «arenaer» for å utvikle anlegg og tiltak for å fremje meir fysisk aktivitet for innbyggjarane i fylket.

### Spelemidlar

Kulturdepartementet utvikla i 2017 eit nytt fagsystem for å søkje om spelemidlar, og tilbakemeldingane frå søkerar og kommunar er svært gode. Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok i referansegruppa for systemet.

Sogn og Fjordane fekk i 2017 totalt 58 millionar kroner i spelemidlar, ein auke på 11 mill. kr frå året før. 130 av 328 søknadar frå fylket fekk midlar. Ventetida er no vel 3,3 år for tildeling av spelemidlar. Den samla investeringsverdien er på om lag 800 millionar, og verdien av dugnadsarbeidet er om lag 50 millionar kroner. Vi er i landstoppen til å søkje om midlar til anlegg i høve innbyggjartalet. 25 av 26 kommunar søkte om spelemidlar i 2017.

Spelemidlar til fysisk aktivitet som viser utvikling av tilskot til fylket




Diagram 9

Utvikling tal spelemiddelsøknadar




Diagram 10

Spelemidlar fysisk aktivitet, godkjend søknadssum og tildeling 2017




Diagram 11

## Samarbeid med kommunane

Vi heldt fram arbeidet med følgje opp kommunar som skal revidere kommuneplanar for fysisk aktivitet og besøkte to kommunar i 2017. Sogn og Fjordane Idrettskrins og Forum for natur og friluftsliv deltok også på revisjonsmøta. Så langt har 16 av 26 kommunar hatt slike oppfølgingssamlingar. Tilbakemeldingane er gode, og vi ser blant anna at fleire kommunar aukar eller tek inn att tilskot til lag og foreiningar på bakgrunn av møta. Vi planlegg å vidareføre innsatsen, og veit at mange kommunar skal til med revisjon av planar i 2018. I tillegg er det fleire kommunar som har utsett prosessen grunna kommunesamanslåing.

## Rullering av handlingsprogram

I 2017 rullerte vi handlingsprogrammet for anlegg i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019. Enkelte anlegg er utsette i tid, fylket får meir midlar enn budsjettet, og fleire anlegg får midlar raskare enn planlagt. Langtidsprogrammet i planen syner behovet for anleggsutbygging fram til 2023. Alle kommunar har spelt inn og fått oppdatert status for prosjekta sine.

## Idrettsanleggskonferansen

Idrettsanleggskonferansen 2017 «Idrettsparken, framtidas samlingsstad?» samla om lag 60 deltakar frå kommunar, lag og organisasjonar. Søkjelyset var på utvikling og drift av anlegg, og særskilt temaet om gummigranulat som fyll i kunstgrasbaner fekk stor merksemd og skapte debatt. Fylkeskommunen kartla i 2017 status for drift av kunstgrasbanene, noko som syner store variasjonar i drift og tiltak for oppsamling av gummigranulat for å hindre spreieing i naturen.

## «Teikn ditt skuleområde!»

Prosjektet «Teikn ditt skuleområde!» har som mål å skape variert utandørsaktivitet, som kan auke trivselen og moglegheitene for å vere fysisk aktiv på skulen. Fylkeskommunen besøkte 29 barneskular i kommunane Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Gloppe, Leikanger og Solund i 2017. Vi hadde opptil 60 deltakarar på kveldsmøta, der både foreldre, lærar, elevar og andre kjem saman og utviklar skulen sin. Det er viktig med medverknad for born, og elevar i elevråd frå 1.-10. klasse deltek på synfaring på dagtid saman med teknisk etat, skule- og kulturadministrasjon.

## Friluftsliv

Fylkeskommunen forvalta i 2017 vel 1 mill. kr frå Miljødirektoratet til ulike aktivitets- og forvaltingstiltak innan friluftsliv, jakt og fiske. Midlane vart fordelt til lokale frivillige lag og organisasjonar etter søknad.

2017 var det siste året med tilskot frå Gjensidigestiftelsen til turskiltprosjektet, og vi fekk 450 000 kr. Turskilt er frå no av del av spelemiddelordninga.

Arbeidet med kartlegging og verdisetjing av friluftsområde i kommunane heldt fram med ei økonomisk støtte på 668 000 kr frå Miljødirektoratet.

Skrantesjuka på villreinstammen i Nordfjella har fått mykje merksemd i 2017. Fylkeskommunen har engasjert seg gjennom å delta på informasjons- og drøftingsmøter og har også uttalt seg om saka.

## Kulturbrygg

6 av 16 søknadar fekk i 2017 til saman 1,8 mill. kr frå den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbrygg. Midlane går i hovudsak til opprusting og fornying av kulturbrygg. Sogn og Fjordane fekk også 1,59 mill. kr frå Kulturdepartementet til føremålet, den resterande løyvinga er restmidlar og rentemidlar. Fylkesdirektøren prioriterte søknadar for lokale arenaer som inneheldt kulturaktivitet.

Vi samarbeider med Sogn og Fjordane ungdomslag v/Huset i bygda og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om å få inn fleire søknadar til lokale kulturbrygg, og



Vi lanserte i 2016 prosjektet dagsturhytte med nynorsk turbibliotek. I desember 2017 opna den første hytta opna i Trivelsskogen på Sandane i Gloppe. Fylkesordførar Jenny Følling, ordførar Leidulf Gloppestad og 200 frammøte fekk både konserthall med Good Time Charlie og lesestund med Marthe Holien Bø på opninga. Prosjektet er finansiert av mellom andre kommunane, Sparebankstiftinga og ved hjelp av spelemedialar.  
Foto: Birthe Johanne F. Finstad

arbeidet heldt fram i 2017. Tildelingar i tilskotsordninga Sparebankstiftinga har for kulturbrygg, vart i den grad det var mogeleg samordna med tildelingar i den desentraliserte ordninga. Vi har også halde fram arbeidet med kompetanseheving for frivillig sektor, blant anna samarbeidde vi med Gjensidigestiftelsen og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om ei samling om tilskot.

Kulturbrygg, løyving og godkjend søknadssum




Diagram 12

Kulturbrygg, løyving fra Kulturdepartementet




Diagram 13

## KULTURARV 2017

Fylkeskommunen har eit mål om at kulturminna skal vere ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane. For å nå målet, arbeider vi både forvaltnings- og utviklingsretta.

### Planarbeid

Vi avslutta prosjektet Lokale kulturminneplanar i 2017. Ni kommunar har så langt ferdigstilt planane, og ytterlegare ti kommunar er komne langt i arbeidet. Vi ventar at 25 kommunar i fylket vil ha på plass lokal kulturminneplan innan 2020.

### Fylkeskommunen handsama i 2017

- 10 kommuneplanar og kommunedelplanar
- 7 områdereguleringsplanar
- 67 detaljreguleringsplanar
- 58 dispensasjonssøknadar

Inkludert landbruks-, vassdrags- og energisakene handsama vi til saman 467 saker der vi vurderte omsynet til kulturminne og kulturmiljø. Fylkeskommunen gjennomførte 65 kulturminneregistreringar.

### Registrering av kulturminne

Vi registrerte fleire spennande funn av førhistoriske kulturminne i 2017. Funna omfattar førhistorisk busetjing, dyrking og gravminne, som spenner frå eldre steinalder og opp i mellomalderen. På Unneset i Askvoll kommune vart det påvist ein buplass frå yngre steinalder. Der fann vi fleire pilspissar i skifer, noko som tidligare berre unntaksvis har vorte funne langs kysten av fylket. Buplassen har truleg fungert som ein tilverkingsstad for reiskapar i skifer.

### Freda bygg og fartøy

Vi fordele 7,65 mill. statlege kroner til freda bygg i privat eige og 1,8 mill. statlege kroner til verdsarv i 2017. Fartøy med tilknyting til Sogn og Fjordane fekk 1,56 mill. kr i statlege tilskot og 300 000 kr i fylkeskommunalt tilskot.

Fylkeskommunen varsla i 2017 oppstart av fredingssak for Hotel Mundal i Fjærland. Målet er å bevare eitt av dei karakteristiske trehotella i sveitserstil frå slutten av 1800-talet.

### Verdsarv

Verdsarvråd for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område vart oppretta i 2017 og er eit samarbeidsorgan for verdsarvstaden Urnes stavkyrkje. Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes representerer fylkeskommunen i rådet.

Fylkesvaraordføraren deltok i 2017 også på Nordisk verdsarvkonferanse i Rauma i Finland, der hovudtemaet var å leve med verdsarven og innbyggjarinvolvering.

### Kulturlandskap

Ormeliid i Luster er eitt av ti nye område som er valde ut i den nasjonale satsinga på utvalde kulturlandskap i jordbruksklima i 2017. Satsinga er ei tverrfaglig landbruks- og miljøsatsing, der kulturminneforvaltninga bidreg med viktig kulturhistorisk fagkompetanse. Ormeliid utgjer eit heilskapleg kulturmiljø som syner utnyttingsområdet for heile garden, med tun, innmark, utmark og stølar.

### Nasjonal pilegrimsveg

Kystpilegrimsleia fekk i 2017 status som nasjonal pilegrimsveg og Europeisk Kulturveg. Leia inngår dermed som del av eit større europeisk nettverk av pilegrimsvegar og bringer inn ein viktig kystdimensjon i den nasjonale satsinga på



Den nyrestaurerte Kongevegen over Filefjell fekk i 2017 EU sin kulturminnepris/Europa Nostra-prisen i kategorien bevaring. I tillegg fekk Kongevegen Grand-Prix-prisen frå fagjuryn og andre plass i publikumskåringa. Fylkesordførar Jenny Følling deltok på utdelinga av prisen i Turku i Finland i mai. Prisen er rekna for å vere ein av dei meste prestisjetunge i Europa. Pristildelinga er såleis ei stor anerkjenning av mange års arbeid med å setje i stand og legge til rette Kongevegen over Filefjell som kulturminne, turveg og attraksjon. Foto: Eva Moberg/Sogn og Fjordane fylkeskommune



Fylkessoga for Sogn og Fjordane

St. Olavs-vegane til Trondheim.

#### **Fellesmagasin/museumsbygg**

Forprosjektet for fellesmagasin/museumsbygg i Movika, «Kløften», vart ferdig i 2017. Vi sende søknad om statleg medverknad, men fekk ikkje i tilskot dette året.

#### **Gulatinget**

Tusenårsstaden Gulatinget hadde eit registrert besøk på over 11 000 gjester. Digital formidling, etablering og utvikling av eit nasjonalt tingstadsnettverk og aktivitetar på staden stod i sentrum i 2017. Det første felles fylkestinget mellom Sogn og Fjordane og Hordaland vart arrangert her i oktober 2017.

#### **Fylkessoga**

Fylkessoga for Sogn og Fjordane vart lansert i fire bind på fylkestinget sitt møte i Florø i oktober 2017.

### **FYLKESARKIVET**

Fylkesarkivet tek vare på og formidlar historisk arkiv- og kjeldemateriale frå og i Sogn og Fjordane. Arbeidet er delt inn i desse fagområda:

- kommunearkivordninga
- privatarkiv
- musikk
- foto
- stadnamn
- bibliotek

Vi arbeider kontinuerleg med å betre og vidareutvikle formidlingsløysingane våre. Hovudprioritet i 2017 var ferdigstilling av websystem for foto, kulturhistorisk leksikon, stadnamn og digitaliserte dokument.

Fylkesarkivet ordnar, registerer og digitaliserer private og offentlege arkiv. I 2017 etablerte vi ei teneste for digitalisering av større kommunale arkiv og ei teneste for ordning av større kommunale arkiv. Vi jobba i 2017 særleg med skulearkiv, i samband med prosjektet «Skulen min». På privatarkivfeltet kom det inn 32 innleveringer, til saman 45 hyllemeter, i 2017. Ei hovudsatsing var å minke restansane etter det store bedriftsarkivet til Firda Canning. Vi gjekk gjennom og ordna 34 hyllemeter frå dette arkivet.

Når det gjeld foto har vi prioritert digitalisering av samlinga etter fotografene Olai Fauske og Malvin Horne. Vi starta arbeidet med Kulturhistorisk leksikon i 2016, men utførte det i hovudsak i 2017. Artikkelsamlinga ligg no på nett i eit nytt og meir brukarvenleg system.

Fylkesarkivet samarbeidde med kommunane Eid, Stryn, Luster og Hyllestad om ordning, digitalisering og publisering i 2017.

#### **Arvesølvet**

Musikkarkivet har i 2017 satsa særleg på formidling, blant anna med prosjektet Arvesølvet. Fire musikarar/komponistar frå fylket vart inviterte til å tolke og skape ny musikk inspirert av kjeldemateriale frå tradisjonsmusikksamlinga. Prosjektet var eit samarbeid med Førdefestivalen og hadde urpremiere på festivalen.



Musikarane Erlend Apneseth, Hilde Marie Holsen, Linda Gytri og Øyvind Hegg-Lunde i Arvesølvet 2017. Foto: Andreas Eikeseth Nygjerd

## LESEHISTORIA

Prosjektet Lesarhistoria - ny veg til lesaren har hatt som mål å vidareutvikle formidling med utgangspunkt i mangfaldet av trykte og digitale tekstar som barn og unge les. Bibliotek, skular og barnehagar i fem kommunar deltek i prosjektet. Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) følgjer og dokumenterer arbeidet, og vi hadde ein erfaringskonferanse i Oslo i november 2017.

## FYLKESBIBLIOTEKET

Kjerneområdet for verksemda til fylkesbiblioteket er litteraturformidling, med særleg vekt på nynorsk og for målgruppa barn og unge, og digital formidling. Andre sentrale oppgåver er

- prosjektutvikling
- oppfølging av dei regionale biblioteksamarbeida
- rådgjeving
- konferansar
- statistikkhandsaming

Fylkesbiblioteket organiserer og delfinansierer elles fellesstener som

- e-bokordning
- klassesett-tilbod
- digital avis- og tidsskriftteneste
- katalogsøk
- transportordning i fylket

Fylkesbiblioteket bidreg i fagleg arbeid nasjonalt gjennom deltaking i arbeidsgrupper, utval og konferansar.

### Nettstadar

Nettstaden Forfattarar frå Sogn og Fjordane ([www.forfattarar.sj.no](http://www.forfattarar.sj.no)) presenterer vel 500 forfattarar med tilknyting til fylket. Vi har saman med Nordland fylkeskommune og Nasjonalbiblioteket utvikla ein mal for forfattar- eller litteraturnett, og vi tilbyr no denne malen til andre fylke.

Artikkeldatabasen Lokalhistoriske artiklar Sogn og Fjordane har om lag 22 000 postar. Fylkesbiblioteket har i 2017 samarbeidd med Nasjonalbiblioteket om digitalisering og tilgjengeleggjering av lokalhistoriske artiklar i den nasjonale fulltekstbasen [www.bokhylla.no](http://www.bokhylla.no).

### Barn og ungdom

Fylkesbiblioteket tilbydde saman med Nynorskcenteret og Nynorsk kultursentrum elevar og lærarar i utvalde kommunar forfattarbesøk og innføring i den nynorske barnelitteraturen. Dette var del av prosjektet Klart vi les! og aksjonen Tid for ti. Saman med fylkesbiblioteka i Hordaland og Rogaland arrangerte vi kurs for

- formidlarar av barne- og ungdomslitteratur (lesegledarar)
- bibliotekarar i vidaregåande opplæring.

Fylkesbiblioteket deltek i DKS-arbeidet ved t.d. å bidra i planlegging, syte for aktuell litteratur og stimulere til samarbeid mellom folkebiblioteka og skulane. Vi gjennomførte turneen Unge stemmer frå Sogn og Fjordane med midlar frå stiftinga Fritt Ord. Kommunane fekk gjennom prosjektet Arenautvikling tilbod om fagleg hjelp til å leggje til rette lokala for arrangement. Fylkesbiblioteket arrangerte i samarbeid med den landsdekkande satsinga Lesar søker bok kurs for lesevener (frivillige som les for andre). Fleire kommunar er i gang med å etablere leseven-ordning.

### Nynorsk turbibliotek

Det er planlagt nynorske turbibliotek i dagsturhyttene som skal byggast i alle kommunane i fylket. Fylkesbiblioteket står for planlegging og oppstart av biblioteka i samarbeid med kommunane. Vi tilbyr arrangementsrekker til dagsturhyttene med støtte frå Nasjonalbiblioteket

## SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

### Fylkestinget

- Sak 1/17: Fjord Invest Såkorn as - kapitalauke  
 Sak 5/17: Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsrapport 2016  
 Sak 7/17: Innovasjon Norge - framlegg til nye vedtekter  
 Sak 8/17: Søknad om å bli programfylke for folkehelse  
 Sak 10/17: Forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltninga  
 Sak 19/17: Avvikling av INU-ordninga  
 Sak 32/17: Forsøk med utviklingsmidler på bibliotekområdet  
 Sak 33/17: Vedtekter Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond  
 Sak 50/17: Rullering av handlingsprogram for fysisk aktivitet (anleggsdelen)

## KOSTRA NØKKELTAL - KULTUR

Indikator - konsern	SFJ 2014	SFJ 2015	SFJ 2016	SFJ 2017	Vest-norge 2017	Landet u/ Oslo 2017
Netto driftsutgifter i alt til kultursektoren per innbyggjar	772	601	647	537	286	315
Brutto driftsutgifter kultursektoren per innbyggjar	1 216	1 114	1 232	1 195	619	685
Brutto investeringsutgifter kultursektoren per innbyggjar	0	0	22	12	1	3
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutgifter	3,8	2,9	3,1	2,6	2,3	2,5
Netto driftsutgifter bibliotek per innbyggjar	59	55	51	47	18	32
Netto driftsutgifter museer per innbyggjar	159	148	157	180	104	97
Netto driftsutgifter kunstproduksjon	101	105	105	108	59	36
Netto driftsutgifter kunstformidling	80	94	91	83	67	90
Netto driftsutgifter idrett per innbyggjar	261	80	141	35	-29	8
Netto driftsutgifter andre kulturaraktivitetar per innbyggjar	112	119	102	83	66	66

Tabell 19

## MÅLEKART NÆRING

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Regional utvikling (R)			
R6 Framdrift og effektivitet i prosjekta fylkeskommunen støttar.	R6.1 Tal avslutta prosjekt registrert i databasen regionalforvaltning.no.	R6.1-1 Komplett oversyn over prosjekt og registrert avslutning på ferdige/ikkje sette i gang prosjekt.	Godt oversyn på regionalforvaltning.no.
		R6.1-2 Samsvar budsjett og rekneskap i alle registrerte prosjekt.	Stort sett samsvar.
R7 Bestillarkompetanse.	R7.1 Tal spesifiserte oppdrag, vurdering av kvalitet.	R7.1-1 Komplett oversyn over oppdrag i samband med regional plan for verdiskapingsplanen.	Har oversyn over oppdrag i samband med verdiskapingsplanen.
R8 Nøgd regional partnarskap.	R8.1 Nøgd partnarskap og nøgde brukarar. Brukarundersøking årleg.	R8.1-1 Samla skår på 80 prosent nøgde partnarar.	Har ikkje gjennomført noko undersøking blant partnarskapen.
R9 Rask sakshandsaming.	R9.1 Tal marine saker handsama i tråd med forskrift.	R9.1-1 Alle sakene handsama i tråd med forskrift.	Alle komplette søknadar vert som regel handsama innan 20 veker. Kravet i forskrifta er 22 veker. Lengre tid skuldast som regel behovet for å hente inn meir opplysningsar og/eller sein uttale frå andre etatar. I samsvar med forvaltningslova syter vi for at søknaden vert handsama utan ugrunna opphold.
	R9.2 Andre saker. Informasjonsnivå til søkerar, god skriftleg standard.	R9.2-1 Alle søkerane skal ha informasjon i tråd med skriftleg standard.	Har klare rutinar, og det er berre unntaksvis dette ikkje vert følt godt opp.
R10 Utvikling i tal arbeidsplassar jf. målsetting i verdiskapingsplanen.	R10.1 Tal brutto og netto nye arbeidsplassar.	R10.1-1 Saman med partnarskapen legge til rette for 500 nye arbeidsplassar kvartråd, med ein arbeidsplassvekst på netto 100 i året.	

## MÅLEKART KULTUR

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Tenesteyting (T)			
T1 Gode tenester innan kulturformidling. Dette gjeld tilbod fylkeskommunen har ansvar for å tilby i fylket: Formidling av ei profesjonell kultur- oppleveling, historisk kunnskap og/eller moglegheit til å delta i kulturaktivitetar.	T1.1 Nøgd partnarskap og nøgde brukarar. Brukarundersøkingar: 2017 Kultur for alle 2018 Kulturminne (arkeologi, fartøy) 2019 Arkivtenesta, digital kulturformidling 2020 Tilbod til born og unge: DKS, UKM.	T1.1-1 75 prosent av respondentane er tilfredse (score 4 av 6) med tenesta.	UKM-festivalen Sogn og Fjordane vert løfta som arrangement ved hjelp av ungdomsmevderknad. Det er god tilbakemelding på tiltaket. Oppdatering og ny struktur på nettsidene til kultur på sfj.no. Ny fotodatabase og å få på plass ein felles kulturkalender for fylket er prioritert, det samme er GeoAtlas, bloggprosjekt og prosjektet Skulen min.
	T1.2 Godt tilbod til publikum ved kulturinstitusjonane. Publikumsundersøking: 2017 Opera Nordfjord 2018 Sogn og Fjordane teater 2019 Musea i fylket 2020 Norsk Countrytreff 2021 Førdefestivalen	T1.2-1 75 prosent av respondentane er tilfredse (score 4 av 6) med tenesta.	Kulturinstitusjonane driv aktivt publikumsarbeid enkeltvis og i samarbeid. Dei får i hovudsak gode tilbakemeldingar på tilboda sine
T2 Gode tenester innan språk og litteratur. Det gjeld litteraturformidling som fylkeskommunen sjølv står for eller legg til rette for gjennom utviklingsarbeid og kompetansebygging, med vekt på formidling av nynorsk språk og litteratur og formidling til born og unge.	T2.1 Nøgd partnarskap og nøgde brukarar. Brukarundersøkingar: 2017: Bruk av nynorsk i fylkeskommunen 2018: Litteraturformidling til born og unge 2019: Litteratur med tilknyting til Sogn og Fjordane.	T2.1-1 Positiv utvikling over tid.	Bibliotek: Aktiv formidling av nynorsk litteratur til born og vaksne, kompetansehevande tiltak og prosjekt innan formidling og litteraturkunnskap, felles nynorsk lesegledarordning på Vestlandet, nynorske turbibliotek i dagsturhyttene.  DKS: Ordninga har søkelys på produksjonar på nynorsk. I 2017 var ti av produksjonane på nynorsk, og fylket er pådrivar for utvikling av nye nynorskproduksjonar i ulike kunstuttrykk og for ulike aldergrupper.

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
T3 Kunnskapsdeling gjennom å gjøre historiske kjelder tilgjengelege.	T3.1 Utvikle gode og oppdaterte digitale tenester for kulturfomidling: Digitaliserte kjeldesamlinger, arkivmateriale, fakta, kulturstatistikk.  Skape nye formidlingskanalar.  Tenestene skal vere universelt tilrettelagt. Kartlegging i 2017 og 2019.	T3.1-1 Positiv utvikling over tid: Auka etterspurnad når fleire historiske kjelder vert tilgjengelege.	Prosjektet Skulen min er vidareført. Fylkesarkivet: Jobbar med å oppdatere og modernisere publikumstenester og fagsystem. Kontinuerleg arbeid med nettstaden <a href="http://www.fylkesarkivet.no">www.fylkesarkivet.no</a> , som vart lansert i 2016. Ny løsing for registrering og publisering av foto og stadnamn vart lansert. Ny løsing for kulturhistorisk leksikon og digitaliserte arkivdokument vart ferdigstilt i 2017, samt vidareutvikling av fotosystemet er under arbeid. Prosjektet Skulen min kartlegg og formidlar skulehistorie frå fylket. Bibliotek: Digital formidling av lokal/lokalhistorisk litteratur.  DKS har saman med Musea i Sogn og Fjordane utvikla produksjonen "Tidskapselen". DKS-tilbodet gir alle elevar på 9. steg i fylket eit møte med "Kva er eit museum?" og kva som er spesifikt med det museet dei besøker."
<b>Regional utvikling (R)</b>			
R1 Fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksamhet, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfold av kulturuttrykk.	R1.1 Gode tenester innan kulturfomidling. Sikre føreseieleige rammevilkår for kulturlivet. Fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturlivet.	R1.1-1 Positiv utvikling over tid.	Kultur for alle gjennom tiltak som Lev Vel (eldre), Polyfon (musikkterapi) og Internasjonalt kor er gjennomført. Bibliotek: Prosjektutvikling i samarbeid med kommunane og dei regionale biblioteksamarbeida
R2 Kulturområdet si rolle i samfunnsutviklinga vert styrkt.	R2.1 God samhandling med kommunane og frivillig sektor, jf. årlege tilbakemeldingar.	R2.1-1 Positiv utvikling over tid.	Utviklingsavtalar med frivillig sektor og dialog med kommunane gjennom planarbeid og kompetansehevingstiltak får gode tilbakemeldingar. Fylkesarkivet: samarbeider tett med frivillig sektor i fleire bevarings- og dokumentasjonsprosjekt. Til dømes Skulen min, stadnamninnssamling og eksterne forfattarar i Kjelda.
	R2.2 Tal kulturtilsette i kommunane som deltek i kompetansehevande tiltak innan planlegging, utvikling og tilrettelegging for kulturutvikling aukar.	R2.2-1 Positiv utvikling over tid.	Kulturkonferansen 2017 med kulturpolitikk som tema.

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
	R2.3 I nitiere kompetansebyggande tiltak innan dei ulike kulturfagområda. Årleg kartlegging av deltakarar og tal.	R2.3-1 Positiv utvikling over tid.	Nettverksarbeid innan kultur og helse og folkehelse (levekår og livskvalitet). Fagdag for kommunane om UKM vart arrangert for første gong.
	R2.4 Innspel til kommunale planstrategiar og samfunnssdelen til kommuneplan.	R2.4-1 Ambisjon: Kultur skal uttale seg om alle planstrategiar og kommuneplanar sin samfunnssdel.	Gjennomført.
R3 Stimulere til verdiskaping bygd på kulturarvverdiar i Sogn og Fjordane.	R3.1 Kommunane kartlegg kulturminna og tek desse i bruk i lokalsamfunnsutviklinga.	R3.1-1 Ambisjon: Alle kommunar kartlegg kulturminne. I 2017 har > 20 kommunar sett i gang arbeidet med å utarbeide lokal kulturminneplan.	24 kommunar har sett i gang arbeidet
	R3.2 Verdiskapingsprosjekt basert på utvikling av kulturminneverdiar vert initiert.	R3.2-1 Positiv utvikling over tid.	To nye prosjekt initiert (K1 i Høyanger og Gro-bygget i Hornindal) Ytterlegare to under planlegging (Kunstbygda Balestrand og Vestnorsk kraftturisme)
R4 Dialogen og samhandlinga med kulturaktørane vert vidareutvikla.	R4.1 Skape regelmessige møteplassar.	R4.1-1 Arrangere årlege dialogmøte mellom frivillig sektor/ kulturarrangørar og kulturinstitusjonane.	Gjennomført. Festivalstrategi, dialogmøte med aktørane med utviklingsavtalar, kulturkonferansen 2017 med kulturpolitikk som tema, innspelsmøte regional plan for kultur. Tverrfagleg konferanse Felles barn, felles ansvar.
		R4.1-2 Deltek på minst eitt møte med kvart regionale kulturnettverk i året.	Deltek ved invitasjon
		R4.1-3 Initiere, delta i og vidareutvikle faglege nettverk.	Etablert Polyfon som nettverk i SF. Nettverk for folkehelseprogram er etablert
	R4.2 Utviklingsavtalar med fagmiljø og frivillig sektor.	R4.2-1 Minst tre nye avtalar vert inngått kvart år.	Tal avtalar er stabilt med SF idrettskrins, Gloppen musikkfest og SF Ungdomslag. Ny avtale med FNF er førebudd.

# OPPLÆRING

Fylkeskommunen er pålagd å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa og leggi denne fram for fylkestinget. Tema skal vere læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Årsrapport 2017 dekkjer krava til ein slik tilstandsrapport.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 2001 hatt gode erfaringar med å arbeide systematisk og målretta frå mål og strategiar til handling. Mål og strategiar har danna bakgrunn for eit handlingsprogram og har vore overordna alt utviklingsarbeid i opplæringssektoren.

Fylkestinget vedtok i mål- og strategidokumentet «God-betre-best!» (2012-2017) at Sogn og Fjordane skal ha den beste vidaregåande opplæringa i landet. Fylkestinget vedtok i målekartet for 2017 konkrete ambisjonsnivå for

- trivsel
- meistring (eksamens- og karakterresultat)
- gjennomføring
- samsvar mellom tilgjengelege lærelassar og søkjalar til desse

Indikatorane viser at Sogn og Fjordane er i landstoppen når det gjeld eksamensresultat, gjennomføring og trivsel. Samstundes må utviklingsarbeidet for å nå målet om den kvalitativt beste opplæringa halde fram.

Satsingane i opplæringssektoren var også i 2017 knytte opp til målsettingane i målekartet. Vi har særleg prioritert å arbeide for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring og med det psykososiale læringsmiljøet til elevane, i samsvar med opplæringslova § 9A.

Sogn og Fjordane har totalt sett hatt ein auke på 2,1 prosent på gjennomføring for 2011-kullet samanlikna med 2010-kullet.

## Mot nye høgder

Fylkestinget vedtok i desember 2017 (FT-sak 51/2017) mål- og strategidokumentet «Mot nye høgder!» (2018-2021). Hovudmålet er at elevar og lærarar i Sogn og Fjordane skal ha den kvalitativt beste opplæringa. Dokumentet vidarefører kvalitetsmåla trivsel, meistring og gjennomføring, med særskilde strategiar for leiing, opplæring og fag- og yrkesopplæring.

Hovudutval for opplæring handsama eit handlingsprogram med prioriteringar for perioden 2018-2021 15. februar 2018. Handlingsprogrammet skal vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanen, og det skal rulleraast kvart andre år.



Utdeling av fagbrev, sveinebrev, kompetansebrev og meisterbrev. Her frå utdeling av fagbrev i telekommunikasjonsfaget  
Foto: Ida Falkjerdet Svåi/Focus UB

## ØKONOMISKE RAMMER

Teneste	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Utgifter til lokale	57,930	62,805	61,827	60,535
Vedlikehald og drift av skulebygg	40,266	43,000	39,532	38,161
Skulelokaler og internatbygg	98,196	105,805	101,359	98,697
Forvaltning og fellesutgifter	41,297	42,382	44,922	47,640
Fellesutgifter	14,808	13,615	12,766	9,098
Eleveksamén	2,213	2,255	1,667	2,595
Elev- og lærlingombod	0,999	0,916	0,944	0,940
Fellesutg og støttefunksjonar vgs	59,316	59,167	60,300	60,273
Pedagogisk leiing mv.	71,918	80,634	69,861	61,119
Pedagogiske fellesutgifter	14,936	14,169	11,204	14,570
Gjesteelevar	6,550	7,335	5,815	5,305
PC-ordninga	2,471	2,581	2,621	2,055
Ped leiing, ped fellesutg og gjesteelevar	95,875	104,719	89,501	83,049
Utdanningsprogramma	340,746	333,983	337,991	350,200
Gratis læremiddel	0,015	0,789	0,010	0,155
Jordbrukskulegardar	3,337	2,646	2,967	2,912
Utdanningsprogramma	344,098	337,419	340,968	353,267
Fagskuleutdanning	25,153	24,961	25,033	22,807
Fagskuleutdanning	25,153	24,961	25,033	22,807
Landslinjer	6,106	5,440	6,610	5,218
Landslinjer	6,106	5,440	6,610	5,218
PP-tenesta	11,954	12,056	11,761	11,581
Oppfølgingstenesta	5,751	6,815	6,273	6,022
Oppfølgingstenete og PP-teneste	17,705	18,871	18,034	17,602
Tilpassa opplæring	60,521	65,828	64,339	62,215
Tilpassa opplæring	60,521	65,828	64,339	62,215
Fagopplæringsnemnda	0,104	0,227	0,139	0,138
Opplæring i bedrift	102,287	103,650	93,698	81,654
Fagprøver	14,912	13,221	12,792	11,079

Teneste	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Fagopplæring i arbeidslivet	117,302	117,098	106,629	92,871
Vaksenopplæring	9,142	11,031	5,937	3,290
Vaksenopp etter opplæringslova	9,142	11,031	5,937	3,290
Opplæring i sos-/med. institusjonar	5,097	8,493	8,069	7,458
Privatisteksamen	1,661	2,220	2,801	2,115
Tilskot til elevorganisasjonar	0,020	0,040	0,017	0,014
Karriererettleiing	0,059	0,148	0,064	0,381
Opplæring - andre områder	0,746	0,000	0,418	-0,634
Andre føremål	7,584	10,901	11,369	9,334
Resultatovertføring skulane	7,236		5,498	1,503
Totalt opplæring	848,235	861,240	835,577	810,126

I mill. kr  
Tabell 20

### Driftsresultat for sektoren samla

Opplæringssektoren hadde i 2017 eit nettobudsjett på om lag 861 mill. kr. Rekneskapen viser eit samla netto mindreforbruk i høve budsjettet på om lag 13 mill. kr (etter resultatoverføring på skulane). Dette utgjer om lag 1,5 prosent av budsjettet.

Dei største postane med mindreforbruk er

- vedlikehald og drift av skulebygg, 4,7 mill. kr
- pedagogiske fellesutgifter, 2,6 mill. kr
- tilpassa opplæring, 4,8 mill. kr

Den største posten med meirforbruk er fellesutgifter og støttefunksjonar, 1,1 mill. kr.

Mindreforbruket på vedlikehald og drift av skulebygg er knytt til ubrukte midlar til uføresette investeringar/uføresett vedlikehald (2,1 mill. kr), energi (1,7 mill. kr) og innsparing på ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane (0,9 mill. kr).

Mindreforbruket på pedagogiske fellesutgifter er knytt til omstillingsmidlar, organisasjons- og personalutvikling og rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale. Mindreforbruket har m.a. samanheng med at fylkeskommunen har fått meir statlege tilskotsmidlar enn føresett på budsjetteringstidspunktet.

Mindreforbruket på tilpassa opplæring skuldast innsparing på ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane og mindre kjøp av eksterne tenester. Tilpassa opplæring er ei anslagsløyving der bruken av midlar er vanskeleg å føreseie.

Meirforbruket på fellesutgifter og støttefunksjonar er knytt til ufordelt løyving til dei vidaregåande skulane til forvaltning og fellesutgifter.

Dei vidaregåande skulane (utan landslinene) hadde ei samla innsparing på ordinær drift på om lag 4,2 mill. kr i høve budsjett 2017. Skulane har resultatoverføring til året etter, og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde i 2017 eit meirforbruk på 2,8 mill. kr. Skulen

har resultatoverføring, og akkumulert meirforbruk i 2017 var på 0,6 mill. kr.

Landslinetilboda hadde i 2017 eit samla meirforbruk på 0,7 mill. kr. Sogn jord- og hagebruksskule hadde i 2017 eit meirforbruk på om lag 1,3 mill. kr og eit akkumulert meirforbruk på om lag 2 mill. kr. Landslinetilbodet i yrkessjåfør ved Sogndal vidaregåande skule hadde i 2017 eit mindreforbruk på om lag 0,8 mill. kr, medan landslinetilbodet i skiskyting på Stryn vidaregåande skule hadde eit meirforbruk på om lag 0,2 mill. kr. Mindreforbruket på yrkessjåfør og meirforbruket på skiskyting må sjåast i samanheng med rekneskapsresultatet for skulane.

#### Nærare om rekneskapsresultatet på dei vidaregåande skulane (utan landslinene)

Tre skular hadde meirforbruk på den ordinære drifta i 2017, medan åtte skular hadde mindreforbruk. Storleiken på meirforbruket varierer frå om lag 0,5 mill. kr til om lag 3,1 mill. kr, medan mindreforbruket varierer frå om lag 0,1 mill. kr til om lag 2,7 mill. kr. Akkumulert hadde skulane mindreforbruk på om lag 19,8 mill. kr knytt til ordinær skuledrift.

På anna verksemد hadde skulane i 2017 eit samla mindreforbruk på 0,6 mill. kr. Akkumulert hadde skulane eit samla mindreforbruk på 9,5 mill. kr knytt til anna verksemد.

Fylkeskommunen har resultatoverføring, der eit eventuelt meir- og mindreforbruk ved dei vidaregåande skulane vert overført til året etter. Denne ordninga gir skulane større handlingsrom, eit meir langsiktig perspektiv og høve til å styre mot planlagde over-/underskot einskilde år.

Fylkesdirektøren vil også i 2018 jobbe særleg med oppfølging av skular med større avvik. Driftsresultata er tema mellom anna i styringsdialogen fylkesdirektøren har med skulane.

## AKTIVITETSTAL

### Søkjartal

Det var 157 fleire søkerar til vidaregåande opplæring i 2017 enn i 2016. Av totalt 5280 søkte 830 opplæring i bedrift. 4808 av søkerane til vidaregåande opplæring hadde ungdomsrett, og 594 av desse søkte opplæring i bedrift.

### Elevar i vidaregåande skule

4044 søkerar vart tekne inn til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane skuleåret 2017–2018, mot 4031 året før.

Sogn og Fjordane fylkeskommune betalte for til saman 93 elevar på skular i andre fylke. Ein tredjedel kjem inn under Hordalandsavtalen. Dei fleste av desse går på Austheim vidaregåande skule, medan nokre går på skulane på Voss. Til saman 17 elevar har fått tilbod på programområde som fylkeskommunen ikkje tilbyr, eller må ha skuleplass i eit anna fylke av andre tungtvegande grunnar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som konsekvens av friare skuleval, fått refusjonskrav for 30 elevplassar frå andre fylkeskommunar. Vi har sendt refusjonskrav til andre fylkeskommunar for ni elevplassar.

88 elevar frå Sogn og Fjordane går på privatskule i eige fylke.

### Lære- og opplæringskontraktar

73,7 prosent av søkerane med ungdomsrett har fått godkjent lærekontrakt i 2017, mot 71,1 prosent i 2016. Gjennomsnittet for landet i 2017 er 72,4 prosent.



Eksamensførebuing på Sogn Jord- og Hagebruks-skule i Aurland våren 2017.  
Foto: Sogn Jord- og Hagebrukskule

Vi hadde ved utgangen av 2017 registrert 1241 løpende lærekontraktar og 108 opplæringskontraktar.

I 2017 var det 594 primærskjarar med ungdomsrett som søkte læreplass. 438 var registrerte med læreplass ved utgangen av året.

#### Søkjarar utan tilbod om læreplass

Fem skjarar med ungdomsrett var utan tilbod om læreplass eller vg3 i skule i 2017. Fylkesdirektøren har gjennomført ulike tiltak for å redusere tal skjarar utan tilbod om læreplass. Til dømes vart alle utan læreplass 15. august inviterte til eit møte der dei mellom anna fekk informasjon om vg3 i skule. Etter dette har vi følgt opp skjarane individuelt.

Fylkeskommunen starta i 2017 opp vg3 i skule i faga industrimekanikar, elektro og bilfaga. Til saman starta 27 elevar på vg3.

#### GMU - grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom

GMU er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane.

Opplæringstilbodet er for minoritetsspråkleg ungdom mellom 16 og 24 år. Det skal gi elevane vitnemål frå grunnskulen, samt styrke nærleik til eit ungdomsmiljø. GMU har erstatta tilbodet om innføringsgrupper ved dei vidaregåande skulane. Skuleåret 2017-2018 deltek om lag 110 minoritetsspråklege elevar på tilbodet på desse åtte vidaregåande skulane: Eid, Stryn, Firda, Flora, Mo og Øyrane, Høyanger, Sogndal og Dale.

Våren 2017 fullførte 51 elevar GMU. 28 av desse starta på vg1 hausten 2017. Skuleåret 2017-2018 har vi sett i gang forsøk med GMU over to år ved Eid og Flora vidaregående skule. Dette er for å styrke føresetnadene for minoritetsspråklege elevar til å gjennomføre vidaregående opplæring.

#### GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Sogn og Fjordane har totalt sett hatt ein auke på 2,1 prosent på gjennomføring for 2011-kullet samanlikna med 2010-kullet. Det er ein auke på 4,2 prosent på yrkesfaglege utdanningsprogram, medan studieførebuande utdanningsprogram hadde ein nedgang på 1,2 prosent. Resultatet samla sett er likevel over landssnittet. Både for studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram er gjennomføringa høgast i landet (sjå tabell under). Vi har nådd ambisjonsnivået fylkestinget har for gjennomføring.

2011-kullet	Studieførebuande	Yrkesfag	Samla
Sogn og Fjordane	91,3	66,8	78,6
Nasjonalt	85,9	59,4	72,7

Tabell 21

Fylkesdirektøren ser at arbeidet med tett oppfølging av skular og bedrifter gir betre resultat.

Fylkeskommunen arbeider aktivt for å styrke fagopplæringa og for å auke gjennomføringa på normert tid, mellom anna gjennom betre formidlingsprosess og tett oppfølging i læretida.

**Gjennomføring studieførebuande utdanningsprogram  
- kull 2011.  
Prosent fullført innan 5 år.**




Diagram 14

**Gjennomføring yrkesfagleg utdanningsprogram  
- kull 2011.  
Prosent fullført innan 5 år.**




Diagram 15

Å auke gjennomføringa føreset samhandling, god koordinering og gode rutinar mellom alle aktørane i utdanningsløpet.

Omlag 50 prosent av søkerane til vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane vel yrkesfaglege utdanningsprogram.

Indikator og nøkktall	Ute av vidareg. opplæring eitt år (prosent)	Repetisjon på lågare eller same trinn (prosent)	Ordinær progresjon (prosent)
2012-2012	23,8	7,5	68,7
2013-2013	19,7	9,7	70,5
2014-2014	22,6	7,1	70,3
2015-2015	18	8,1	73,7
2016-2016	19,1	5,6	75,2

Tabell 22

#### Overgang vg2-vg3/opplæring i bedrift (2011-kullet)

Tabellen over viser ein auke på 1,5 prosent frå vg2 til vg3/opplæring i bedrift for elevar med ordinær progresjon, og ein nedgang for elevar som gjer omval (repetisjon på lågare eller same trinn). Samtidig er det ein auke på 1 prosent for ungdom som er ute av vidaregåande opplæring eitt år.

Dei vidaregåande skulane gjer ein god jobb for å kvalifisere elevane til opplæring i bedrift. 88,6 prosent av elevane har fullført og bestått vg2 skuleåret 2016-2017, mot 86,1 prosent skuleåret før.

Fylkesdirektøren for opplæring har hatt særleg merksemd på at kvalifisering til opplæring i bedrift også handlar om

- gode haldningar
- lågt fråvær
- god ordenskarakter
- å vere aktiv gjennom utplassering i programfaget yrkesfagleg fordjuping (YFF)
- god søknad og CV
- å øve på intervjuasjoner

Skulane har hatt møte med alle søkerane til opplæring i bedrift. Fylkesdirektøren har hatt jamleg dialog med opplæringskontor, politikarar, fagopplæringsnemnd, rektorar og elevrepresentantar om overgangen frå vg2 til opplæring i bedrift/vg3. Utlassering i YFF er den viktigaste faktoren for å skape kontakt mellom elev og potensiell lærebodrift. Føremålet med YFF-faget er at elevane skal introduserast for arbeidslivet, men i 2017 fekk dessverre ikkje alle elevane tilbod om å prøve ut lærefag gjennom utplassering.

Fylkesdirektøren har lagt klare føringar for at dei vidaregåande skulane skal ta ansvar i formidlingsprosessen. Alle dei vidaregåande skulane med yrkesfaglege utdanningsprogram har ein arbeidslivskontakt som har gjennomføring og overgang frå skule til bedrift som hovudarbeidsområde.

#### Læringsmiljø

Kjerneaktiviteten til skulen og lærebodifta er læring. Målet med all opplæring er å sikre at alle elevar og lærlingar har eit læringsutbytte som er optimalt ut frå eigne føresetnader.



Stryn vidaregåande skule starta det nye skuleåret med oppstart av ei flunkande ny landsline i skiskytting. F.v. kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen, fylkesordførar Jenny Følling og ordførar i Stryn, Sven Flo.  
Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Statistikk over stryk til eksamen og stryk på standpunktcharakter i perioden 2013-2017 syner

- sterkt nedgang i strykprosent for standpunktcharakterar
- nedgang i strykprosent til eksamen

Fylkesdirektøren for opplæring meiner det er fleire årsaker til dette. Arbeidet med vurdering og gjennomføring dei siste åra fører til at elevane får tettare og betre oppfølging frå skulane. Mellom anna gir skulane tilbod om ekstraopplæring for elevar som manglar eller har svakt vurderingsgrunnlag i fag.

Fire vidaregåande skular i Sogn og Fjordane deltek i eit forskingsprosjekt der målet er å betre det psykososiale læringsmiljøet og å medverke til å auke gjennomføringa. Resultata så langt viser at skulane som følgjer opp tiltak for å betre det psykososiale miljøet, har elevar som er betre tilpassa og mindre einsame.

Både elev- og lærlingundersøkinga for 2017 viser høg grad av trivsel og resultat over landsgjennomsnittet. Likevel syner undersøkingane også at vi har eit utviklingspotensial for at eleven og lærlingen i større grad skal medverke i eige læringsarbeid.

Fylkesmannen gjennomførde i 2017 tilsyn med Sogn og Fjordane fylkeskommune og arbeidet Dale vidaregåande skule gjer med skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2.1 Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av eiga verksemd og måloppnåing. Vurdering av eiga verksemd inneber at skulen skal vurdere organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa. Fylkesmannen fann ingen avvik i tilsynet.

## VIDAREGÅANDE OPPLÆRING FOR VAKSNE

Talet på søkerar til vidaregåande opplæring for vaksne har vore stabilt på ca. 300 dei siste åra. Talet minoritetsspråklege søkerar har derimot auka kraftig, og i 2017 hadde 60 prosent av alle søkerane minoritetsspråkleg bakgrunn. Majoriteten av desse er busette flyktningar med svært variabel skule- og yrkesbakgrunn, og med behov for omfattande opplæring.

Frå og med august 2017 vart retten til vidaregåande opplæring for vaksne utvida til å gjelde alle som har fullført vidaregåande opplæring i utlandet, men som ikkje får denne godkjend som studie- eller yrkeskompetanse i Noreg. Personar under 25 år, med tilsvarende bakgrunn, kan òg få vaksenrett.

### Opplæringstilbod

Grunna mange søkerarar som treng heile opplæringsløp, sette vi i 2017 i gang fleire eigne tilbod for minoritetsspråklege deltakarar, fordelte på fem skular. Det er flest tilbod innanfor helsearbeidarfraget. Fylkeskommunen har no samarbeidsavtalar med kommunar og NAV om tilrettelagde opplæringsløp ved Dale, Firda og Sogndal vidaregåande skular. Eit løp for tannhelsesekretærar starta òg hausten 2017 ved Firda vidaregåande skule.

Det var 70 nye vaksne søkerar til helsearbeidarfraget i 2017, slik at det i tillegg vart starta «ordinære» vaksengrupper i helse- og oppvekst ved Flora og Mo og Øyrane vidaregåande skular. Også her er majoriteten av deltakarane minoritetsspråklege. I tillegg starta vi vg1-grupper for minoritetsspråklege i teknikk og industriell produksjon ved Flora vidaregåande skule og i bygg- og anleggsteiknikk ved Sogndal vidaregåande skule. Alle desse gruppene gjev tilbod om full opplæring i alle fag og er såleis ressurskrevjande.

Majoriteten av dei etnisk norske deltakarane fekk opplæring i studiekompetansefaga, og nokre i komprimerte løp innanfor sal og service og helsefag.

Til saman deltok om lag 400 personar i opplæring for vaksne i 2017.

### Utfordringar

Det er positivt for Sogn og Fjordane at vi har fått mange innbyggjarar som ønskjer vidaregåande opplæring for vaksne. Samstundes utfordrar bakgrunnen til søkerane både organiseringa av opplæringa og ressursbruken, ved at det er behov for meir individuelt tilpassa tilbod. Det er avgjerande å samarbeide tett med partane i arbeidslivet, næringslivet og NAV for å gje alle vaksne moglegheit til å kvalifisere seg til ei fagutdanning, enten for første gong eller i form av omstilling til andre yrke.

### EFFEKTIVISERINGSTILTAK

#### Oppfylling i grupper

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2017-2018 ei oppfylling på om lag 93 prosent, som året før.

Oppfylling per nivå:

- vg1: 95 prosent (97 prosent året før)
- vg2: 91 prosent (som året før)
- vg3: 91 prosent (som året før)<sup>1</sup>

Redusert oppfylling på vg1 har samanheng med vesentleg lågare oppfylling i utdannings-programma medium og kommunikasjon og design og handverk.

#### Oppbygging av faga i arbeidsåret

For å tilpasse drifta til redusert sektorramme vart løvinga til opplæringstilbodet i budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 frå hausten 2017 redusert med 9,5 mill. kr årleg. Det skuldast innsparingstiltaket oppbygging av faga i arbeidsåret. Tiltaket inneber at ein i samband med oppbygginga av faga i arbeidsåret tek omsyn til at skulen har planlagde aktivitetar der det ikkje vert gjennomført lærarstyrt undervisning. Tiltaket påverkar ikkje årstimetalet til elevane.

### POLITISKE SAKER - AVVIKSRAPPORTERING

Hovudutval for opplæring handsama 36 saker i 2017. Vi har ikkje registrert avvik i oppfølginga av dei politiske sakene i 2017.

### SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

#### Fylkestinget

- Sak 18/17: Nye vedtekter for Nasjonal digital læringsarena (NDLA)  
Sak 35/17: Nasjonal digital læringsarena (NDLA)  
Sak 51/17: Mål og strategiar for vidaregående opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021

#### Hovudutval for opplæring

- Sak 2/17: Stimuleringstilskot 2017  
Sak 4/17: Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2017-2018  
Sak 5/17: Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018  
Sak 6/17: Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 - opplæringssektoren  
Sak 7/17: Høyringsfråsegn om modell for overgang frå vg1 studiespesialiserande til yrkesfaglege programområde på vg2  
Sak 8/17: Høyringsnotat «Fagbrev på jobb»

<sup>1</sup>Plasstalet på vg3 naturbruk for skuleåret 2016-2017 og tidlegare var ikkje justert for søkerar til påbygging til generell studiekompetanse, difor vart oppfyllingstala alt for høge. Den reelle oppfyllinga på vg3 har i fleire år vore 90-92 prosent.

Sak 9/17:	Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021 - Arbeidsdokument
Sak 15/17:	Høyring - Forslag til ny generell del av læreplanverket for grunnopplæringa
Sak 19/17:	Høyring - framlegg om å innføre forbod mot bruk av plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet i barnehagar og utdanningsinstitusjonar
Sak 20/17:	Høyringsnotat om endringar i den yrkesfaglege tilbodssstrukturen
Sak 22/17:	Revisjon av forskrift til ordensreglement på dei vidaregåande skulane 2017
Sak 25/17:	Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 - sektorbudsjett for opplæring
Sak 26/17:	Høyring - Mål og strategiar for vidaregående opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021
Sak 27/17:	Høyringsfråsegn på plikt til å tilby intensiv opplæring og plikt til fleirfagleg samarbeid
Sak 31/17:	Høyringsfråsegn på forskrift om kommunen sitt helsefremjande- og førebyggande arbeid i helsestasjon og skulehelsetenesta
Sak 32/17:	Høyring - Forslag til forskrift om tildeling av utdanningsstøtte 2018-2019
Sak 34/17:	Opplæringstilbodet for skuleåret 2018-2019

#### KOSTRA NØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2014	SFJ 2015	SFJ 2016	SFJ 2017	Vest-norge 2017	Landet u/ Oslo 2017
Netto driftsutgifter til vidaregående opplæring, per innbyggjar 16-18 år	183 047	184 314	182 664	190 272	163 972	168 509
Økonomisk belastning 510-562 vidaregående opplæring i skule per elev	170 518	171 923	173 976	175 128	152 879	154 780

Tabell 23

Indikator - konsern	SFJ 2014	SFJ 2015	SFJ 2016	SFJ 2017	Landet u/Oslo 2016	Landet u/Oslo 2017
Andel elevar og lærlingar som har bestått vgo i løpet av fem år*	74,1	77,2	78,6		73,3	
Andel elevar som har slutta i løpet av året - alle årssteg	3,2	2,5	2,3	2,6	4,3	4,2
Andel av elever som startet på yrkesfag som har oppnådd yrkeskompetanse/fag-/svennebrev i løpet av fem år*	33,7	38,2	39,4		32,9	
Andel elever med direkte overgang fra vidaregående opplæring til høyere utdanning*	41	46,1	47,6		45,0	
Andel beståtte fag- og svenneprøver	93,8	93,8	95,3	95,4	92,1	93,5
Andel elever vg2 yrkesfaglige utd.program i fjor, i lære i år	45,4	52	51,9	52	48,6	44,9

\*Tala for 2017 er ikkje klare før i juni 2018.

### MÅLEKART - OPPLÆRING

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Tenesteyting (T)			
T4 Læringsmiljø.	T4.1 Trivsel.	T4.1-1 Elevar: 4,4 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga.	Elevar: 4,4 Ambisjonsnivået er nådd.
		T4.1-2 Lærlingar: 4,5 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga.	Lærlingar: 4,5. Ambisjonsnivået er nådd.
	T4.2 Meistring.	T4.2-1 Elevar: 3,8 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga.	Elevar: 4,1 Ambisjonsnivået er nådd.
		T4.2-2 Lærlingar: 4,0 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga	Lærlingar: 4,2 Ambisjonsnivået er nådd.
T5 Læring.	T5.1 Karakterutvikling/ resultat.	T5.1-1 15 fag med sentralt gitt eksamen med resultat over landsgjennomsnittet.	23 fag med sentralt gitt eksamen har resultat over landsgjennomsnittet. Ambisjonsnivået er nådd.
		T5.1-2 25 prosent av lærlingane som tek fag- og sveineprøve oppnår resultatet: Bestått mykje godt.	25,2 prosent av lærlingane fekk resultatet bestått mykje godt. Ambisjonsnivået er nådd.
	T5.2 Standpunktakaracter og eksamsresultat i norskfaget.	T5.2-1 0,4 karaktergrader i avvik.	0,3 karaktergrader i avvik. Ambisjonsnivået er nådd.
T6 Gjennomføring.	T6.1 Gjennomføring.	T6.1-1 I 2017 skal 77 prosent av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2012 ha gjennomført opplæringa.	Gjennomføring på 78,6 prosent. Ambisjonsnivået er nådd.
Regionalutvikling (R)			
R5 Samsvar mellom dimensjonering av opplærings-tilbodet og behovet for fagarbeidarar.	R5.1 Samsvar mellom tilgang til læreplassar og tal søkjavar til læreplass.	R5.1-1 90 prosent av alle med ungdoms- eller vaksenrett som søker læreplass som første ønske får tilbod.	Om lag 69 prosent av alle med ungdoms- eller vaksenrett som søker lærepllass som første ønske fekk tilbod. Ambisjonsnivået er ikkje nådd. Det bør vurderast om ambisjonsnivået skal justerast.

# SAMFERDSLE

## INNLEIING

Fylkestinget vedtok regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027 i desember 2017. Planen med handlingsprogram er det viktigaste styringsdokumentet vårt og vert lagt til grunn for prioriteringane i arbeidet med budsjett- og økonomiplan. Transportplanen legg opp til investeringar på fylkesvegområdet på omlag 3,5 mrd. kr. Han inneholder også ambisiøse mål for reduksjon i klimagassutslepp på mellom 30 og 40 prosent innan 2030, samanlikna med utsleppa i 2015.

Fylkestinget gjorde vedtak om trasé for kystvegen gjennom Sogn og Fjordane i samband med behandlinga av transportplanen.

I 2017 gjorde vi også eit viktig arbeid med ny handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021. Planen gir saman med trafikktryggingstiltaka som er føreslegne i regional transportplan, føringar for kva vi skal prioritere innan trafikktryggingsarbeidet dei komande fire åra. Det viktigaste i planen er tiltak retta mot å endre haldninga til aktørane i trafikken.

Fylkestinget har vedteke at fylkeskommunen skal søkje Kommunal- og moderniseringsdepartementet om ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund i Solund kommune. Vi sende søknaden i desember 2017.

Dei siste åra har vi opplevd fleire hendingar med skadar på fylkesvegane som følge av ras og flaum. I slutten av juli fekk fv. 60 gjennom Utvik omfattande skader som følge av ekstremvær. Det er berekna at skadane etter flaumen vil koste om lag 75 mill. kr. I tillegg skapte vegstenginga problem for nærings- og turisttrafikken i området.

Samferdsleavdelinga har i 2017 jobba mykje med å gjere rutedata tilgjengeleg for reisande. Vi har lagt mykje ressursar i å få reiseplanleggaren og rutetabellane på kringom.no best mogleg for brukarane. I tillegg har tilsette på avdelinga vore tett involverte i innføringa av eit nytt skuleskyssprogram, som skal takast i bruk våren 2018.

I juli 2017 fekk fylkeskommunen 6,2 mill. kr til ei utvida TT-ordning, som gjev ekstra pengar til drosjereiser for blinde/svaksynte og rullestolbrukarar. Det omfattar 450 brukarar i Sogn og Fjordane. Vi har søkt om midlar til å vidareføre ordninga i 2018.

Alle buss-, båt- og ferjeruter i fylkeskommunal regi er no anbodsutsette.



Foto: Thor-Aage Lillestøl / Photoevent

## SAMFERDSLEBUDSJETT

Fylkeskommunen har ansvar for

- kollektivtrafikktilbodet inkludert skuleskyss
- løyvetildeling
- drift og vedlikehald av 2601 km fylkesveg
- ferjedrift
- investeringar på fylkesvegnettet

Samla nytta samferdslesektoren 1,2 mrd. kr til drift og investeringar i 2017.

Område	Rekneskap 2017	Budsjett 2017
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	474,289	475,399
Bilruter	234,274	231,686
Fylkesvegferjer	127,974	128,995
Båtruter	87,356	88,403
Tilrettelagt transport	8,261	9,506
Investeringar på fylkesvegnettet (brutto)	255,700	315,000
Totalt	1187,854	1248,989

Tabell 25

Tala på driftsløyvingane som kjem fram i tabellen over, er nettokostnad etter at inntekter og meirverdiavgift er trekt frå.

Fordeling av midlar i samferdslesektoren




Diagram 16



Flaumskader på fv. 60 ned mot Utvik sentrum i juli 2017. Foto Statens vegvesen.

## FYLKESVEG

### Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet og fylkesvegferjene på vegne av fylkeskommunen. Samarbeidet med vegvesenet er godt og tett, og det vert styrt gjennom ein rammeavtale og årlege leveranseavtalar. Vi har også månadlege styringsmøte med vegvesenet, samt eigarstyringsmøte for store investeringsprosjekt og tunnelrehabiliteringsprosjektet.

### Tunneltryggleiksforskrift for fylkesvegtunnelar

Regjeringa vedtok i desember 2014 ny forskrift for tunnelsikkerhet på fylkesvegtunnelar. Fylkestinget vedtok plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet i desember 2015 (sak 54/15). Det er lagt til grunn ei ramme på 1,4 mrd. kr (2016) til tunnelvedlikehald og oppgradering av fylkesvegtunnelar etter tunneltryggingsforskrifta i perioden 2016–2024. Tunnelane som er omfatta av krava i tunnelsikkerheitsforskrifta, skal vera ferdig utbeta før 2025.

Det har i 2017 vore arbeid knytt til tunneltryggleiksforskrifta i følgjande tunnelar:

- fv. 55 Høyangertunnelen
- fv. 55 Kvernhaugtunnelen
- fv. 53 Bermålstunnelen

Vi nyttar dette året til saman 87,5 mill. kr til tunnelrehabilitering. Av det var omlag 63 mill. kr kostnader knytt til tunneltryggleiksforskrifta.

### Flaum i Utvik og på Breim

Natt til mandag 26. juli var det intenst uvær med lyn, torevær og enorme nedbørsmengder i indre og midtre Nordfjord. Uværet gjorde store skadar på vegen og bruer nedover mot Utvik sentrum. Det vart også skadar på veg og drenssystem (grøfter, stikkrenner) over fjellet og ned mot Byrkjelo.

Storelva bru aust for Utvik sentrum vart totalskada i flaumen. Her kom mellombels bru på plass raskt, slik at Utvik fekk vefsamband austover mot Innvik.

Onsdag 9. august vart det opna for kolonnekjøring for køyretøy under 3,5 tonn fire gonger dagleg på ein kommunal og privat veg som ikkje vart skada i flaumen. Fredag 11. august opna vegen også for kolonnekjøring med ledebil for bilar inntil 15 meter, og fredagen etter opna det for kolonnekjøring for større kjøretøy.

Fv. 60 i Utvik opna att for trafikk torsdag 21. september. Det er berekna at skadane etter flaumen vil kome på om lag 75 mill. kr. Totalt er det kostnadsført 35 mill. kr i 2017.

### Ressursbruk

Fylkeskommunen nyttar 461,9 mill. kr til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2017, ein auke på 27,1 mill. kr frå året før. Vi har samla nytta 265,5 mill. kr til investeringar på fylkesvegnettet.

Driftsutg. til fylkesvegføremål	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Renter for vegforskotering	0,000	0,000	1,750	3,000
Driftsmidlar overført investering	2,500	2,500	11,845	49,658
Fylkesveg - drift og vedlikehald	461,879	461,879	434,843	436,127
Fylkesvegar - uforutsette hendingar	0,000	0,000	15,000	0,600
FTU - adm. og tiltaksmidlar	0,957	1,200	1,116	0,827
FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane	4,280	5,000	4,530	3,719
Fylkesveg, miljø og trafikktr. tiltak - Administrasjon	4,673	4,820	4,423	3,363
Fylkesveg, miljø og trafikktr. tiltak	474,289	475,399	473,506	497,294


I mill. kr  
Tabell 26

#### Drift og vedlikehald

Vi hadde sett av 461,9 mill. kr netto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i budsjettet for 2017. I tillegg var det løyvd 9,5 mill. kr av disposisjonsfond (unytta midlar fra 2016).

Vi nytta i 2017 om lag 25 mill. kr mindre på vedlikehald enn føresett i budsjettet. Det skuldast hovudsakleg forseinkingar innanfor tunnelvedlikehald. Behovet knytt til drift vart om lag tilsvarande høgare.

Rekneskapen er inkludert eit overført overskot på 2,8 mill. kr (mindreforbruk). Midlane vert lagt til i tildelinga til Statens vegvesen i 2018.



<sup>1</sup> Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 2,8 mill. kr til disposisjonsfond.

<sup>2</sup> Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 9,5 mill. kr til disposisjonsfond.

<sup>3</sup> Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 49,1 mill. kr til disposisjonsfond.

Diagram 17:

Det vart lagt 118 km nytt dekke og sett opp 28 km rekkrverk på fylkesvegnettet i 2017. Tala for 2016 var 71 km nytt dekke og 13 km rekkrverk.




Diagram 18: Spordjupne seier noko om kvaliteten på vegdekket. Auka bruk av midlar i 2012 – 2015 har gitt ein reduksjon i spordjupne. Det er i 2016 ikkje utført målingar på heile vegnettet slik at talet ikkje gir ein korrekt middelverdi. Grunna feil i måleutstyret har vi ikkje data for 2017.

### Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 6,2 mill. kr til disposisjon i 2017. Det er brukt 5,2 mill. kr av den disponibele ramma. Midlane er brukte slik:

- Trafikktryggingstiltak i kommunane: 4,3 mill. kr (mindreforbruk på 0,7 mill. kr)
- Ulike aktivitetar knytt til trafikktrygging: 1,0 mill. kr (mindreforbruk på 0,2 mill. kr)

Det var 16 kommunar som fekk tilsegn om midlar til trafikktryggingstiltak. Samla vart det gitt tilskott tilsvarende om lag 60 prosent av kostnadane med prosjektet. Mindreforbruket skuldast at tiltaka ikkje er gjennomførte eller at tiltaka hadde lågare pris enn venta.



Årdal kommune fekk trafikktryggingsprisen 2017. Kommunen fekk prisen for å ha blitt godkjent som trafiksikker kommune, som første kommune i fylket. Prisen var på 25 000 kr.  
Foto: Birthe Johanne F. Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune




Diagram 19

Det er førebels rapportert inn 32 ulukker med personskadar på fylkesveg i 2017. Det er ofte eit etterslep i rapportering av trafikkulukker, slik at det endelige talet kan bli noko høgare.

Dei fleste ulukkene med personskadar i fylket er utforkøyningsulukker og møteulukker.

## Veginvesteringar og skredsikring

Fylkesvegføremål	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Investeringar	207,2	246,8	232,2	80,7
Skredsikring	48,5	68,3	233,7	73,3
Totalt	255,7	315,0	465,9	153,9

Tabell 27



Rykande fersk asfalt vert lagt på fv. 60 Ugle-Skarstein. Veganleggget er planlagt opna for trafikk 1. mars 2018. Foto Statens vegvesen.

Samla ramme til investeringar var 315 mill. kr i 2017. Vi nyttar 255,7 mill. kr fordelt med 207,2 mill. kr til ordinære investeringar og 48,5 mill. kr til skredsikring. Samla mindreforbruk på veginvesteringane er 60,8 mill. kr. Mindreforbruket på ordinære investeringar var 41 mill. kr og 19,8 mill. kr er knytt til skredsikring.

### Store prosjekt

Vi nyttar 142,8 mill. kr til dei store fylkesvegprosjekta i 2017. Fv. 60 Ugle-Skarstein i Stryn hadde eit mindreforbruk på 31 mill. kr.

### Fv. 60 Ugle-Skarstein

Vi lyste ut hovudentrepisen på veg og tunnel på anbod i desember 2015 og skreiv kontrakt i mars 2016. Det var gjennomslag i Vangbergstunnelen i desember 2016. Underentreprenøren har bygd veg i dagen parallelt med tunneldrivinga. Entreprenøren overleverte anlegget i desember 2017. Det står att noko arbeid som vi ikkje får gjort før trafikken er lagt over i ny tunnel.

Entrepisen for elektro vart lyst ut i februar 2017 og utføringa starta over sommaren 2017. Elektroentrepisen har halde framdrift etter kontrakten og vert klart til overlevering i februar 2018. Det skal også gjennomførast støytiltak. Tida januar-februar 2018 er sett av til testing av teknisk utrustning og til å få tunnelen sikkerheitsgodkjent før den planlagde opninga 1. mars 2018.

### Førdepakken

Vi nyttar 17,6 mill. kr til fylkesvegprosjekta i Førdepakken i 2017.

### Mindre utbetringar

Det vart nytt 26,7 mill. kr til mindre utbetringar med eit samla mindreforbruk på om lag 4,5 mill. kr.

### Gang og sykkelvegar

Vi nyttar 1,3 mill. kr til gang- og sykkelvegar i 2017. Det er knytt til prosjektet fv. 546 Brandsøyvegen i Flora.

### Skredsikring

Vi har eit mindreforbruk på omlag 19,8 mill. kr innan skredsikring. Det største avviket er på fv. 337 Bjørnabakken, som har eit mindreforbruk på 9,8 mill. kr. Vi brukte 23,4 mill. kr til fv. 633 Kleiva, med eit mindreforbruk på 7,6 mill. kr.

### Skredutsette punkt som er utbeta i 2017

- Fv. 53 Eldegardsbergi
- Fv 234 Rauberg

## Fylkesvegferjer

Fylkesvegferjer	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Fylkesvegferjer	127,974	128,995	114,409 <sup>1</sup>	105,612

I mill. kr  
Tabell 28

Vi nytta 128 mill. kr til ferjedrifta i 2017. Det er 1 mill. kr lågare enn budsjettert.

Sogn og Fjordane fylkeskommune driv i dag seks fylkesvegferjesamband. Alle ferjesambanda er konkurranseutsette, og nasjonale standardar for drift av sambanda er lagt til grunn. Vi har i dei siste utlysingane skjerpa krava til universell utforming og miljø samanlikna med tidlegare utlysingar. Opningstid og rutefrekvens er vidareført frå tidlegare med mindre årlege justeringar.

Fylkestinget vedtok i 2016 at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal overta ansvaret for innkjøp av ferjetenester på strekninga Barsund-Barmøy i Selje kommune. Fylkestinget bestemde i 2017 at drift av ferjestrekninga skal lysast ut med krav om el-ferje.

## Trafikktal for dei største ferjesambanda

Personbileiningar per år 2012-2017




Diagram 20

## Ferjeavløysing

Fylkestinget vedtok i desember 2017 at fylkeskommunen skal søkje om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru. Prosjektet har eit kostnadsoverslag på 690 mill. kr. Fylkestinget tek endeleg stilling til oppstart av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fylkestinget vedtok også å setje av planleggingsmidlar til detaljplanlegging for Atløysambandet i første periode av regional transportplan 2018-2027. Søknaden om ferjeavløysingsmidlar for Atløysambandet skal behandles når det ligg føre ein godkjent reguleringsplan for prosjektet.

<sup>1</sup> Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 4,5 mill. kr knytt til kompensasjon mot riksregulativet og nye kvalifiseringskrav for mannskap.

### Kollektivtrafikk

#### Rammevilkår/økonomi

Budsjettet til kollektivtransport var på 329,6 mill. kr, rekneskapen er på 329,9 mill. kr. Det gir eit samla meirforbruk innan kollektivområdet i 2017 på 0,3 mill. kr.

Vi har meirforbruk på bilruter og mindreforbruk på båtruter og tilrettelagt transport. Meirforbruket på bilruter er i hovudsak knytt til uventa utvikling i ein av indeksane som regulerer kontraktsgodtgjersla. Mindreforbruket på båt er knytt til regulering av båtkontraktane, og mindreforbruk på tilrettelagt transport er knytt til serviceskyss.

Driftsutgifter til kollektivtransport	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Bilruter	234,274	231,686	256,221	263,309
Båtruter	87,356	88,403	100,322	114,157
Tilrettelagt transport	8,261	9,506	10,087	8,950
<b>Sum kollektivtrafikk</b>	<b>329,890</b>	<b>329,595</b>	<b>366,630</b>	<b>386,415</b>

I mill. kr  
Tabell 29



Foto: Thor-Aage Lillestøl/ Photoevent

### Bussanbod

19. juni 2017 starta drifta i bussanboden som omfattar sju kommunar i indre Sogn. Alle dei fylkeskommunale bussrutene er no anbodsutsette.

### Brukarundersøkingar

Fylkeskommunen gjennomførte tre kundeundersøkingar i 2017. Vi hadde ei kunde-tilfredshetsundersøking blant kollektivreisande i Sunnfjord og i ei i Sogn. Undersøkinga i Sunnfjord vart gjort ca. eit halvt år etter oppstart av anboden, medan undersøkinga i Sogn vart gjort før anbodsoppstart.

I tillegg gjorde vi ei liknande undersøking på ekspressbåtrutene. Jamt over viser undersøkingane gode resultat.

### Kollektivbarometeret

Sogn og Fjordane er også del av Kollektivbarometeret, som er eit nasjonalt kundebarometer og ein nasjonal nøkkeltalsanalyse der alle fylka i landet deltek. Sogn og Fjordane skårar høgast i landet på punktlegheit og personalet si åtferd i 2017. Dei spurde var mindre nøgde med kollektivtilbodet, informasjon, valuta for pengane og kollektivtrafikken totalt.

### Tal reisande og skuleskyss

Det var 1,46 mill. passasjerar utanom skuleelevar i bussruter i det fylkeskommunale tenestekjøpet i 2017, mot 1,63 mill. i 2016. Rutetilbodet var på om lag same nivå i 2017 og 2016.

Reisande med kommersielle bussruter er ikkje med i tala over. Dei kommersielle bussrutene er likevel ein viktig del av rutetilbodet i fylket. Busselskapa har forpliktta seg til å bruke fylkeskommunale takstar og rabattar, samt tilby plassgaranti på fylkesinterne reiser.

Det var om lag 4900 grunnskuleelevar som hadde skuleskyss i 2017. Det er på same nivå som året før.

I vidaregåande skule var det om lag 1700 elevar med skuleskyss. Dette er stabilt frå året før.

Vi har i 2017 arbeidd mykje med innføringa av eit nytt skuleskyssprogram. Programmet skal handtere innmelding av skyssbehov og organisering av desse. I dag føregår innmelding av behov for skuleskyss ved at skulane leverer eit excel-ark til fylkeskommunen.

Det er mange detaljar knytte til skuleskyss, t.d.

- ulik lengde på skuledagane for dei ulike klassane
- SFO
- ulike fridagar i kommunane
- delt adresse med skifte den eine eller andre dagen i veka
- langdag kvar 3. veke
- særskilde skyssbehov, t.d. rullestolbil

I tillegg skiftar skyssbehovet når folk flyttar på seg, skiftar linje osv. Behovet for å systematisere og få fram informasjon til aktuelle partar raskt er stort.

Med det nye dataprogrammet kan skulane logge seg direkte på det fylkeskommunale skuleskyssprogrammet og melde inn skyssbehov og organisering. Alle som har ei rolle med å saksbehandle og organisere skyssar arbeider i det same systemet. Systemet er inndelt slik at ulike brukarar har innsyn i dei skyssane som naturleg sorterer til rolla til den enkelte.

Vi testar no programmet og starta opplæring av kommunane på tampen av 2017. Målet er at vi skal bruke systemet frå hausten 2018.

#### Båtruter

Båtruter omfattar skuleskyss, ruter til veglause grender, bygderuter, lokalruter, godsruter og ekspressrutene som går mellom Sogn og Fjordane og Bergen. Rutetilbodet var tilnærma uendra frå 2017 til 2016. Ekspress-, lokalbåt- og godsrute er anbodusutsett.




Diagram 21: Tala reisande med ekspress- og lokalbåtane har vore stabile dei siste åra. Frå 2016 til 2017 er det ein auke i tal passasjerar for begge.

#### Takstharmonisering ekspressbåt

På slutten av 1990-talet vart det innført luftlineprinsipp ved berekning av takstar på ekspressbåtrutene mellom Sogn/Nordfjord og Bergen. I praksis betydde det at dei lange reisene på dei to rutene på Sognefjorden fekk lågare takst enn tilsvarande reiser på kysten. Det vart gjort som eit marknadstiltak, på grunn av stor konkurranse

## KOLLEKTIVTILBOD TIL UNGDOM

- Ungdomskort på kollektivreiser for ungdom mellom 16 og 19 år.
- Trygt heim for ein 50-lapp gjev trygg transport natt til søndag for ungdom over 18 år.
- Lokale transporttilbod for ungdom (LTU) - Midlar til fleksible skyssløysingar for ungdom mellom 13 og 19 år.

med andre reisemiddel.

Mange har meint dette har vore ei urettvis ordning, og at offentleg finansierte ruter bør ha lik pris uavhengig av kvar i fylket ruta går.

Ekspressbåtrutene er store rutesystem med om lag 90 prosent eigenfinansiering. Det betyr at sjølv om det er dyre ruter å drifte, vert dei i hovudsak betalte av dei reisande. Marknadsarbeid på rutene har alltid vore viktig, då fallande inntekter vil slå stort ut økonomisk for fylkeskommunen.

I 2017 bestemde fylkestinget at vi skal harmonisere takstane på ekspressbåtane til Bergen frå 2018. For å unngå for stort passasjerbortfall på sognerrutene, vart det valt ein modell der den nye felles taksten vart lagt om lag midt mellom nordfjord- og sognetakst. Det betyr at det vert noko dyrare for Sogn og noko rimelegare for Nordfjord. Totalt sett reknar vi med eit moderat inntektstap.

### Ungdomstilbod

#### Ungdomskort

Prisen på ungdomskort vart sett ned frå 390 til 365 kr per månad frå august 2017, for å få same pris som i Hordaland. Kortet gjev ungdom mellom 16 og 19 år rett til å reise fritt med kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane. Vi selde om lag 8500 periodar (å 30 dagar) med ungdomsskort i 2017. Det er ein nedgang på om lag 200 frå 2016. Bruken av ungdomskortet har hatt ein fallande tendens dei siste åra.

#### Trygt heim for ein 50-lapp

Ordninga Trygt heim for ein 50-lapp vart etablert i 2002 som eit tiltak for å betre trafikktryggleiken for ungdom i aldersgruppa 16-24 år. Tal reisande auka jamt frå 6000 i 2003 til over 9000 i 2009. Tal reisande i 2017 er stabilt frå åra før med om lag 5500 reisande. Om lag 80 prosent av bruken knyter seg til Førde og Sogndal.

Ordninga kostar om lag 1,5 mill. kr inkludert sommarruter i 2017.

#### Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)

Fylkeskommunen har brukta 0,7 mill. kr til fleksible skyssløysingar for ungdommar til/ frå fritidsaktivitetar på ettermiddags- og kveldstid. Midiane blir brukte til t.d. transport til/frå ungdomsklubb og kino. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år.

#### Drosje

Det er no 159 drosjeløyve i Sogn og Fjordane inkludert 30 reserveløyve. Av desse er totalt 54 løyve tilrettelagde for rullestolbrukarar. Tala er stabile frå året før.

Drosjeeigarane har i 2017 hatt høve til å søke om midlar til tilrettelegging av drosje for transport av rullestol. Fylkeskommunen har betalt ut 303 000 kr i tilskot fordelt på ti drosjeeigarar.

Drosjer med inntil ni sete får dispensasjon frå krav i forskrifta for universell utforming, slik at dei vert godkjende med tilrettelegging for rullestol. Det er gjort for å kunne gi eit tenleg tilbod på dei aktuelle stadane der det er gjeve dispensasjon utan at det går ut over tryggleiken.

#### Tilrettelagt transport (TT-ordninga)

Tilrettelagt transport er eit viktig tilbod for brukarar som av ulike grunnar ikkje kan nytte det ordinære kollektivtilbodet. Fylkeskommunen har løyvd 6,2 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport i 2017. Det er eit tilbod om drosjetransport til personar med varig nedsett funksjonsevne. Vi samarbeider med alle kommunane i fylket om tilbodet, og kommunane får midlar etter folketal.

Sommaren 2017 fekk fylkeskommunen 6,2 mill. kr i ekstra midlar til TT-ordninga

frå Samferdsledepartementet. Midlane var øyremerka blinde/svaksynte og rullestol-brukarar og skulle gje kvar brukar nok pengar til 200 reiser i året. Totalt fekk 450 brukarar midlar frå den statlege ordninga i 2017, og dei nyttar til saman 3,8 mill. kr. Unytta midlar frå 2017 er delt ut i 2018. Fylkeskommunen har søkt om midlar til å vidareføre ordninga.

#### **Serviceskyss**

Serviceskyss er ei utvida form for tingingsruter som er open for alle, men hovud-målet er å finne løysingar som aukar mobiliteten til eldre og funksjonshemma. I 2017 har samferdsleavdelinga hatt møte med alle kommunane i fylket for å evaluere ordninga og få på plass nye retningslinjer. Vi arbeider med å etablere serviceskyssstil-bod i kommunar som ikkje har slikt tilbod i dag. Serviceskyssen ligg inne i bussanbo-da for Sunnfjord og Sogn med same krav som tidlegare til utføring.

Vi brukte 2,2 mill. kroner på serviceskyss i 2017. Det er ein nedgang på om lag 1,3 mill. kr. Nedgangen skuldast at det kostar mindre å få utført serviceskyssen etter at han vart lagt inn i bussanboda.

#### **Planarbeid**

Fylkestinget vedtok i desember 2017 regional transportplan 2018-2027 og fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021. Plandokumenta er baserte på eit felles kunnskapsgrunnlag.

#### **Regional transportplan 2018-2027**

Fylkestinget har ambisjonar om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane for å stoppe forfallet og tilpasse veginfrastrukturen til eit endra klima med meir nedbør. Fylkes-vegtunnelane skal tilfredsstille krava til tunnelsikkerheitsforskrifta innan utgangen av 2024, etter vedteken plan for tunnelrehabilitering.

Fylkestinget har eit mål om å legge til rette for raskast mogleg overgang frå bruk av fossile drivstoff til nullutsleppskøyretøy på vegnettet og å auke talet på gåande og syklande i fylket.

Når det gjeld kollektivtrafikken, er det eit mål at fylket skal ha eit heilskapleg rute-system som heng saman med høvelege korrespondansar og enkel omstiging på korrespondansepunkt. Transportplanen legg opp til ein gradvis reduksjon av klima-gassutsleppa i samband med framtidige anbod for å nå målet om tilnærma nullut-slepp i kollektivtrafikken innan 2050.

Planen har også eit mål om å sikre vegnettet mot alvorlege utforkøyningsulukker ved auka satsing på utbygging/utskifting av rekksverk og sikring av sideterreng. Vi skal ha eit effektivt transportsystem som syter for raskast mogleg framkome for næringstransporten. Klimagassutsleppa frå godstransporten skal reduserast m.a. ved godsoverføring frå veg til sjø.

#### **Handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021**

Fylkeskommunen har ansvaret for å koordinere trafikktryggingsarbeidet i fylket. Det skjer gjennom handlingsplan for trafikktrygging, som tek føre seg det haldnings-skapande trafikktryggingsarbeidet. Handlingsplanen har følgjande satsingsområde i perioden 2018-2021:

- sikringsutstyr
- rusførebygging
- trafikksikker kommune
- trafikkåtferd

#### **KOMMUNAR MED SERVICESKYSS**

Aurland	Gulen
Askvoll	Hyllestad
Balestrand	Jølster
Eid	Leikanger
Førde	Luster
Flora	Naustdal
Fjaler	Sogndal
Gaular	Solund
Gloppen	Vågsøy

## SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

Sak 9/17	Avtale om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune
Sak 23/17	Anbod på fylkesvegferjesambandet Barmsund-Barmen, krav til nullutslepp
Sak 24/17	Ekspressbåtane Sogn-Bergen
Sak 31/17	Fv. 303 Seimdalstunnelen - val av tunnelløysing
Sak 52/17	Handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021, godkjenning
Sak 53/17	Høyring - Kystverkets handlingsprogram 2018-2029
Sak 54/17	Statens vegvesen sitt handlingsprogram 2018-2023 (2029), fråsegn
Sak 55/17	Ferjeavløysing - Ytre Steinsund i Solund kommune
Sak 56/17	Sognebåten
Sak 57/17	Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027, godkjenning

## OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

### Hovudutval for samferdsle

Hovudutval for samferdsle handsama 56 saker i 2017. Vi har ikkje registrert avvik i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvalet.

### Trafikktryggingsutvalet (FTU)

Trafikktryggingsutalet handsama ni saker i 2017. Vi har heller ikkje registrert avvik i viktige politiske vedtak gjort av trafikktryggingsutvalet.

## KOSTRA NØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2014	SFJ 2015	SFJ 2016	SFJ 2017	Vest-norge 2017	Landet u/ Oslo 2017
Netto driftsutgifter i kr per innb., samferdsel i alt.	8 997	8 979	9 808	9 567	4 539	4 251
Netto driftsutgifter i kr per innb., fylkesvegar	4 554	4 480	5 439	5 380	1 897	1 878
Netto driftsutgifter i kr per innb., bilruter	2 387	2 403	2 323	2 134	1 527	1 523
Netto driftutgifter i kr per innb., fylkesvegferger, konsern	881	964	1 038	1 161	506	456
Netto driftutgifter i kr per innb., båtruter	1 091	1 050	918	817	332	271
Netto driftutgifter i kr per innb., transport for funksjonshemma	84	82	91	75	153	75
Brutto inv.utg. i kr per innb., fylkesvegar	3 667	1 396	3 111	2 305	2 163	1 725
Brutto investeringsutgifter i kr per innb., samferdsel i alt.	3 694	1 396	3 193	2 339	2 518	1 916
Brutto driftsutgifter i kr per km fylkesveg	190 623	189 000	230 677	228 978	260 776	206 429

## MÅLEKART SAMFERDSLE

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
<b>Tenesteyting (T)</b>			
T7 Fleire reiser kollektivt med buss og båt.	T7.1 Tal reisande med buss, båt (ekskl.skuleskyss).	T7.1-1 Fleire enn 1,7 mill. reisande med buss.	Det har vore ein nedgang i tal reisande med buss frå 2016 til 2017. Det er fleire årsakar til dette, m.a. kommersialisering av bussruter.
		T7.1-2 Fleire enn 560 000 reisande med båt.	Tal reisande med båt er stabilt frå 2016, med ein svak auke.
T8 Fylkesvegnettet har god framkome.	T8.1 Gjennomsnittleg spordjupne i mm.	T8.1-1 Mindre enn 19 mm.	Feil i måleutstyret gjer at vi ikkje har tal på dette for 2017.
T9 Kollektivtrafikk-tilbodet vert opplevd som godt.	T9.1 Tal som opplever tilbodet som godt.	T9.1-1 Positiv utvikling over tid.	Gjennomførte brukarundersøkingar i 2017 viser at kollektivtilbodet blir opplevd som godt.
<b>Regional utvikling (R)</b>			
R15 Forfallet på tunnelar blir redusert.	R15.1 Tal tunnelar som vert mørklagde eller stengde i løpet av året.	R15.1-1 Ingen stengde.	Seks mørklagde tunnelar i 2017: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 5 på fv. 50 i Aurland</li> <li>• Fv. 55 Hovdetunnelen</li> </ul> Ingen stengde tunnelar som følgje av mørklegging.
R16 Godt tilrettelagt ruteproduksjon.	R16.1 Tal passasjerkilometer med buss og båt (ekskl. skuleskyss) jfr. registrerte data.	R16.1-1 Positiv utvikling over tid.	Det er nedgang i tal passasjerkilometer frå 2016 til 2017. Dette er naturleg sidan det er færre reisande, jfr. T7.

# TANNHELSETENESTA

## AKTIVITET I TENESTA I 2017

Vi har jobba mykje med kulturbygging på tannklinikke etter at fleire klinikkar er slått saman.

Hordaland fylkeskommune er i same situasjon med strukturendring. Vi har jobba tett med tannhelsetenesta der, samstundes som vi har hatt tett dialog med tillitsvalde.

Tenesta har dialog med kommunane for å sikre gode tilbod til pasientane i alle grupper. Kommunane som har teke imot tilboden, har fått tannlegestolar som dei kan plassere i kommunale lokale, fortrinnsvis på sjukeheimane.

Vi har saman med Nav og opplæringsavdelinga i fylkeskommunen teke initiativ til å starte utdanning for tannhelsesekretærar ved Firda vidaregåande skule. Utdanninga starta hausten 2017, og alle elevane har praksisplass ved dei offentlege tannklinikke i fylket.

### Utfordringar framover

For å gjennomføre heile klinikksstrukturplanen som fylkestinget vedtok i 2016, må nokre klinikkar rustast opp for at andre kan bli lagt ned. Det kan få konsekvensar for drifta, med redusert drift på enkelte klinikkar i perioden fram mot 2019. Nokre klinikkar er ikkje oppgraderte etter planen, fordi vi må sjå utbyggingar i ein større samanheng.

Vi vil digitalisere fleire av tenestene i tenesta, og tek sikte på å få systema til å «snakke saman» innan 2018. Vi er avhengige av at leverandøren av tenestene prioriterer arbeidet. Vi har eit tett samarbeid med Hordaland om dette.

Helsedirektoratet skal i 2018 vedta nye nasjonale, faglege retningslinjer for tannhelsetenester til barn og ungdom mellom 0 og 20 år. Rutinane fører til endring for førebyggjande arbeid og behandling. Mellom anna vert det meir individuell tilpassing av tenestene, og intervallet for innkalling av barn utan karies vert forlenga. Dei nye retningslinjene set også større krav til samarbeid med naturlege samarbeidsparter, særleg om dei utsette og svake barna.

Det har vore utfordrande å rekruttere tannlegar dei siste åra, men det har endra seg. Innan utgangen av 2018 vil alle rekrutteringstiltak for tannlegar vere borte. Tannpleiarar har det heile tida vore god tilgang på.

Tenester	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar	17,622	17,453	16,636	18,660
Tannhelsetenesta - pasientbehandling	63,711	65,825	63,946	63,089
Resultatovertføring tannhelse	1,920		2,559	1,455
Sum	83,253	83,278	83,141	83,204

Tabell 31: Tannhelsetenesta sine netto driftsutgifter 2015–2017, i mill. kr. Tala for fellesfunksjonar i tannhelsetenesta inneheld resultatovertføring (disposisjonsfondet), eit overskot i 2015 på 1,5 mill. kr, eit overskot på 2,6 mill. kr i 2016 og eit overskot på 1,9 mill. kr i 2017.

## LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Tannhelsetenesta er medviten planen for mangfold og likeverd. Det gjer seg gjeldande ved tilsettingar og ved tilbodet til

- personar med funksjonshemming
- prioritert klientell utan tilstrekkelege norskkunnskapar

Ansaret for den offentlege tannhelsetenesta er regulert gjennom lov om tannhelsetenesta. Strategisk handlingsplan for den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane 2014-2017 definerer tal for måloppnåing.

Tannhelsetenesta har ansvar for desse gruppene:

- Barn og unge 0-18 år (gr. A)
- Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon (gr. B)
- Grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon (gr. C1) og heimesjukepleie (gr. C2)
- Ungdom 19-20 år (gr. D)

Den offentlege tannhelsetenesta hadde totalt 37 677 pasientar under tilsyn i 2017. 28 679 personar, 89 prosent, var i dei prioriterte gruppene. Det er same prosenttal som vi har lege på dei seinare åra, då vi brukar å ligge rundt 90 prosent. Tannhelsetenesta registrerer kvart år tannhelsedata på nøkkelårskull: 5-, 12-, 15- og 18-åringar. (KOSTRA-tal). Vi gjer dette for å identifisere når tannhelseproblem kan oppstå.

- 82 prosent av 5-åringane hadde ikkje hol i mjølketennene. Det er same tal som i 2016. I 2015 var talet 85 prosent og i 2014 86 prosent.
- 12-åringane har i gjennomsnitt 0,7 tenner med hol - ikkje forandring frå 2015 og 2016.
- 15-åringane har i gjennomsnitt 1,7 tenner med hol, mot 2,0 i 2016.
- 18-åringane har 3,1 tenner med ho i 2017, mot 3,3 i 2016.

Barn og unge i Sogn og Fjordane har god tannhelse, men 6,9 prosent (8,5 prosent i 2016 og 10 prosent i 2014) av 18-åringane har meir enn ni hol i tennene. Vi ser at dette talet er raskt synkande, noko som viser gode førebyggande tiltak. Pasientane dette gjeld, treng større individuell oppfølging. Høg kariesaktivitet kan føre til større tannhelseproblem i vaksen alder.

Rekneskapet for 2017 er gjort opp med bruk av disposisjonsfond på 1,920 mill. kr. Overskotet skuldast i hovudsak vakansar.

Den offentlege tannhelsetenesta utførde til saman 97,6 årsverk i 2017. Av desse var 35,3 tannlegeårsverk og 15,9 tannpleiarårsverk. I 2016 vart det totalt utført 100 årsverk.

## FOLKEHELSEARBEID

Faktorar som gjev god helse, er som regel gunstige også for tannhelsa. Mange avgjerder som påverkar tannhelsa vert ofte tekne utanfor ansvarsområdet til helsesektoren eller tannhelsetenesta.

Tannhelsetenesta må difor samarbeide med kommunar, statlege instansar og andre samarbeidspartnarar for å redusere helserisiko i befolkninga og for å betre helsa for den enkelte. Tannhelsetenesta skal delta i det generelle folkehelsearbeidet. Vi har også i 2017 lagt stor vekt på å førebygge svak tannhelse blant risikogrupper. Som regional utviklingsaktør skal vi bidra til sosial utjamning når det gjeld tannhelse.

Tannhelsetenesta har i 2017 vidareført samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde, avd. helsefag, der vi underviser i oral helse alle tre studieåra. Det meiner vi gjev god kunnskap om oral helse til komande sjukepleiarar, noko som er viktig då stadig fleire eldre har eigne tenner som må takast godt vare på.

### KOSTRA NØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2014	SFJ 2015	SFJ 2016	SFJ 2017	Vest-norge 2017	Landet u/ Oslo 2017
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner	771	776	753	756	482	492
Brutto driftsutgifter per innbyggjar i kroner	990	992	969	946	704	704
Netto driftsutgifter i prosent av fylkeskommunen sine samla netto driftsutgifter	3,8	3,7	3,6	3,6	3,9	3,9
18-åringar, andel behandla med DMFT>9 *	9	10,1	8,4	6,9	8,4	7,8

\* viser kor mange 18-åringar som har over 9 tenner med karies (behandla eller ubehandla).

Tabell 32

### MÅLEKART

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
<b>Tenesteyting (T)</b>			
T10 Fungerande teneste-produksjon.	T10.1 Tal prioriterte pasientar under tilsyn.	T10.1-1 Gruppe A2: 90 prosent. Gruppe B: 95 prosent. Gruppe C1: 85 prosent. Gruppe C2: 70 prosent. Gruppe D: 60 prosent.	Gruppe A2: 97 prosent. Gruppe B: 97 prosent. Gruppe C1: 92 prosent. Gruppe C2: 85 prosent. Gruppe D: 84 prosent.
T11 Tannhelsetilstand prioritert klientell.	T11.1 DMFT = 0 1 <sup>1</sup> .	T11.1-1 5-åringar: 80 prosent. 12-åringar: 60 prosent. 18-åringar: 25 prosent.	5-åringar: 82 prosent. 12-åringar: 64 prosent. 18 åringar: 27 prosent.
<b>Regional utvikling (R)</b>			
R17 Kjennskap til tannhelse-messige utfordringar i fylket.	R17.1 Plandokument er oppdatert i forhold til konkrete utfordringar på tannhelseområdet.	R17.1-1 Vurdere kvart år om plandokumentet må oppdaterast på fokusområde.	Strategisk handlingsplan for tannhelsetenesta 2014-2017 er plandokument som vi til ei kvar tid må ha merksemd på.
R18 Utvikle godt samarbeid med kommunane og andre organisasjonar.	R18.1 Inngå forpliktande samarbeidsavtalar med kommunar og helseføretak på tannhelserelaterte område, til dømes folkehelsearbeid.	R18.1-1 Avtale med alle kommunar og helseføretak.	Inngått samarbeidsavtalar med alle kommunar på tenestenivå. Samarbeidsavtale med HVL, campus Førde, avd. helse (sjukepleie) om undervisning på alle tre årskulla i oral helse.

<sup>1</sup> DMFT er definert som tal tenner (teeth) med karies (decayed), manglar (missing) og fylt (filled) på individnivå. DMFT gjev oversyn over total tannhelsetilstand, både tidlegare sjukdomserfaring og no-situasjon.

# BYGG OG EIGEDOM



Eit moderne storkjøkken til opplæringstilbodet innan restaurant- og matfag er blant lokala i byggesteg 2 ved Sogndal vidaregåande skule.

Foto: Steffen H. Starheim

Bygge- og eigedomstenesta leverer tenester knytte til eigarfunksjonen til fylkeskommunen. Det inneber ansvaret for å skaffe naudsynte bygg og tenlege lokale til alle delar av den fylkeskommunale verksemda. Arbeidet omfattar alle sider av forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service.

Vi har eit overordna mål om å oppretthalde verdien på eigedomsmassen. Eigedommane og bygningane skal heile tida vere tilpassa behovet til brukarane og ha løysingar som er best mogleg lagt til rette for framtidige endringar.

## BYGGE- OG INVESTERINGSPROSJEKT - PLANLEGGING OG BYGGING

Aktiviteten på nye, større bygge- og investeringsprosjekt har i 2017 i hovudsak vore knytt til

- Prosjekt ved Sogndal vidaregåande skule
- Prosjekt ved Sogn Jord- og Hagebruksskule
- Prosjekt ved Måløy vidaregåande skule
- Prosjekt ved Eid vidaregåande skule

### Sogndal

Byggesteg 2 ved Sogndal vidaregåande skule vart teke i bruk våren 2017, utomhusanlegget var ferdig til skulestart, og Statsbygg overtok det gamle gymnasbygget på Fosshaugane i samsvar med kjøpsavtalen. Den vidaregåande skulen i Sogndal er dermed samla på ein stad slik målsettinga var.

### Sogn Jord- og Hagebruksskule

Prosjektet knytt til Sogn Jord- og Hagebruksskule vart òg ferdigstilt i 2017. Vi hadde formell markering av overtakinga i samband med at skulen feira 100-årsjubileum 22. september. Prosjektet var i hovudsak rehabilitering av undervisningsbygget og delar av internatet, samt eit nytt mellombygg, som løyser vesentlege krav til universell utforming.

### Måløy

Vi planlegg no rehabilitering av bygg B og C ved Måløy vidaregåande skule. Det er ei stor ombygging spesielt knytt til klasserom, studieareal og fellesareala. Skulen deltek aktivt i prosessen. Saman med planleggarane har vi funne gode løysingar innanfor dei fysiske rammene til dei eksisterande bygga.

### Eid

Prosjektet ved Eid vidaregåande skule er under planlegging. Det gjeld eit mindre tilbygg som er aktualisert fordi Eid kommune har behov for undervisningsareal. Kommunen og fylkeskommunen skal samarbeide om det pedagogiske opplegget for flyktningar og må ha ei god integrering. Prosjektet har vore utsett på grunn av at vi først måtte kartlegge vanskelege grunntilhøve.

## UTVIKLING

Bygge- og eigedomstenesta arbeider òg med større og mindre utviklingsoppgåver og vurderingar i den tidlege fasen av ein del prosjekt. I 2017 har vi mellom anna arbeidd med

- utgreiingar om ei ev. samanslåing av dei vidaregåande skulane i Førde
- ein moglehetsstudie omkring Sogndal vidaregåande skule, avdeling Kaupanger og eit ev. nytt vitensenter der
- eige-/leigevurderingar omkring eit lokale for idretten ved Flora vidaregåande skule

### Førde

Utgreiingsarbeidet kring det å få etablert ein felles vidaregåande skule i Førde er vidareført i 2017. Arbeidet leia fram til vedtak om ein intensjonsavtale om utvikling av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde og sal av Hafstad vidaregåande til Førde kommune. Det vidare arbeidet er knytt til reguleringsprosess og å kartlegge ulike behov gjennom å lage eit funksjons- og romprogram.

### Kaupanger

På Kaupanger har vi hatt ein prosess der vi har vurdert om vi har behov for nye lokalitetar til den vidaregåande skulen. Samstundes ynskjer næringslivet å samarbeide med fylkeskommunen om eit nytt vitensenter i fylket. Vi har i løpet av året inngått ein intensjonsavtale, og prosjektorganiseringa for vitensenteret har utarbeidd eit forprosjekt som grunnlag for satsinga.

### Flora

Vi har i dialog med Flora kommune og Flora Idrettssenter AS gjort ulike vurderingar omkring ev. nye eigar- og driftsstrukturar for idrettssenteret som ligg ved skulen. Modellen som det no er inngått ein intensjonsavtale om, legg opp til at fylkeskommunen kjøper og driftar anlegget. Mange avklaringar og føresetnader skal på plass før vi ev. kjem så langt, men vi arbeider vidare med prosjektet ut frå semja i avtalen.

### Ombygging, rehabilitering og sikring

Bygge- og eigedomstenesta gjennomfører årleg fleire større og mindre prosjekt innan ombygging, rehabilitering og sikring. I 2017 hadde vil mellom anna desse prosjekta:

- Teknisk oppgradering og rehabilitering av varmesentral ved Høyanger vidaregåande skule.
- Oppfølging av tiltak etter brannteknisk tilstandsanalyse av alle skulebygga i fylket.
- Ny taktekking på delar av Mo og Øyrane vidaregåande skule, avdeling Øyrane.
- Opprusting av tun og parkeringsareal ved Sogn Jord- og Hagebruksskule.
- Teknisk oppgradering av undervisningsbygget på Mo.
- Rehabilitering av garderobefasilitetar og ny taktekking ved Firda vidaregåande skule.
- Ny taktekking på delar av Høyanger vidaregåande skule.

Vi har også hatt kontinuitet i arbeidet med skalsikring av den fylkeskommunale bygningsmassen, og det kontinuerlege arbeidet med oppgradering av fleire naudlys- og brannalarmanlegg held fram.

### Fysisk miljø og inneklima / hmt

Bygge- og eigedomstenesta er kontinuerleg oppteken av at alle bygg skal ha eit godt innemiljø. Vi kartlegg via enkle parameter som temperatur, relativ fuktigkeit og

co2-innhald i lufta ved ulik bruk. Aktuelle tiltak vert utførte som akutte prosjekt eller som del av vedlikehaldsplanen etter behov. Tenesta følgjer òg opp aktuelle saker i samband med helseverngodkjenninga av dei einskilde skulane og ulike tilsyn retta mot HMT-arbeid.

#### Universell utforming

Bygge- og eigedomstenesta har i 2017 oppdatert strategien for oppfølging av universell utforming i dei fylkeskommunale bygga. Vi har tidlegare kartlagt tilstanden til dei fylkeskommunale eigedommane, og resultatet av arbeidet vart lagt fram i ein eigen rapport. Vi vurderer, planlegg og prioriterer fortløpende dei aktuelle punkta i tiltakslista for oppfølging, anten som eigne prosjekt eller som del av større ombyggingar og rehabiliteringsarbeid.

#### Driftstenester

Alle tekniske driftstenester i fylkeskommunen vert utførte av bygge- og eigedomstenesta, og tenesta er etablert med regionale, tekniske driftsavdelingar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Vi har brukaravtalar med dei vidaregåande skulane som regulerer ansvarstilhøve og oppgåvefordeling. Vi er i gang med eit større arbeid med innføring av eit nytt system for ei heilsakapleg forvaltning, drift og vedlikehald av dei fylkeskommunale bygga.

#### Andre oppgåver

Bygge- og eigedomstenesta utfører òg forvaltningsoppgåver for tannhelsestenesta og samferdsleavdelinga. Arbeidet for tannhelsetenesta gjeld bistand ved nye leigeavtalar og endringar i eksisterande avtalar, samt tekniske driftstenester for tannlegekontora i fylket. Tannhelsetenesta syter sjølv for dentalteknisk drift av det tekniske utstyret på tannklinikkeane.

Når det gjeld samferdsle gjeld arbeidsoppgåvene våre vesentleg arbeid med avklaringar og tingingar omkring eige- eller leigetilhøve for rutebilstasjonar i fylket. Vurderingar omkring ein eventuell ny rutebilstasjon i Florø har vore ei sentral arbeidsoppgåve også i 2017.

Bygge- og eigedomstenesta arbeider aktivt for å etablere effektive energiløysingar og slik redusere den samla energibruken i fylkeskommunale bygg. Les om dette på side 42 i kapittelet klimaarbeid.



Bygge- og rehabiliteringsprosjektet ved Sogn Jord- og Hagebrukskule omfatta rehabilitering av undervisningsbygget og delar av internatet, samt eit nytt mellombygg, som løyser vesentlege krav til universell utforming. Overtakinga vart markert under 100-årsfeiringa av skulen i september.  
Foto: Frank Sørensen

# ORGANISASJON

Foto: Andreas Nygjerd



# FYLKESKOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVER

Arbeidsgjevarområdet dekkjer strategiske tiltak for rekruttering, personal- og organisasjonsutvikling, likestilling og arbeidsmiljø.

Einingsleiarane har ansvar for å utøve personalpolitikken til fylkeskommunen. Arbeidsgjevarpolitikken er i hovudsak styrt gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk. Personalstaben til fylkesrådmannen (FRM-personal) gir støtte, råd og rettleiing til einingsleiarane.

Sentrale arbeidsoppgåver for FRM-personal har i 2017 vore

- oppfølging av handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfold
- oppfølging av kompetanseregistreringssystemet
- oppfølging og vidareutvikling av rekrutteringssystem og rutinar
- oppfølging av resultat frå medarbeidarundersøking
- gjennomføring av
  - lokale lønsforhandlingar
  - leiarsamlinga til fylkesrådmannen
  - introduksjonssamling for nye tilsette
  - fagseminar for reinhaldspersonale
  - fagdagar innan rekrutteringsarbeid
  - grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap (målgruppa er verneombod, lokalt arbeidsmiljøutval og leiarar)
- operativ leiarstøtte innan personalforvaltning og spesielt i samband med omstillingsprosjektet SFJ2019
- å tilby og tildele midlar til hospitering
- deltaking på rekrutteringsmesser i Trondheim, Oslo, Sogndal og Bergen
- å revidere og ferdigstille lønspolitisk plan

## PERSONALPOLITISKE TILTAK

### Hospitering og utdanningspermisjon

Fylkeskommunen løyvde 200 000 kroner til hospitering i 2017. Av desse vart 1/3 (ca. 67 000 kroner) prioriterte til søkerar over 55 år, jamfør seniortiltak.

Totalt søkte 26 personar om tilskot i 2017:

- 17 kvinner og 9 menn
- 9 av søkerane var over 55 år, 6 kvinner og 3 menn

Totalt fekk 16 søkerar tilskot til hospitering:

- 11 kvinner og 5 menn
- 4 kvinner og 3 menn var over 55 år

Tilskot til hospitering 2015		Tilskot til hospitering 2016		Tilskot til hospitering 2017	
11 kvinner	130 290 kr	23 kvinner	142 188 kr	11 kvinner	169 100 kr
12 menn	71 858 kr	9 menn	75 000 kr	5 menn	83 045 kr
Tildelt totalt	202 148 kr	Tildelt totalt	217 188 kr	Tildelt totalt	252 145 kr

Tabell 33  
Fordeling av tilskot til hospitering

Vi har refundert 198 043 kroner i tilskot til hospitering i 2017.

Fylkeskommunen har gitt 1634 arbeidsdagar permisjon til utdanning og kompetansetiltak i 2017. Kvinner har nyttet 65,1 prosent av desse, mot 65,5 prosent i 2016.

## ARBEIDSMILJØARBEIDET

Fylkeskommunen har underteikna avtalen for eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Vi arbeider systematisk med dette og har forplikta oss til følgjande tre delmål i IA-avtalen:

1. å redusere eller stabilisere sjukefråværet
2. å legge til rette for at personar med redusert arbeidsevne får halde fram arbeidet sitt
3. å auke den gjennomsnittlege avgangsalderen for pensjonering

Det skjer ei vriding frå kollektive tiltak til meir individretta arbeid i korleis vi arbeider med å utvikle arbeidsmiljøet. Vi har ei målsetting om at sjukefråværet over tid ikkje skal vere over fem prosent og arbeider difor aktivt med førebyggande tiltak og oppfølging av sjukmelde medarbeidarar. For å halde på tilsette som får helseplager, prioritærer vi tilrettelegging av arbeidsplassen. Åleg gjennomfører vi grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap som eit tilbod for leiðarar, verneombod og medlemer av i arbeidsmiljøutvala våre.

Det registrerte sjukefråværet i 2017 var 5,1 prosent. Det er 0,1 prosentpoeng over målsettinga om maksimalt 5 prosent. Gruppa Andre (OKOS, fylkesarkivet og fylkesbiblioteket) vart frå 01.01.2017 slått saman med sentraladministrasjonen.

Sjukefråværsutvikling		År 2010	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
Kvinner	Sentraladm.	7,3	7,2	5,1	7,2	5,7	5,3	4,8	4,8
Menn	Sentraladm.	3,2	2,9	2,2	3,7	1,9	3,6	3,1	2,9
Sum totalt	Sentraladm.	5,1	4,8	3,5	5,4	3,7	4,4	3,9	3,8
Kvinner	Opplærings-sektoren	5,3	5,0	5,6	7,0	4,8	6,1	5,6	6,3
Menn	Opplærings-sektoren	3,1	2,8	4,0	3,7	3,0	3,6	3,7	4,1
Sum totalt	Skule	4,2	3,9	4,9	5,4	3,9	4,9	4,7	5,3
Kvinner	Tannhelse	5,5	5,2	9,0	9,2	5,6	5,1	6,7	6,2
Menn	Tannhelse	3,8	1,3	6,7	6,0	2,5	4,5	5,4	2,6
Sum totalt	Tannhelse	5,2	4,5	8,6	8,7	5,2	5,0	6,5	5,8
Kvinner	Andre	7,3	5,9	2,5	4,2	4,6	5,5	5,8	Utgått
Menn	Andre	2,9	4,9	12,6	4,4	4,8	0,8	3,6	
Sum totalt	Andre	5,2	5,6	4,7	4,3	4,6	4,3	5,1	
Sum totalt kvinner		5,6	5,3	5,9	7,1	5,0	5,8	5,6	6,1
Sum totalt menn		3,1	2,8	3,9	3,8	2,8	3,6	3,6	3,8
Sum begge kjønn		4,4	4,1	5,0	5,6	4,0	4,8	4,7	5,1

Tabell 34




Diagram 22

## SENIORPOLITISK ARBEID

Vi legg med seniorsatsinga til rette for å utvikle og gjere nytte av kunnskapane, ferdighetene og arbeidsevna til seniormedarbeidaren på ein måte som tener både arbeidsgjevar og arbeidstakar. Ressursane seniormedarbeidarane våre står for, er viktige for organisasjonen. Dei er produktive og har gode føresetnader for å tilegne seg ny kunnskap. Dei er samstundes medarbeidarar med god mellommenneskeleg innsikt, samt plikt- og ansvarskjensle. Fylkeskommunen legg forholda til rette slik at denne arbeidstakargruppa skal trivast og få personlege og faglege utviklende arbeidsoppgåver. Seniorpolitikk er også å leggje til rette for at kvar einskild skal få avslutte yrkeskarrieren sin på ein tenleg og verdig måte.

47 seniormedarbeidarar nytta i 2017 tiltaket avtalt mellom nærmeste leiar og den tilsette. I 2016 var talet 55. På kursdagen for medlemene i Statens pensjonskasse deltok 34 seniorar, og på kursdagen for seniormedlemene i KLP deltok 17 personar. Alle fekk tilbod om ein til ein-samtale med personleg utrekning av den framtidige pensjonen sin.

### Litt om ordninga

Seniorsatsing er eit tredelt leiarverktøy. Det første tiltaket rettar seg mot medarbeidaren frå det året han/ho fyller 55 år og får eit fortrinn ved tildeling av hospiteringsmidlar. Ut i frå prioritert behov i verksemda og ønske medarbeidarane har om kompetanse, skal tilsette i alderen 55+ prioriterast. Utviklingssamtalen fra 55+ skal ta opp seinkarrieren som tema.

Tiltak to er eit årleg seinkarrierekurs for medlemene i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Innholdet i kurset er motivasjon med arbeidpsykologisk vinkling og direkte faktakunnskap om pensjon inkludert tilbod om individuell samtale med seniormedarbeidaren. Her får seniormedarbeidaren rekna ut pensjonen sin, gitt dei opplysningsane som ligg føre.

Det tredje tiltaket er at seniormedarbeidaren frå fylte 62 år, og vidare kvart år fram til han/ho fyller 67 år (seks gonger), kan søkje nærmaste overordna om utviklingstiltak/subsidiert avlastningstiltak. Kvar inngåtte avtale med senioren gir einingar eit årleg tilskot på 7000 kroner.

## BEDRIFTSHELSETENESTA

Tenesteleveransane samla frå Stamina Helse i 2017 vart på vel 485 timer, fordelt på tema som tabellen og grafikken under viser. Stamina Helse bedriftshelseteneste har levert eit omfattande og breitt spekter av tenester til fylkeskommunen. Dei bestilte tenestene dekkjer behova fylkeskommunen har for

- helse-, miljø- og tryggleiksoppfølging
- bistand etter krav i
  - arbeidsmiljølova § 3-3
  - forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMT) § 5
  - forskrift om organisering, leiing og medverknad kapittel 13

Forbetringssarbeidet innan HMT-området er eit klart definert leiaransvar i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det vert kanalisert gjennom kvalitetssystemet for HMT. Arbeidet sikrar eit arbeidsmiljø som gjev arbeidstakarane tryggleik når det gjeld fysiske og psykiske skadeverknader. Miljøaspektet er svært viktig for å førebygge og motverke sjukefråvær. Arbeidet er tilrettelagt i samsvar med lovverk som skal sikre forsvarleg arbeidsmiljø, vernetenesta og drøftingar med samarbeids- og arbeidsmiljøutvala.

Timefordeling av leveransen frå Stamina i 2017




Diagram 23

Fagområde	Tal timer	Tal kroner	Prosent av totalen
Systematisk HMT-arbeid	233	232 936	48
Arbeidsmiljøkartlegging	118	118 161	3,7
Ergonomi	69	68 990	14,2
Psykososialt og organisatorisk	61	60 883	12,5
Arbeidshelse	35	35 383	7,3
Helsekontroll	27	26 812	5,5
Sjukefråvær	16	15 847	3,3
Yrkeshygiene	12	11 770	2,4
MTM-etterarbeid	9	8 563	1,8
Livsstil	5	5 025	1
Helsesertifisering	1	773	0,2
<b>Total</b>	<b>485</b>	<b>485 140</b>	<b>100</b>

Tabell 35

## MEDARBEIDARUNDERSØKINGA - ETTERARBEID I 2017

Vi gjennomførte ei ny medarbeidarundersøking i desember 2016. Deltakinga er høg, men likevel noko lågare enn i 2014. Samla fekk vi ein svarprosent på 82 prosent. Svarprosenten fordelte seg slik:

- Vidaregåande skular: 83 prosent
- Sentraladministrasjonen: 83 prosent
- Tannhelsetenesta: 74 prosent

Vi registrerte stabile resultat samla sett for 2016. Vi skåra noko lågare på temaet organisasjonstilhøyrigheit enn tidlegare. Området arbeidsglede og engasjement auka marginalt fram samanlikna med 2014-undersøkinga. Det kan sjå ut som området oppleving av eit meiningsfullt arbeid truleg er den viktigaste årsaka til dei gode resultata våre. I 2017 har einingane analysert skårane sine med konsulentbistand frå Stamina.

Vi registrerte stabile resultat samla sett for 2016. Vi skåra noko lågare på temaet organisasjonstilhøyrigheit enn tidlegare. Området arbeidsglede og engasjement auka marginalt fram samanlikna med 2014-undersøkinga. Det kan sjå ut som området oppleving av eit meiningsfullt arbeid truleg er den viktigaste årsaka til dei gode resultata våre. I 2017 har einingane analysert skårane sine med konsulentbistand frå Stamina.

## ARBEIDSSTYRKEN

Vi har ein arbeidsstyrke på 1310 personar. 58,5 prosent er kvinner. 30,5 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen arbeider deltid, mot 24,5 prosent i 2016. Det er kvinner i vel sju av ti deltidsstillingar. Skeivfordelinga er i hovudsak eit utrykk for tradisjonelle familiemønster. Menn arbeider heiltid og kvinner deltid. Den fleksible haldninga fylkeskommunen har til arbeidstakarane sine eigne ønske, fører til fleire deltidsstillingar og fleire deltidstilsette kvinner. Det er to hovudgrunnar til denne utfordringa i opplæringssektoren:

- Det er mange reinhaldar- og miljørarbeidarstillingar i opplæringssektoren. Mange av desse stillingane er deltidsstillingar.
- Krav til undervisningskompetanse i dei ulike faga gjer at undervisningsoppgåvene må løysast gjennom deltidsstillingar, for å få timeplanane til å gå i hop med den økonomiske ramma.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik i fylkeskommunen var 89,4 prosent i 2017, som i 2016.

Stilling	Kvinner	Prosent	Menn	Prosent	Totalt	Prosent
Heiltid	476	36,4 %	434	33,1 %	910	69,5 %
Deltid	290	22,1 %	110	8,4 %	400	30,5 %
Totalt	766	58,5 %	544	41,5 %	1310	100,0 %

Tabell 36: Tal deltidstilsette og heiltidstilsette inklusiv lærlingar og eksklusiv permiterte.

Stillingsgrupper	Kvinner	%	Menn	%	Totalt	%
Kontorstøtte	100,0	8,6 %	11,3	1,0 %	111,3	9,6 %
Drifts- og støttestillingar til fagstillingar	133,6	11,5 %	57,7	5,0 %	191,3	16,5 %
Sakshandsamarstillingar	58,4	5,0 %	72,6	6,3 %	131,0	11,3 %
Fagstillingar fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	9,7	0,8 %	2,3	0,2 %	12,0	1,0 %
Tannlegestillingar	27,2	2,3 %	9,8	0,8 %	37,0	3,2 %
Pedagogstillingar	294,1	25,4 %	294,7	25,4 %	588,8	50,8 %
Leiarstillingar	44,0	3,8 %	43,0	3,7 %	87,0	7,5 %
Totalt	667	57,6 %	491,4	42,4 %	1158,4	100,0 %

Tabell 37 Tal årsverk fordelt på stillingsgrupper, eksklusiv permiterte og lærlingar.

2013		2014		2015		2016		2017	
Menn	Kvinne								
58 %	42 %	59 %	41 %	49 %	51 %	49 %	51 %	49 %	51 %

Tabell 38: Utviklingstrekk, fordeling av leiarstillingar mellom menn og kvinner.

Sektor	Menn	%	Kvinner	%
Sentraladministrasjonen	10	45 %	12	55 %
Tannhelse	0	0 %	1	100 %
Kultur	1	50 %	1	50 %
Opplæring (skulane og PPT)	32	50 %	31	50 %
Totalt alle sektorarar	43	49 %	45	51 %

Tabell 39: Leiastillingar fordelt på sektor og kjønn, eksklusive permitterte.

	Foreldrepermisjon	Barns sjukdom	Omsorgspermisjon	Anna velferd
Kvinne	80,4 %	66,7 %	63,5 %	66,8 %
Mann	19,6 %	33,3 %	36,5 %	33,2 %

Tabell 40: Prosentvis fordeling av permisjonsdagar.

## LØNSSTATISTIKK OG LØNSFORHANDLINGAR

Samla er lønssnittet for kvinner i fylkeskommunen 95,1 prosent av lønssnittet for menn, mot 95,4 i 2016. I 2012 var lønssnittet for kvinner 91,9 prosent. Skilnaden minkar jamt. Tilsvarande tal for kommunesektoren samla var 93,5 i 2016 og 93,8 i 2017<sup>1</sup>.

Forklaringa på skilnaden er i hovudsak stillingsstrukturen mellom kvinner og menn. Tradisjonelle kvinneyrke i fylkeskommunen er kontorstøtte-, drifts- og støttestillingar til fagstillingar. Dei utgjer vel 26 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen, og det er kvinner i kring tre av fire stillingar. Snittløna til desse gruppene er lågare enn for andre stillingsgrupper.

Stillingsgruppe	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Kontorstøttestillingar	90,2	92,6	94,6	91,3	95,1	96,4
Drifts- og støttestillingar til fagstillingar	98,4	98,4	97,6	99,1	101,5	100,2
Sakshandsamarstillingar	92,5	94,4	95,7	97,2	95,3	96,3
Fagstillingar, fylkesarkiv, fylkesbibliotek m.m.	108,9	113,9	109,0	108,8	103,7	100,2
Tannlegestillingar	92,8	93,4	95,9	95,2	95,5	94,3
Pedagogiske stillingar	100,5	100,0	99,6	100,7	101,5	102,4
Leiarstillingar	100,2	100,3	96,3	101,6	99,3	98,0
Alle årsverk	91,9	91,5	93,1	96,2	95,4	95,1

Tabell 41: Utvikling av kvinner si løn i prosent av menn si løn, etter årsløn og stillingsgrupper.

<sup>1</sup><https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/statistikker/lonnansatt/aar>

Kap. 3.4 og 5.2 får all løn fastsett gjennom lokale forhandlingar. I begge desse fekk menn ein noko større del av lønstillegga enn lønsdanninga tilsa. I 2017 gjennomførte vi også lokale forhandlingar i kapittel 4.2.1. Kvinner fekk ein større del av lønstillegga i dette forhandlingskapittelet enn lønsdanninga tilsa. Slik var det også i 2014.

Lokale lønsforhandlingar	Del av lønsdanninga		Del av lønstillegga	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kap. 3.4 Leirarar	51,4 %	48,6 %	50,8 %	49,2 %
Kap. 4.2.1 Pedagogar, drifts- og støttestillingar	57,1 %	42,9 %	60,0 %	40,0 %
Kap. 5.2 Sakshandsamarar, tannlegar og fagstillingar	52,6 %	47,4 %	50,7 %	49,3 %

Tabell 42: Fordeling av lønstillegga på kjønn i høve lønsdanninga.

# LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

## HANLINGSPLAN FOR LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Likestillingsutvalet vedtok justering av handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfold 4. juni 2014. Planperioden er fra 2014 til 2017. Den justerte handlingsplanen byggjer vidare på handlingsplanen som fylkestinget vedtok i juni 2009, men med justering av mål og delmål.

Det berande prinsippet for den justerte handlingsplanen er at mangfold er ein ressurs, og at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere inkluderande, syne omsorg og ha respekt for alle.

### Visjonen er:

«Sogn og Fjordane fylkeskommunen skal vere kjent for å arbeide aktivt med likestilling, likeverd og mangfold»

### Overordna mål

Ambisjonen er at medarbeidarane og brukarane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksmed som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfold. Det skal målast i medarbeidar- og brukarundersøkingar. Ambisjonen er at minst 80 prosent opplever dette.

### Delmål

1. Mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg.
2. Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringslova om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).
3. Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegelen byrje å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.
4. Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav om universell utforming.
5. Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar.
6. Innan utgangen av 2017 skal faste tilsette som ufrivillig arbeider deltid i fylkeskommunen vere redusert frå 39 til 26. Ein reduksjon på 33 prosent.
7. Innan utgangen av 2017 skal informasjonsproduksjonen til fylkeskommunen formidle at fylkeskommunen er ein inkluderande arbeidsgjevar og tenestyar der dette er tenleg.

### Tiltak

For å nå det overordna målet og dei sju delmåla, skal fylkeskommunen i komande planperiode arbeide med følgjande tiltak:

### Tiltak overordna mål

For at fylkeskommunen også i neste planperiode skal tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i gjeldande lovkrav og for å nå det overordna målet må

1. kvar eining halde fram med å kartleggje, registrere, rapportere, setje i gang og evaluere likestillings-, likeverds- og mangfaldstiltak
2. fylkesrådmannen og fylkesdirektørane samle inn og samanfatte dei einingsvise rapportane og formidle dette i årsrapporten til fylkesrådmannen

Når ansvar og rapportering vert lagt til kvar eining og kvar sektor, vil fylkeskommunen samla kunne gi ei konkret og korrekt framstilling av tilhøva og likestillingsarbeidet i heile fylkeskommunen.

**Tiltak delmål 1**

Fylkesrådmannen skal ta stilling til om mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i nye regionale planar eller ved revisjon av eksisterande.

**Tiltak delmål 2**

Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredsstille aktivitets- og rapporteringspliki i tråd med diskrimineringslova om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).

**Tiltak delmål 3**

Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegele byrje å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.

**Tiltak delmål 4**

Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav om universell utforming.

**Tiltak delmål 5**

Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar.

**Tiltak delmål 6**

Innan utgangen av 2017 skal tal faste tilsette i fylkeskommunen, som ufrivillig arbeider deltid, vere redusert frå 39 til 26 personar, ein reduksjon på 33 prosent. Dette tiltaket må gjennomførast i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk og gjennom bruk av kompetansehevingstiltak.

**Organisatoriske tiltak jamfør § 2.3 i hovudtariffavtalen**

1. Ved ledige deltidsstillingar skal ein vurdere om dei kan slåast saman, eller om arbeidsoppgåvene kan overførast til tilsette i deltidsstillingar. Dersom det er fleire som er kvalifiserte, skal stillinga lysast ut internt.
2. Tilsvarande prosess skal gjerast ved ledige 100-prosentstillingar.
3. Om det oppstår behov som ikkje kan vente til utviklingssamtalen, skal tilsette som jobbar deltid melde frå til nærmeste leiar om dei ønskjer utviding av stillinga si.
4. Tilsette som har ytra ønske om utviding av stilling, og som ikkje tek i mot eventuelt tilbod frå arbeidsgjevar, vil ikkje bli prioritert ved seinare høve som kan vere aktuelle for utviding av stilling. Om det har oppstått spesielle private grunnar som gjer det vanskeleg å utvide stillingsprosenten, skal det takast omsyn til det.

**Kompetansehevingstiltak**

1. Gjennom utviklingssamtalen skal leiar kartlegge kven av dei tilsette med deltid som ønskjer å auka stillingsprosenten sin.
2. Kompetanseprofilen til den einskilde skal drøftast og avklarast mellom leiar og medarbeidar gjennom kompetanse- og opplæringssystemet vårt.
3. Den tilsette skal synleggjere kva kompetansehevingstiltak vedkomande ønskjer.
4. Tilsvarande skal leiar vurdere behovet for endra og/eller ny kompetanse ved eininga i eit perspektiv på minst tre år.
5. Kompetansebehovet til eininga skal sjåast i samanheng med ønska til dei tilsette.
6. Dersom det er nødvendig med kompetansehevingstiltak for at tilsette skal

kome i ein betre posisjon for utviding av stilling, skal det avtalast tiltak mellom leiar og medarbeidar. Dersom kompetansehevinga er innanfor det behovet som leiar har kartlagt ved eininga, skal det avtalast verkemiddel for at den tilsette skal kunne gjennomføre kompetansehevinga.

#### Tiltak delmål 7

1. Lage og implementere retningsliner for informasjonsproduksjonen i fylkeskommunen som støttar opp om målformuleringa i delmål 7.
2. Innan utgangen av 2017 skal heimesida til fylkeskommunen stette krava Direktorat for fornying og ikt har til universell utforming.

### LIKESTILLINGS-, LIKEVERDS- OG MANGFALDSARBEID I 2017

Handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfold er det overordna rammeverket for arbeidet vårt med likestilling, likeverd og mangfold. Det betyr at kvar eining og kvar sektor skal arbeide systematisk med likestilling, likeverd og mangfold når det gjeld ansvarsområda sine, men også støtte opp om tiltaka i den overordna handlingsplanen. Dei skal kartleggje, setje seg mål, setje i verk tiltak og evaluere arbeidet. Det gir lokalt eigarskap og mangfold i det samla arbeidet.

Ambisjonen er at medarbeidarane og brukarane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksamd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfold. I medarbeidarundersøkinga i 2016 var eitt av spørsmåla om dei tilsette opplever at fylkeskommunen legg vekt på likestilling, likeverd og mangfold for brukarar og tilsette. Dei tilsette er stort sett eller svært samde i påstanden om at fylkeskommunen er ei verksamd som prioriterer og verdset dette. Resultatet er marginalt betre enn i 2014. Vi er på det nivået vi ønskjer å vere.

Når det gjeld delmål 1 om at mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg, så gjer vi det. Døme på dette er

- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane, vedteken i 2014
- Regional plan for folkehelse, vedteken i 2015

I verdiskapingsplanen er samfunnsansvar og målet om 500 nye arbeidsplassar i året er ein premiss for alle satsingar. Likeverd og mangfold står sterkt, og aktivitetar baserte på sosial dumping vil ikkje bli prioriterte. Arbeidsinnvandrarar skal møte eit Sogn og Fjordane som syner godt vertskap.

Regional plan for folkehelse tek utgangspunkt i seks utfordringar i samfunnet, ei av dei er å styrke toleranse og inkludering. Det er med som gjennomgåande tema i dei fem satsingsområda i planen. Døme på dette:

1. Satsingsområde 2 om bummiljø og nærmiljø skal fremje:
  - a. bu- og nærmiljø der alle (på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn) kan delta
2. Satsingsområdet 3 om oppvekst skal fremje
  - a. god integrering av fleirkulturelle
  - b. gode levevanar og toleranse

I januar 2014 byrja diskrimineringslova om seksuell orientering å gjelde. Fylkeskommunen har så langt følgt opp delmål to med å ha kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk på programmet til den årlege leiersamlinga til fylkesrådmannen i 2014. Vi har også innarbeidd aktivitets- og rapporteringsplikta knytt til denne lova den overordna handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfold. I tillegg er tenestetilboda våre, til dømes på skulane og tannlegekontora, regulerte av blant anna opplæringslova, helsepersonellova og tannhelselova.

## TANNHELSEKRETÆRAR

Tannhelsetenesta har saman med Nav teke initiativ og starta utdanning for tannhelsesekretærar ved Firda vidaregåande skule. Med unntak av to elevar er alle framandspråklege. Alle tannklinikkar har informasjonsmateriell på fleire språk for å sikre at alle skal få vite om rettane sine og kva tilbod vi gjev.

I 2017 starta fylkeskommunen med å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus i Fylkesspegele, jamfør delmål tre. Der vert det publisert demografiske mangfaldsdata under temaet «Mangfald, likestilling og intergrering».

Arbeidet med å kartlegge eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav til universell utforming tok til i 2014. Våren 2015 blei kartlegginga avslutta, og resultata er samla i ein eigen rapport. Vi har i god tid nådd delmål fire.

Vi har ikkje klart målet om å ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom offentlege aktørar i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar. Det låg i februar 2017 føre ein rapport frå eit stort vestlandsprosjekt for arbeidsinnvandring. Denne rapporten gjev mellom anna nyttig kunnskap om informasjonsbehovet til arbeidsinnvandrarane, og korleis dei finn informasjon i dag. Vi tek sikte på å nytte kunnskapen frå den nye rapporten i samarbeidsprosjektet som nærings- og kulturavdelinga har teke på seg. Det vert no teke eit initiativ til samarbeid kring offentlege nettsider, og det vert arbeidd med å få til ei samling våren 2018.

Kommunikasjonskanalane våre stettar krava Direktorat for fornying og ikt (Difi) har til universell utforming. «Plan for informasjonsarbeid», «Brukarhandbok for nettstadar» og andre informasjonsrutinar sikar formidlinga av at fylkeskommunen er ein inkluderande arbeidsgjevar og tenesteytar, der dette er tenleg. Tiltaka til delmål 7 er gjennomført, og vi har nådd delmålet.

Når det gjeld tiltak seks, halvering av tilsette som arbeider ufrivillig deltid, så er det eit arbeid som må gjennomførast i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk<sup>2</sup>, nemnt i tiltak for delmål seks. I tillegg har vi også sidan 2010 gitt økonomisk bistand til tilsette som arbeider ufrivillig deltid og som ønskjer å ta utdanning, for å kvalifisere seg til fleire arbeidsoppgåver. Tiltaket blei i 2015 avvikla på grunn av liten etter-spurnad. Målsettinga til fylkeskommunen er ein reduksjon frå 39 til 26 innan 2017. I 2016 var det 39 fast tilsette som arbeidde uønskt deltid (32 kvinner og 7 menn), og vi var i rute med å nå målsettinga. Ved utgangen av 2017 var det 36 fast tilsette som arbeidde uønskt deltid, 27 kvinner og 9 menn, noko som utgjer 2,6 prosent av alle tilsette. Tal uønskt deltidstilsette har svinga mellom 30 og 40 over fleire år. Det ser ut til at det er vanskeleg å kome under 30 tilsette som arbeider uønskt deltid.

I tillegg til arbeidet med å nå dei overordna måla, gjer dei fylkeskommunale einingane eit systematisk arbeid lokalt. Det lokale arbeidet har i 2017 blant anna lagt vekt på

- å skape eit ope og inkluderande arbeidsmiljø
- fysisk tilrettelegging for tilsette, brukarar og elevar med nedsett funksjons-evne
- temadagar og arrangement om mobbing, vald, psykisk helse, kulturelt mangfald og rasisme
- vaksenopplæring for framandspråklege og internasjonale samarbeids-prosjekt
- at elevråd skal ha likestilling, likeverd og mangfald som tema i arbeidsplassane sine
- at likestilling, likeverd og mangfald blir drøfta i utviklingssamtalar mellom leiari og tilsette
- fredskorpsverksem
- lokalt oppfølgingsarbeid i etterkant av elev- og medarbeidarundersøkinga gjort i 2014
- psykisk helse som tema på leiarsamlinga til fylkesrådmannen i 2016
- utjamning av lønnskilnaden mellom kvinner og menn
- seminar om migrasjon, kunst og integrering

<sup>2</sup> Arbeidsmiljølova § 14.3 og hovudtariffavtalen sin § 2.3.



Foto: Andreas Nygjerd

## PRIS TIL FIRDA VIDAREGÅANDE

Firda vidaregåande skule fekk i 2017 H.M. Dronning Sonja sin skulepris for arbeidet med likeverd, inkludering og relasjonsbygging. I grunngjevinga for prisen skriv juryleiar Inga Bostad: «Firda vidaregåande skule skil seg ut med ei gjennomtenkt tilnærming til inkludering og relasjonsbygging gjennom sitt langvarige arbeid for å sjå heilskapen rundt elevane. Skulen arbeider for dialog som ein grunnleggjande verdi i alt dei gjer, nytta systematiske skulevurderingar i lag med elevar og skuleeigar, og skil seg ut ved sitt samarbeid med fylket, kommunen og lokalmiljøet. Det gir håp for framtida. Firda vidaregåande skule er ein rollemodell for andre skular som ikkje er fullt så modige, og som ikkje har ein fullt så modig fylkeskommune i ryggen».

## MÅLEKART MEDARBEIDAR OG ORGANISASJON

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Medarbeidar og organisasjon (M)			
M1 Medarbeidarar opplever arbeidet som utfordrande og meiningsfullt.	M1.1 Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet.	M1.1-1 Minst 86 poeng i gjennomsnitt av 100 moglege.	Skåren er 80,5. Referansane våre i offentleg sektor syner at vi ligg i normalområdet
M2 Medarbeidarar opplever at arbeidet stimulerer til læring.	M2.1 Medarbeidarundersøking: Opplevd eigen- og leiarsvurdering.	M2.1-1 Minst 56 poeng i gjennomsnitt av 100 moglege.	Skåren i 2016 var på 57. Gjennomsnittskåre i normalgrunnlaget for 2016 var på ca. 60-61.
M3 Sjukefråværet i Sogn og Fjordane fylkeskommune er lågt og stabilt.	M3.1 Registrerte data.	M3.1-1 Sjukefråvær på maksimalt fem prosent i gjennomsnitt. Fråveret er sett lik stabiliseringsmålet i IA-avtalen vi har med NAV.	Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2017 var på 5,1 prosent
M4 Medarbeidarar opplever leiарane som støttande, motiverande, utviklende og rettferdige.	M4.1 Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet.	M4.1-1 Minst 78 poeng i gjennomsnitt av 100 moglege.	Skåren er 75. Referansane i offentleg sektor syner at vi ligg i normalområdet.
M5 Fylkeskommunen har som arbeidsgjevar godt omdøme og trekker til seg sterke søkerar.	M5.1 Registrert søknadsinngang.	M5.1-1 Positiv utvikling over tid.	Det var 454 søkerarar til 26 utlyste stillingar i sentraladministrasjonen i 2017

# FORVALTNINGSREVISJON OG INTERNKONTROLL

## FORVALTNINGSREVISJON - STATUS

Fylkestinget handsamar forvaltningsrevisjonsrapportane fra kontrollutvalet (KU). Følgende prosjekt vart sluttførte i 2017:

- Tryggleik og beredskap (FT-sak 7/14)
- Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport (FT-sak 13/15)
- Fylkesarkivet (FT-sak 3/15)
- Vedlikehald og inneklima (FT-sak 12/16)

Fylkesrådmannen meiner administrasjonen arbeider godt med desse sakene.

Ved utgangen av året er det slik status for gjennomføring av fylkestingsvedtak på revisjonar der det er restansar (revisjonar som enno ikkje er sende til fylkestinget, er ikkje omfatta av dette oversynet):

Revisjon	Vedtak	Gjennomført 2017	Restanse
Kulturminne-forvaltninga	FT-sak 10/17	Gamle malar er oppdaterte, og nye malar er utvikla (jamfør punkta 2b og 2c i FT-sak 10/17).	Rapport på utført oppfølging og gjennomføring av kulturminne av regional verdi (punkt 2a i FT-sak 10/17) vil bli utført i 2018/2019, i samsvar med vedtak i FU-sak 83/17.
Arkiv og offentlegheit	FT-sak 15/17	Alle punkta i vedtaket i FT-sak 15/17 er gjennomførte. Mellom anna er det laga ein heilt ny og nettbasert arkivplan, som gjeld for heile Sogn og Fjordane fylkeskommune.	KU får fylkesrådmannen sin oppfølgingsrapport per 31. desember 2017 til handaming i møte 27. februar 2018.

Tabell 43

## OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

Fylkeskommunen har etablert slike rutinar for rapportering av avvik når det gjeld gjennomføring av politiske vedtak:

- Fylkesrådmannen rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget i årsrapporten.
- Fylkesdirektørane rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvala i årsmeldingane. Etter at årsmeldingane for hovudutvala er avvikla gir fylkeskommunen ei samla avviksrapportering her.

Fylkesrådmannen har ikkje avvik av betydning i vedtak gjort i fylkesutval eller fylkesting i 2017.

## INTERNKONTROLL

---

I perioden 2012–2014 risikovurderte fylkeskommunen ei rekke ulike arbeidsområde som ledd i internkontrollen. Frå 2015 og vidare i 2016 spissa fylkesrådmannen internkontrollarbeidet inn mot omstillingsprosjektet SFJ2019, dvs. utgrieing av tiltak på tvers av sektorene og gjennomføring av vedtekne tiltak innanfor den enkelte sektor. I 2016 utarbeidde vi også eit revisert delegeringsreglement, noko som også er ein del av internkontrollsystemet.

I 2017 har fylkesrådmannen veklagt arbeidet med oppfølging av dei to forvaltningsrevisjonane nemnd ovanfor. Særleg forvaltningsrevisjon Arkiv og offentlegheit er tett knytt til internkontrollsystemet, fordi tiltak etter denne revisjonen grip inn i grunnleggande prinsipp for korleis heile verksemda handterer dokument. Arbeidet held fram inn i 2018 gjennom ulike opplæringstiltak.

Fylkesrådmannen har ikkje fått meldt inn særlege risikoområde for utgrieing innanfor internkontrollsystemet frå avdelingane.



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)